

Askvoll kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 27.08.2015

Møtestad: Askvoll kommunehus, møterom 2. etg.

Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, revisor i sakene 020-021/15, rådmann i sak 020/15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no

Audhild Ragni Vie Alme, telfon: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
018/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/15	Skriv og meldingar 3-2015
020/15	Forvaltningsrevisjonsrapport - Sjølvkostberekningar på VA-sektoren
021/15	Tinging av overordna analyse
022/15	Budsjett for kontrollutvalet i Askvoll 2016
023/15	Oppfølgingsliste 3-2015
024/15	Eventuelt

Med helsing

Jorunn Ringstad
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 018/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/389
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 019/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/269
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 3-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	28.05.2015	Årsrapport og årsrekneskap for 2014 for KRYSS Revisjon	15/1090
2	28.04.2015	Revisjonsmelding 2014 Askvoll sokn	15/1102
3	21.07.2015	KOM-035/15 Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet, handsama 24.6.2015	15/1259
4	21.07.2015	KOM-036/15 Reglement for kontrollutvalet i Askvoll, handsama 24.6.2015	15/1258
5	21.07.2015	KOM-037/15 Tilrettelegging for funksjonshemma - godkjenning av investeringsrekneskap, handsama 24.6.2015	15/1260
6	21.07.2015	KOM-038/15 IKT Skular - godkjenning av prosjektrekneskap, handsama 24.6.2015	15/1261
7	21.07.2015	KOM-039/15 Årsrekneskapen for 2014, handsama 24.6.2015	15/1262
8	21.07.2015	KOM-040/15 Årsrapport 2014, handsama 24.6.2015	15/1263
9	21.07.2015	KOM-041/15 1.tertialrapport 2015 med budsjettendring, handsama 24.6.2015	15/1264

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Fra: Terje Førde
Sendt: 28. mai 2015 13:07
Til: Sekom postmottak; Arnar Helgheim; Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Årsrapport og Årsrekenskap for 2014 for KRYSS Revisjon
Vedlegg: Årsrapport 2014 for KRYSS Revisjon, signert og vedteke 270515.pdf;
Årsrekenskap KRYSS Revisjon 2014 m noteopplysningar og
revisjonsberetning.pdf

Hei !

Samstyret i KRYSS Revisjon hadde møte i Hyllestad i går, der både 'Årsrapporten for 2014' og 'Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014' var til handsaming og vart vedteke slik dei følgjer med her. Eg legg ved desse dokumenta i to separate pdf.filer, i signert stand.

Retningslinjene innad i revisjonssamarbeidet tilseier at desse dokumenta skal oversendast til eigarkommunane ved både Kontrollutvala og Kommunestyra/Bystyra.

Vi tør derfor be om at desse dokumenta vert førelagt Kontrollutvala som orienterings-/referatsak (skriv og melding) i dei komande KU-møter for dei 11 respektive eigar-/deltakarkommunar som inngår i vårt virke.

Skulle det vere spørsmål til årsrapporten og/eller årsrekneskapen kan De ta kontakt med underteikna eller

Styreleiar Trygve Jacobsen, tlf 57 63 74 09, evt. mobil 41 53 07 30, eller e-post: trygve.jacobsen@sfi.no
<<mailto:trygve.jacobsen@sfi.no>>

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no <<mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no>>



Samstyremedlemmane i KRYSS Revisjon
Eigarkommunane i KRYSS Revisjon

Dykkar ref.:

Årsrekneskapen 31.12.2014

Vår ref.:

F:\rekneskap2014\Årsrapport2014\tf15

Arkivkode:

210&14

Journalnr.:

014 / 2015

Dokumentdato:

25. februar 2015

ÅRSRAPPORT 2014 for

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;

- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

1. ORGANISERING

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til *KRYSS Revisjon*) vart etablert 01.01.2005. Revisjonssamarbeidet er organisert etter Kommunelova § 27, som interkommunalt samarbeid, med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar; *Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund*. Det er vedteke eigen samarbeidsavtale og det er oppretta og vedteke egne vedtekter, samt fleire reglement for driftinga av revisjonssamarbeidet. Samarbeidsavtalen har 12 månaders oppseingstid, og samarbeidsavtalen gjeld fram til den eventuelt blir sagt opp av ein av partane. Alle eigarkommunane har eit gjensidig ansvar for revisjonssamarbeidet.

KRYSS Revisjon er deltakarkommunane (eigarkommunane) si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt, og på kommunal forvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafor regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.

Revisjonssamarbeidet kan tilby følgjande tenester til kommunane/oppdragar :

- Rekneskapsrevisjon
- Reell og formell forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll og eigarskapskontroll
- Overordna analyse
- Særattestasjonsordningar/Attestasjonsoppdrag
- Rådgjevingstenester innafor
 - Kommunalt rekneskap og kommunal/offentleg økonomi
 - Kommunal og interkommunal (offentleg) forvaltning
 - Interkommunalt samarbeid (IKS-lovverket m/forskrifter)
 - Kommunale føretak og særbedrifter
 - Kyrkjelege fellelråd, sokneråd, stiftingar og legat
 - Finansforvaltning
 - Sosialtenesta/Kommunehelsetenesta m/klientrekneskap i institusjon og PU
 - Overformynderi, verge-/hjelpesvergerekneskap (Vergemålslova)
 - NAV, Samhandlingsreformen, interkommunale samarbeid, ..
 - Hamnevesen, Hamne- og farvannslova, kommunalt og interkommunalt
 - Spelemiddelrekneskap og anna tilskotsformidling
 - Prosjektrekneskap/Byggjerekneskap m/Lov om offentlege anskaffelsar
 - Tilskotsrapportering, øyremerka midlar, særlovgevinga
 - Meirverdiavgiftregelverk (meirverdiavgiftslova)
 - Momskompensasjonsregelverk (momskompensasjonslovverket)
 - Offentlege/Kommunale refusjonsordningar, m.v.; særlovgevinga, etc.
 - Administrative interne kontrollfunksjonar og tilsynsordningar

1.1 Styrande organ:

KRYSS Revisjon vert leia av eit styre, med nemninga *Samstyret*. Samstyret består av 11 representantar; ein frå kvar av deltakar-/eigarkommunane, der kvar representant har ei stemme. Oppgåvene til Samstyret går fram av *vedtektene* for revisjonssamarbeidet. I tillegg er det vedteke ein eigen instruks for Samstyret sitt virke.

Samstyret har i 2014 vore samansett slik:

Faste medlemmar i Samstyret:

Trygve Jacobsen, Førde kommune, Styreleiar
 Jorunn Ringstad, Askvoll kommune, Nestleiar
 Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger kommune, Medlem
 Geir Tessem, Fjaler kommune, Medlem
 Tore Jakob Madsen, Flora kommune, Medlem
 Kari Birkeland, Gaular kommune, Medlem
 Jenny Norunn Nordal, Gulen kommune, Medlem
 Unni Systaddal, Hyllestad kommune, Medlem
 Audun Høyvik, Jølster kommune, Medlem
 Øystein Djupvik, Naustdal kommune, Medlem
 Birger Hjønnvåg, Solund kommune, Medlem

Personlege vararepresentantar:

Norunn Ulvedal
 Ruben Fedøy
 Kjartan Wiik
 Johnny Haugsbakk
 Vidar Grønnevik
 Kjerstin Haugsbø
 Lars Atle Larsen
 Frode Akse
 Johannes Juklestad
 Viggo Leikanger
 Anne Kari Reigstad

Det er oppretta eit eige *Arbeidsutval* på 5 medlemmar. Arbeidsutvalet har i 2014 vore samansett slik:

Styreleiar Trygve Jacobsen, Førde
Nestleiar Jorunn Ringstad, Askvoll
Medlem Kari Birkeland, Gaular
Medlem Tore Jakob Madsen, Flora
Medlem Birger Hjønnvåg, Solund

Varerepresentantar (rekkefølge):
 1. Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger
 2. Unni Systaddal, Hyllestad
 3. Jenny Norunn Nordal, Gulen

Funksjonstida til dei valde representantane er samsvarande med kommunevalperioden. Det er Samstyret sjølv som avgjer Arbeidsutvalet si samansetting.

1.2 Rekneskapsfører og Revisor:

Rekneskapen til KRYSS Revisjon vert ført innafør Førde kommune sin programvare. Fagansvarleg for rekneskapen er *rekneskapsjef* Terje Guddal i Førde kommune. Rekneskapen vert revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/revisjonssjef Markvard Sunde, Stryn.

1.3 Administrativ organisering:

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – er organisert etter ein desentralisert organisasjonsmodell med 3 regionskontor. Organisasjonsstrukturen inneber eitt regionskontor i Hyllestad kommune (Kommunehuset i Hyllestad), eit regionskontor i Flora kommune (2. etg. i Strandgt. 43 i Florø), og hovudkontor i Førde (stasjonert i 3. etg. i Førde Rådhus i Førde). Dagleg leiar/revisjonssjefen opererer innafør heile regionen, og er for det meste å treffe på kontora i Førde og Flora.

2. DRIFTA I 2014 – Det tiande driftsåret for KRYSS Revisjon

2.1 Bemanningssituasjon :

KRYSS Revisjon har hatt ei bemanningsplan på 7,5 årsverk, fordelt på 8 medarbeidarar sidan starten i 2005. Samstyret utvida dette til 8 årsverk i 2013, og KRYSS Revisjon har hatt full bemanning i heile driftsåret 2014. Verksemda ser ut til å ha funne si form med oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting, men der einskilte stillingsheimlar over tid har vore hardt belasta arbeidsmessig. Med omsyn til tal oppdrag og arbeidsoppgåver elles må ein stadig vurdere oppgåveomfanget og ansvarsfordeling medarbeidarane imellom. Ei viss omlegging er gjort i 2014 medarbeidarane imellom. Verksemda er sårbar ved sjukefråvær og vakansar i stillingar. Fråværet er svært lågt i verksemda også i 2014.

Det ligg utfordringar i det omfang og dei oppgåver som kjem frå kommunane sine kontrollutval når det gjeld bestillingar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette vil det alltid måtte vere eit sterkt fokus på, og det må seiest at vi i 2014 har fått til ein god dialog og eit godt samarbeid med kontrollutvala og kontrollutvalssekretariatet på dette. Sameleis må vi vurdere ressursane når arbeidsoppgåver og oppdrag fell ifrå (ref. overformynderia), på same måten som når nye oppdrag er aktuelle å ta opp i portefølgjen, eller når sentrale myndigheiter gjennom nye regelverk initierer nye oppgåver som vert lagt til den kommunale revisjon (særattestasjonsoppgåver, samhandlingsreformen, osv.).

2.2 Dagleg leiar-rolla:

Dagleg leiar førestår sekretariatetsfunksjonen for dei styrande organ i KRYSS Revisjon. Han er revisjonssamarbeidet sin administrasjonssjef og i tillegg er han verksemda sin revisjonssjef, som har det overordna, revisjonsfaglege ansvaret. Han nyttar delar av si arbeidstid til overordna revisjonsplanlegging med rullering, oppdatering, oppfølging og implementering av den praktiske revisjonsmetodikk. I 2014 har ein gått til anskaffelse av nytt revisjonsverktøy, *Descartes*. Dette stiller einkvar medarbeidar overfor nye utfordringar i det daglege arbeidet. På sikt skal dette effektivisere og rasjonalisere det praktiske revisjonsarbeide på fleire felt, samstundes som arbeidet vert kvalitetssikra på ein betre måte.

Forutan leiing og administrering av den daglege drifta av verksemda, har dagleg leiar ei operativ rolle innafør finansiell revisjon. Rådgjevingstenestene frå dagleg leiar og det øvrige personalet er etterspurt og etter kvart blitt både mangfoldig og omfangsrikt, og femnar ikkje berre dei 11 deltakarkommunane, men eit fagleg mangfald innafør mange regelverk, for heile oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon.

Dagleg leiar og dei øvrige medarbeidarane søkjer å ha nærheit til den reviderte, ved å vere til stades i og kommunikasjon med kommunane og oppdraga gjennom møter, samtaler og dialog. I løpet av året er det mange møter med ulike nivå i kommuneadministrasjonen; heri rådmannen og sentralstaben, og kontrollutvala. Møteplikta i kommunestyra/bystyra og kontrollutvala blir etter vår oppfatning også ivareteke på ein god måte. Tilbakemeldingane frå eigarane er eintydig gode.

2.3 Revisjons- og rådgjevingstenestene, ekstern kvalitetskontroll :

Den eksterne kvalitetskontrollen har saman med fagleg oppdatering og eit stort engasjement frå alle tilsette bidrege til nytenking og nyskaping i måtar å løyse revisjonsoppgåvene på. Det er fokus på stadig å bli betre og for å etterleve etterutdannings- og fagleg ajourhold-kravet til einkvar medarbeidar. Det er lagt vekt på fagsamlingar, arbeidsmøter, personalmøter og faglege oppdateringar, der alle medarbeidarane tek del. Teamarbeid er eit nøkkelord og ein styrke, som det vil måtte vere fokus på framover også. Dette samarbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess og ei styrking av KRYSS Revisjon si *merkevarebygging*. Dei tilsette set stor pris på *styreleiar sitt engasjement* i dette arbeidet.

KRYSS Revisjon skal framstå som eigarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på kommunal forvaltning, og som i tillegg til å sikre nærleik til fagmiljø, også skal ivareta og sikre kommunane sin tilgang til denne. Dette inneber at KRYSS Revisjon til eikvar tid skal yte dei tenester som kommunane etterspør, til ein stabil, forutsigbar og konkurransedyktig pris, med eit forholdsvis langsiktig og økonomisk stabilt perspektiv. Det er vår oppfatning at KRYSS Revisjon nyter stor respekt og tillit i dette både frå kommunane og dei andre oppdraga.

KRYSS Revisjon er underlagt *ekstern kvalitetskontroll* av *ekstern tilsynsmyndighet*; både for det som gjeld utøvinga av *finansiell revisjon* og *forvaltningsrevisjon*. Kontrollar viser at kommunerevisjonen i all hovudsak driv i samsvar med *internasjonale revisjonsstandarder* og innafor *god revisorskikk* og *god kommunal revisjonsskikk*. Rapportar frå ekstern kvalitetskontroll blir førelagt dei styrande organ, og som ein del av tilsynsfunksjonen til det einskilte kontrollutval overfor kommunerevisjonen sitt arbeid og virke, vert desse rapportane også førelagt kommunane sine kontrollutval.

2.4 Møteaktivitet, saker, m.v. :

Det er i 2014 halde 2 møter i Samstyret og 2 møter i Arbeidsutvalet. Det er handsama 15 saker i Samstyret og 10 saker i Arbeidsutvalet. Vi nemner her saker kring økonomiske perioderapporteringar, årsrapport, saker kring rekneskapsrapportar, årsrekneskap og årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan, mål og strategiplan, opplæringsplan, tariffoppgjeret, lønspolitisk utviklingsplan, anskaffelse av ny programvare/revisjonsverktøy, møteplaner, m.v.

Vi nemner her nokre av dei sentrale styringsdokument som er vedtekne av Samstyret :

- ✕ Mål og strategiplan for KRYSS Revisjon
- ✕ Økonomi- og handlingsplan
- ✕ Økonomireglement
- ✕ Godtgjerdslereglement
- ✕ Opplæringsplan
- ✕ Arbeidsreglement
- ✕ Tilsettingsreglement
- ✕ Instruks for Samstyret
- ✕ Instruks for dagleg leiar
- ✕ Lønspolitisk utviklingsplan

Møtestadane har rullert mellom kontorstadane, Førde, Hyllestad og Florø. Dagleg leiar fungerer som møtesekretær før, under og etter møta.

2.5 Produksjonsresultat og økonomisk/rekneskapsmessig resultat for 2014:

2.5.1 Produksjon av revisjonstenester, forvaltningsrevisjon, m.v.:

Alle rekneskaper, og alle særattestasjonsoppgåver, er handsama av revisjonen *utan ugrunna opphald*, og det er vår oppfatning at einkvar revisormedarbeidar har strekt seg langt overfor kommunane og oppdraga elles, for å etterleve dei eksterne fristar som har vore sett, når fristane har vore korte og arbeidsmengda har vore stor.

Dei målsettingar som er forankra i mål og strategiplanen er i all hovudsak nådd i løpet av driftsåret. Det er KRYSS Revisjon si oppfatning at kommunane er godt nøgde med dei revisjons- og rådgjevingstenester og dei forvaltningsrevisjonsrapportar som er levert i 2014. Tilbakemeldingane frå kommunane har vore positive i forhold til det som er levert.

Vi meiner det er riktig å peike på det forventningsgap ein over tid har opplevd mellom det omfang av forvaltningsrevisjonar som har vore bestilt og det som har vore mogleg å levere innafor tidsplan og det rammeverk (ressursar) som er lagt i budsjetta. I løpet av 2014 har ein fått til eit tettare dialog og betra kommunikasjon med kontrollutvala og kontrollutvalsekretariatet som skal bidra i positiv lei framover med omsyn til nye bestillingar og konkretiseringar kring forvaltningsrevisjonsoppgåver framover.

2.5.2 Økonomisk/rekneskapsmessig resultat, m.v.:

Rekneskapen for 2014 balanserer med kr. 9.000.570,32. Det må her takast omsyn til kompensérbar moms med kr. 197.348,21 og avsetning av tidlegare års mindreforbruk gjennom interne finansierings-transaksjonar med kr. 573.365,05.

Årsrekneskapen for 2014 er gjort opp med eit *reelt meirforbruk* på kr. 383.571,06, og dette er dekkja i 2014-rekneskapen ved at tilsvarende beløp er inntektsført som bruk av tidlegare års avsetningar (bruk av disposisjonsfondet). Det vert i den samanheng vist til sak førelagt Samstyret i møte den 15.10.14, sak 12/2014, der det vart gjort vedtak om at eit meirforbruk i 2014 skulle dekkast av avsette midlar. Dette vart mogleggjort ved at Samstyret avsette mindreforbruket i 2013. Årets rekneskap viser at dette var nødvendig. KRYSS Revisjon blei såleis sett i stand til sjølv å dekke meirforbruket i 2014 innafor eige rekneskap. Dette er nærmare beskrive i noteopplysningane til årsrekneskapen. Årsaka til meirforbruket i 2014 vart det gjort greie for i eigen sak til Arbeidsutvalet og Samstyret hausten 2014. Det største meirforbruket skriv seg frå auke i pensjonskostnadene, auke i arbeidsgjevaravgifta, innkjøp av nytt datautstyr, nytt revisjonsverktøy og kursing/fagleg oppdatering. I 2014 er telefonisystemet også omlagt for alle medarbeidarane, i tillegg til at alle datamaskiner er skifta ut pga utdatert programvare og kapasitet. Noteopplysningar til årsrekneskapen gjer nærmare greie for meir detaljar i dette. Ein viser elles til dei spesifiserte utskriftene frå årsrekneskapen for 2014 og dei vedlegg som følgjer den. Den kommunevise spesifikasjonen av revisjonshonorara for 2014 går fram av eigen Note 16 til årsrekneskapen, og samsvarar fullt ut med budsjettet for 2014. I Note 15 til årsrekneskapen har dagleg leiar gjort greie for korleis kommunane sin andel i restmidlar på avsette midlar (disposisjonsfondet) fordeler seg på eigarkommunane. Desse forholda er tekne inn i saksframstillinga i eigen sak som blir førelagt Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga for 2014.

2.5.3 Direkte ressursbruk overfor deltakarkommunane i 2014:

I forhold til budsjett og bemanningsplan har ein for første gong på mange år hatt full bemanning i alle stillingsheimlane, heile året; både innafor forvaltningsrevisjon (2 årsverk) og innafor finansiell revisjon (6 årsverk, inkl. dagleg drift). Gjennom året er det registrert kun mindre og kortare sjukefråvær. Verksemda har i all hovudsak gjennomført dei revisjons- og rådgjevingstenester som har vore etterspurde og nødvendige, og som i hovudsak er i tråd med planverket for året. Ressursbruken overfor kommunane er teke inn i saka kring årsrekneskapen for 2014. Dette er i tråd med vedtektene. I gjennomsnitt - med fråtrekk av lovfesta ferie, bevegelege helligdagar, interntid, reisetid, fellestid, kurs m.v. - vil 8 årsverk i operativ drift kunne gje ca 11000 timar. Dette må sjåast på som mogleg fakturérbar tid. Prosentfordelinga går fram av tabellen nedanfor; jamfør det som er nemnt i note til rekneskapen. Det er marginale (minimale) endringar i forhold til fordelinga for 2013 og det som låg inne i budsjettdokumentet for 2014. Note 16 viser belastningane og ressursbruken på eigarkommunane.

Det står respekt av det arbeidet som er nedlagt frå einkvar medarbeidar i revisjonssamarbeidet gjennom året, der alle oppdrag har fått sine tenester på alle vis til det omfang og den kvalitet som dei skal kunne forvente.

Tabell A: Ressursfordelinga overfor deltakarkommunane, - %andel for kvar kommune:

Kommune:	Askvoll	Brem	Fjaler	Flora	Førde	Gaular	Gulen	Hyllest	Jølster	Naustd	Solund	Sum
%-andel	8,111	9,950	9,934	11,072	11,401	9,041	9,852	8,003	8,793	7,180	6,663	100,00

Tabellen over inngår i berekningsgrunnlaget for oppgjeret med kommunane; jamfør note 15 og 16 til rekneskapen. (Det må her også takast omsyn til at kommunane Bremanger og Flora har fleire kommunale føretak/særbedrifter kvar; (som blir fakturert direkte etter registrert timeforbruk av revisjons- og rådgjevingstenester i året). Det må takast omsyn til dette når ein samanliknar med andre kommunar for 2014. Forvaltningsrevisjon og alle særattestasjonar og særskilde revisjonsuttaler til særrekneskap, spelemiddelrekneskap, tilskotsformidlingsrapporteringar, m.v., er inklusive i bruttofordelinga.

3. UTØVINGA AV REVISJONSARBEIDET

I etableringsdokumentet for revisjonssamarbeidet står det at kommunen skal ha ein revisjon som har *nærheit* til kommunen, *hyppige besøk* i kommunen, og at ein skal vere *lett tilgjengelege* for brukarane av dei kommunale revisjons- og rådgjevingstenester. I det daglege prøver dei tilsette å ha tett og god dialog med den reviderte, samstundes som det vert vektlagt å ha god internkommunikasjon/-dialog revisormedarbeidarane imellom.

I tillegg til kommunane sine rekneskap, omfattar revisjonssamarbeidet revisjon og rådgjeving overfor dei kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale samarbeid (IKS og § 27-samarbeid), kyrkjelege fellesråd, sokneråd, klient-/ pasientmiddelrekneskap ved institusjonane/PU-omsorga i kommunane, stiftingar, legat, fonds, m.v., som deltakarkommunane er involverte i.

Forutan den tradisjonelle finansielle revisjon (stadfesting av økonomisk informasjon) omfattar det løpande revisjonsarbeid ei rekke særattestasjonsordningar som i sum krev mykje ressursar. Vi nemner her spesielt momskompensasjonsregimet, som krev at det skal utførast særattestasjon for alle refusjonskrav for alle kommunar/verksemdar, som inngår i momskompensasjonsordninga. Slike krav vert normalt framsett 6 gonger i året (annankvar månad), og revisor innestår for at dei framsette krav ikkje inneheld vesentlege feil. Vi nemner her også særattestasjonsordninga kring *særleg ressurskrevjande brukarar* i kommunane, *særuttaler kring antal PU-klientar, spelemiddelrekneskap*, og andre *økonomirapporteringar* i høve *tilskotsformidling/økonomitilsagn*, m.v., som krev revisorattestasjon på rapporteringane. Forvaltningsrevisjon er omfangsrikt og har eit mangfald som over tid har kravd større ressursar enn kva vedtekne budsjett har gjev rom for, og kva som har vore planlagt på budsjettstadiet. Dette er eit ansvar som delvis også kviler på bestillarrolla; først og fremst ved kontrollutvala og deira sekretariat. Det er avsett to årsverk til forvaltningsrevisjon/-kontroll i KRYSS Revisjon.

Den kommunale revisjon er forankra i Kommuneleva av 25.09.92, med seinare endringar, Kap. 12, §§ 77 -78. Det ligg føre eigen *forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar* av 15.06.2004, som stiller klare krav til revisjonen sine oppgåver og ansvar. Det er lovpålagt årlege krav til etterutdanning og fagleg ajourhold for å kunne opptre i den offentlege/ kommunale revisjon. Det er stilt spesiell krav til den overordna revisjonsfaglege ansvarlege; dvs. dagleg leiar/revisjonssjefen. Desse krava er absolutte både for revisormedarbeidaren og revisjonssjefen. Det er vedteken eigen opplæringsplan som stettar krava til fagleg ajourhold for einkvar revisormedarbeidarane i KRYSS Revisjon sitt virke. Av dette følgjer også at det vil ligge inne årlege budsjettløyvingar i revisjonssamarbeidet sine årsbudsjett til dette lov- og forskriftskravet.

4. ANDRE FORHOLD

Likestilling:

Revisjonssamarbeidet har ivareteke likestillingskravet på tilfredsstillande vis når det gjeld tilsettingsforholda. Ved utgangen av driftsåret er det tilsett 4 mannlege og 4 kvinnelege medarbeidarar, alle i 100 % stilling (= 8 årsverk).

Deltakarkommunane har, kvar for seg, valgt representantar til Samstyret. Av dei 11 representantane i Samstyret er 6 menn og 5 kvinner. Ser ein på lista over vararepresentantar er forholdet 3 kvinner og 8 menn. Samstyret har valgt Arbeidsutval, som består av 3 menn og 2 kvinner, med 3 kvinner som vararepresentantar.

Skadar/ Sjukefråvær:

Det har ikkje vore skadar eller ulukker i 2014. Sjukefråværet er svært lågt. Kun sporadiske, kortare sjuk-domsfråvær er registrert i 2014, der alt fråvær er innafør eigenmeldingssystemet. Det er såleis ikkje motteke sjukepengerefusjonar; noko også rekneskapen for 2014 gjenspeiler.

Ved inngangen til året var ein medarbeidar ute i permisjon, der det frå årsskiftet var føreteke tilsetting i vikariatet. Den fast tilsette sa opp stillinga si før permisjonstida var ute, for å gå over i controllerfunksjon i ein av eigarkommunane. Den som var inne i vikariatet, vart fast tilsett i stillinga som forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon frå og med 01.09.2014.

Fagleg ajourhold:

Fagleg ajourhold er i stor grad utført i samsvar med ønskjer frå den/dei tilsette, innafør dei prioriteringar som ligg i vedteke budsjett for året, og elles i samsvar med vedteken opplæringsplan for KRYSS Revisjon. Opplæringsplanen blir rullert årleg og samsvarar med økonomien til dette i kvart års årsbudsjett. Året 2014 viser at dei tilsette tilfredsstiller dei krav som er stilt til det årleg faglege ajourhold. I 2014 har ein hatt fagleg ajourhold også overfor to nyttilsette, slik at det er 8 stillingsheimlar som legg beslag på budsjettet til fagleg ajourhold og reiser i den samanheng. Det er noko av forklaringa på at budsjettposten er overskride med ca kr. 67.000,- i 2014. Noteopplysningar til årsrekneskapen gjev nærmare greie for dette.

Representasjon:

Norges Kommunerevisorforbund:

Verksemda har bedriftsmedlemskap i *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF). NKRF er den faglege instansen som offentlig revisjon i Norge; heri kommunerevisjonen, sorterer inn under. Alle tilsette i KRYSS Revisjon har obligatorisk medlemskap i NKRF.

KRYSS Revisjon har ei bedriftsstemme, og kvar av dei tilsette har ei stemme kvar (personstemme) ved deltaking på NKRF sitt årlege Årsmøte. Alle tilsette og einskilde styremedlemmar har abonnement på NKRF's fagtidsskrift "*Kommunerevisoren*".

Kari Sygna er tillitsvald/tilsettere representant i KRYSS Revisjon. Sidan våren 2010 har dagleg leiar i KRYSS Revisjon, Terje Førde, vore innvald i fylkestyret for NKRF avd. Sogn og Fjordane. Han har også vore nytta som foredragsholdar på ulike konferansar; bl.a. økonominettverket i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og på andre fagsamlingar kring kommunalt rekneskap/økonomi og revisjon, samt folkevaldopplæringane i fylket.

KRYSS Revisjon er medlem i *KS Bedrift*. Dette er *Kommunenenes Sentralforbund* sin bedriftsorganisasjon; som bl.a. bistår dei styrande organ og dagleg leiing i KRYSS Revisjon arbeidsgjevarrolla i forhold til løns- og personalspørsmål, m.v. KS Bedrift er også ein faginstans som gjev råd og rettleiing innafør økonomi, jus, løn/personal, m.m., og som er nytta ein del (KS Advokatane) innafør både administrasjon/drift av verksemda, og fagområder i den kommunale forvaltninga, samt i problemstillingar og spørsmål innafør intern kontroll, kommunal økonomi, finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon, m.m.

Underskrifter:**Til underskrift:**


**Vi godkjenner med dette
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord
- KRYSS Revisjon -
sin Årsmelding
for 2014.**

Stad: Førde


Dato: 31. desember 2014
25. februar 2015

for
(Handsama av Arbeidsutvalet
i møte den 15. april 2015 -
Endeleg vedtak i Samstyret
i møte 27. mai 2015)


Trygve Jacobsen (sign):
Styreleiar (Førde kommune)



Jorunn Ringstad (sign):
Nestleiar (Askvoll kommune)




Unni Systaddal (sign):
Medlem (Hyllestad kommune)




Charlotte Melvær Skjølberg (sign):
Medlem (Bremanger kommune)


Geir Magne Tessem (sign):
Medlem (Fjaler kommune)



Tore Jakob Madsen (sign):
Medlem (Flora kommune)




Kari Birkeland (sign):
Medlem (Gaular kommune)



Jenny Norunn Nordal (sign.):
Medlem (Gulen kommune)

Audun Høyvik (sign.):
Medlem (Jølster kommune)



Øystein Djupvik (sign.):
Medlem (Naustdal kommune)

Birger Hjønnvåg (sign.):
Medlem (Solund kommune)



Terje Førde (sign.)
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Dykkar ref.:

Rekneskap 31.12.2014

Vår ref.:

F:\Rekneskap\Årsrekneskap2014\tf15

Arkivkode:

210&14

Journalnr.:

012 / 2015

Dokumentdato:

17. februar 2015

ÅRSREKNESKAPEN

2014

for

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Driftsrekneskap Kryss Revisjon 2014					
	Rekneskapsskjema 1 Driftsrekneskapen	Rekneskap 2014	Reg.budsj.	Oppr.budsj.	Rekneskap 2013
	Inntekter				
1 600-659	Aktivitetar, tiltak	-106 500,00	-140 000,00	-140 000,00	-134 500,00
2 660-679	Sal av driftsmidlar/fast eigedom				
3 700-789	Refusjonar/overføringar	-7 879 628,21	-7 717 000,00	-7 717 000,00	-7 398 987,62
4 790	Interne overføringar				
5 800-829	Statlege tilskot				
6 830-839	Refusjon Førde kommune				
7 840-859	Tilskot				
8 860-879	Gåver, sponsor inntekter				
9	Sum driftsinntekter	-7 986 128,21	-7 857 000,00	-7 857 000,00	-7 533 487,62
	Utgifter				
10 010-099	Løn og sosiale utgifter	6 786 661,15	6 529 000,00	6 529 000,00	5 456 042,44
11 100-299	Kjøp av varer og tenester	1 362 254,91	1 245 000,00	1 245 000,00	1 318 516,16
12 300-389	Revisjon, rekneskapsføring	47 030,00	47 000,00	47 000,00	45 050,00
13 390	Kalk.utg. ved komm. tj.yting				
14 400-479	Mva, overføring kommunar	197 348,21			155 806,62
4900	Reserverte løyvingar		50 000,00	50 000,00	
15	Sum driftsutgifter	8 393 294,27	7 871 000,00	7 871 000,00	6 975 415,22
16	Brutto driftsresultat	407 166,06	14 000,00	14 000,00	-558 072,40
17 900-909	Renteinntekter				
18 920-929	Motteke avdrag på utlån	-57 506,00	-40 000,00	-40 000,00	-47 245,00
19 500-509	Renteutgifter og låneomkostningar				
20 510-519	Avdrag på lån	2 049,00	1 000,00	1 000,00	3 060,35
21 520-529	Avsetning eigenkapital, KLP	31 862,00	25 000,00	25 000,00	28 892,00
22	Netto finansinntekter/-utgifter	-23 595,00	-14 000,00	-14 000,00	-15 292,65
23 590	Avskrivingar				
24 990	Motpost avskrivingar				
25	Netto driftsresultat	383 571,06	0,00	0,00	-573 365,05

		Interne finansieringstransaksjoner							
26	930	Bruk av utdisponert frå tidl.år	-573 365,05						
27	940-949	Bruk av disposisjonsfond, <i>dekning underskott</i>	-383 571,06	-117 600,00					-117 571,28
28	950-959	Bruk av bundne fond							
29	960	Bruk av likviditetsreserve							
30		Sum bruk av avsetningar	-956 936,11	-117 600,00	0,00				-117 571,28
31	530	Avsett til dekning frå tidl.år		117 600,00					117 571,28
32	540-549	Avsett til disposisjonsfond	573 365,05						
33	550-559	Avsett til bundne fond							
34	560	Avsett til styrking av likv.res.							
35	570	Overført til investeringsrekneskapen							
36		Sum avsetningar	573 365,05	117 600,00	0,00				117 571,28
	580	Rekneskapsmessig mindreforbruk							573 365,05
	980	Rekneskapsmessig meirforbruk							
			0,00	0,00	0,00				0,00

Førde 17.02.2015

Agnar Ashes
Agnar Ashes

Førde, 17.02.2015
Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Daglig leder/Revisjonssjef
KRYSS Revision
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Terje Guddal
Terje Guddal

ÅRSREKNESKAP FOR 2014 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2013	Årsbudsjett 2014	Årsrekneskap 31.12.2014
10100	Løner i faste stillingar	4 159 519,68	4 985 000,00	5 006 635,99
10500	Anna løn	478,00		498,00
10504	Mobiltelefonar, fordelsbeskatning *)1			34 352,00
10509	Trekkpliktig bilgodtgjerdslø	46 535,00	48 000,00	52 500,00
10800	Møtegodtgjerdslø	31 261,75	20 000,00	26 445,30
10801	Styreleiargodtgjerdslø	35 000,00	40 000,00	40 000,00
10850	Tapt arbeidsinntekt	0,00	25 000,00	0,00
10903	Pensjonsinnskott KLP	641 486,17	773 000,00	965 575,57
10905	Gruppeliv/Ulukkesforsikring	13 053,00	10 000,00	10 201,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	524 708,84	628 000,00	650 453,29
11000	Kontormateriell	17 183,37	25 000,00	18 180,10
11001	Kopieringsutgifter	28 318,00	20 000,00	32 688,60
11007	Faglitteratur, abonnement	17 859,53	15 000,00	26 694,65
11150	Servering i møter	13 777,68	10 000,00	14 375,94
11200	Anna forbruksmateriell	19 477,42	15 000,00	9 087,24
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	582,54		342,40
11202	Diverse utgifter	14 187,54	8 000,00	13 125,96
11207	Velferdstiltak tilsette	8 239,00	8 000,00	4 659,00
11208	Forbruksmateriell	4 198,24	10 000,00	4 934,40
11300	Post, bank, telefon	4 465,50	5 000,00	5 934,02
11301	Bankgebyr	1 488,90	2 000,00	1 492,40
11303	Telefonutgifter	74 996,78	50 000,00	52 151,82
11305	Porto og frankering	12 691,72	10 000,00	1 804,65
11306	Refusjon telefon/breiband	4 000,00	8 000,00	8 000,00
11309 *)1	Motpost fordelsbeskatning mobiltelefon		(sjå art 10504)	-34 352,00
11400	Annonseutgifter	41 536,40	20 000,00	1 996,00
11500	Fagleg opplæring	136 544,62	140 000,00	207 384,50
11502	Hotellopphold opplæring	1 203,70		1 744,00
11600	Reise-, Skyss-/diett-utgifter	147 447,70	185 000,00	173 507,10
11700	Transportutgifter			2 043,25
11702	Ikkje oppgåvepl utgifter	54 498,16	40 000,00	48 726,41
11703	Drift av leigebil	52 067,78	50 000,00	44 713,22
11704	Vedlikehald transportmiddel	3 564,80	8 000,00	4 783,20
11705	Refusjon utlegg reiser	6 192,73	10 000,00	8 086,23
11706	Årsavgifter og forsikring bil	2 940,00	10 000,00	9 455,00
11800	Straum/Elektrisitet	28 413,80	25 000,00	0,00
11850	Forsikring utstyr mv	18 158,00	15 000,00	0,00
11855	Yrkesskadeforsikring	3 059,00	12 000,00	10 915,00
11900	Husleigeutgifter	292 257,80	270 000,00	327 249,40
11950	Avgifter, gebyr, lisensar, o.l.	0,00		13 416,40
11956	Kontingent til KS	20 023,00	20 000,00	25 548,00
11957	Kontingent SYS IKT	60 048,20	48 000,00	25 800,00
11959	Kontingent NKRF	52 657,00	68 000,00	52 028,00
12001	Inventar og utstyr	38 064,12	50 000,00	130 948,00
12101	Leige av transportmiddel	75 081,60	70 000,00	110 356,00
Overføring til side 2		6 707 267,07	7 756 000,00	8 144 480,04

ÅRSREKNESKAP FOR 2014 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2013	Årsbudsjett 2014	Årsrekneskap 31.12.2014
Overføring frå side 1		6 707 267,07	7 756 000,00	8 144 480,04
12306	Vedlikehald inventar/utstyr	4 201,80	8 000,00	4 331,82
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktm	1 091,20		0,00
12405	Vedlikehald IKT/EDB	1 008,00	10 000,00	104,20
12600	Vask og reinhald	60 990,53	0,00	0,00
13500	Rekneskapsføring	34 250,00	35 000,00	34 250,00
13505	Revisjonstenester	10 800,00	12 000,00	12 780,00
14290	Meirverdiavgift	155 806,62		197 348,21
14500	Overføring kommunane	0,00		0,00
14900	Reserverte tilleggsløyvingar	0,00	50 000,00	0,00
15001	Morarenter	3 060,35	1 000,00	2 049,00
15209	Eigenkapitalinnskot KLP	28 892,00	25 000,00	31 862,00
15300	Dekning av tidl års meirforbruk	117 571,28		
15400	Avsetningar fri kapital		573 365,05	573 365,05
15800	Årsoverskot / Mindreforbruk 2013	573 365,05		
	SUM UTGIFTER	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
16200	Diverse refusjonar			
16500	Avgiftspliktig omsetning	134 500,00	140 000,00	106 500,00
17100	Refusjon sjukepengar	0,00	0,00	0,00
17101	Refusjon fødselspengar	0,00	0,00	0,00
17290	Meirverdiavgift	155 806,62		197 348,21
17500	Refusjonar kommunar	6 796 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00
17505	Refusjonar interkommunale selskap			
17700	Overførningar frå andre	45 181,00	50 000,00	31 280,00
17800	Refusjonar særbedrifter	402 000,00	411 000,00	395 000,00
19009	Renteinntekter	47 245,00	40 000,00	55 548,00
19050	Utbytte og eigenkapavkastning		0,00	1 958,00
19300	Disp tidl. års årsoverskot		573 365,05	573 365,05
19400	Bruk av avsetningar	117 571,28		
19400	Bruk disp.fond/dekning underskot 2014			383 571,06
	SUM INNTEKTER	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
	Differanse inntekter - utgifter	0,00	0,00	0,00
19800	Netto driftsres., over-/underskot	573 365,05	0,00	0,00
	Akkumulert balansering, utgifter	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
	Akkumulert balansering, inntekter	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
				0,00

Det vert vist til dagleg leiar sine kommentarar til årsrekneskapen for 2014;
jfr. 'Årsrapporten for 2014 for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord'

Førde, 31. desember 2014/18. februar 2015

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Førde 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord


Terje Guddal

Dato 20.02.2015, Jnr. 016/2015, Arkiv: 210&14

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR KRYSS REVISJON 2014

Note 1. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar:

KRYSS Revisjon sitt rekneskap er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber bl.a. at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjende inntekter og utgifter vert tekne med i driftsrekneskapen om dei er betalte eller ikkje ved årsskiftet. I Balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter prinsippet om lågaste verdi.

Note 2. Løns- og personalutgifter

Består av følgjande postar:	2014	2013	2012	2011
Løner, godtgjerdsle, m.v.	5 170 632,-	4 289 848,-	4 202 644,-	4 617 275,-
Arbeidsgjevaravgift	650 453,-	524 709,-	533 803,-	510 958,-
Pensjonsutgifter	965 576,-	641 486,-	841 957,-	648 005,-
Andre lønsutgifter				
Sum løns- og personalutgifter	6 786 661,-	5 456 043,-	5 578 404,-	5 776 238,-

Når ein vurderer lønskostnadene i 2014, og samanliknar med tidlegare år, må ein ta i betraktning at ein i delar av året 2012 og 2013 ikkje hadde tilsette i alle stillingsheimlar fullt ut. Lønsreguleringar gjort i 2013 har heilårsverknad i 2014 og medfører også auke i pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgifta. Det må også takast omsyn til at ein i 2012 fekk ekstraordinære store pensjonskostnader, medan KLP i 2013 hadde eit økonomisk godt år, med tilsvarende lavare pensjonskostnader for KRYSS Revisjon i 2013 i forhold til 2012. Driftsåret 2014 viser igjen ekstraordinære store pensjonskostnader som har medført overskridingar i pensjonskostnadene med nærmare kr.200.000,-. Dette representerer ein auke som ein ikkje kunne forutsjå i budsjettprosessen haust 2013, men som dagleg leiar gjorde Arbeidsutvalet og Samstyret merksame på i perioderapportane hausten 2014, då ny informasjon låg føre frå KLP.

Arbeidsgjevaravgift er i 2014 utgiftsført med kr. 650.438,35, som er ca. kr. 22.400,- meir enn budsjettet. Dette heng saman med auken i arbeidsgjevarandelen for pensjonskostnadene. I forhold til 2013-rekneskapen, viser arbeidsgjevaravgifta ein auke på kr. 125.730,-.

Note 3. Pensjonsforpliktingar:

Alle tilsette er knytta til felles kommunal pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Arbeidsgjevar sin andel av pensjonspremien er utgiftsført med kr. 965.575,57,-, mot ein budsjettet sum på kr. 773.000,-. Dette representerer ein auke på ca kr. 324.000,- i forhold til årsrekneskapen for 2013, og ei overskriding i forhold til budsjettet sum for 2014 på ca. 193.000,-.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

For ei lita verksemd som KRYSS Revisjon utgjer desse endringane/svingningane i pensjonskostnadene forholdsvis store beløpsmessige utfordringar til driftsbudsjettet år for år. Nødvendigheita av å etablere eit buffertfond til denne type svingningar vil vere påtrengande framover; noko som også vart påpeika kring årsrekneskapen for 2012 og 2013. Det må her nemnast dei store endringane som har vore i reguleringspremien dei siste åra; jfr. meirforbruket i 2012 og no i 2014. At ein avsette midlar i samband med fjorårets rekneskap, er er lukke for verksemda og eigarkommunane, og viser med all tydelegheit at det er nødvendig å ha midlar til å kunne møte svingningar som ein ser i 2014-rekneskapen. Tidlegare års avsetningar set KRYSS Revisjon i stand til å dekke meirkostnadene i 2014 innafør eige rekneskap.

Innbetalt eigenkapitalinnskot til KLP i 2014 utgjer 31.862,- medan dette utgjorde kr. 28.892,- i 2013. I 2014 var det budsjettert med eit eigenkapitalinnskot til KLP på kr. 25.000,-.

Note 4. Bundne midlar:

I balanseposten bankinnskot inngår skattetrekkmidlar med kr. 270 011,-.
 Dette er trekt skattetrekk i lønsutbetalingane for 6. termin 2014 og er oppgjort i 2015.

Note 5. Årsresultat, avsetningar og bruk av avsetningar:

	<u>Disposisjonsfond:</u>	<u>Årsresultat:</u> 2013	<u>Sum 31.12.13 :</u>	<u>Sum 31.12.14:</u>
Saldo 1.1.2014	274.211,99	0,-	156.640,71	730.005,76
Avsetningar	573.365,05	573.365,05	573.365,05	0,00
Bruk av				
Avsetningar	- 117.571,28	(dekning 2012)	0,00	0,00
Dekning årets meirforbruk	- 383.571,06			-383.571,06
Saldo pr. 31.12.2014	346.434,70	573.365,05	730.005,76	346.434,70

I samband med årsoppgjøret for 2012 vart det av Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga gjort vedtak om å dekke meirkostnadene i 2012, kr. 117.571,28, ved bruk av tidlegare års avsetningar. Beløpet er teke inn som budsjettregulering i 2013 og disposisjonsfondet er redusert tilsvarande. I 2013 kom årsrekneskapen ut med eit mindreforbruk på kr. 573.365,05, som i sin heilskap vart overført og avsett til disposisjonsfond; - nettopp med tanke på å kunne møte ein meirkostnad som ein var klar over ville kome i årsrekneskapen for 2014. Meirforbruket i årsrekneskapen for 2014 utgjer kr. 383.571,06, og er noko større ein det som vart antyda overfor Arbeidsutvalet og Samstyret hausten 2014. Samstyret gjorde vedtak, i sak 12/2014, den 15.10.14, at meirkostnader i 2014-rekneskapen skal gjerast opp med bruk av avsette midlar frå tidlegare år.

Meirforbruk i 2014, inndekning ved bruk av avsette midlar frå tidlegare år:

Ettersom driftsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 er gjort opp med eit reelt meirforbruk/underskot på kr. 383.571,06, er det i samband med rekneskapsavslutninga for 2014, og i samsvar med føringar og vedtak gjeve av Arbeidsutvalet og Samstyret i 2014, føreteke bokføringar i årsoppgjøret for 2014 som gjer at meirforbruket i 2014 er inndekka. Det er nytta avsette midlar frå tidlegare år til inndekning av meirkostnadene i 2014. Beløpet er henta frå disposisjonsfondet. Som ein konsekvens av dette er avsette midlar redusert tilsvarande. Etter at meirforbruket i 2014, kr. 383.571,06, i sin heilskap er inndekka ved bruk av tidlegare års avsetningar, er det igjenståande på frie fondsmidlar kr. 346.434,70 pr. 31.12.2014. Det vert vist til det som er inntekte i Årsrapporten for 2014 kring dette, samt det som går fram av Note 15 og 16 nedanfor.

Note 6. Kapitalkonto

	2013	2014
Inngående balanse pr. 01.01.2014	268.428,00	297.320,00
Eigenkapitalinnskot i Kommunal Landspensjonskasse	28.892,00	31.862,00
Utgående balanse pr. 31.12.2013	<u>297.320,00</u>	<u>329.182,00</u>

Note 7. Endring i arbeidskapitalen - pr. 31.12.2014

Balanserekneskapen	2014	2013	Endring
2.1. Omløpsmidlar	1 505 656,86	1 700 630,75	
2.3. Kortsiktig gjeld	- 1 159 222,16	- 970 624,99	
	<u>346 434,70</u>	<u>730 005,76</u>	383 571,06
Driftsrekneskapen			
Økonomisk oversikt drift:			
Driftsinntekter 600 – 899	- 7 986 128,21		
Driftsutgifter 001 – 499	8 393 294,27		
Avskrivningar 590	0,00		
Eksterne finansinntekter 900 – 921	- 57 506,00		
Eksterne finanskostnader 500 – 521	33 911,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring i arbeidskapitalen	<u>383 571,06</u>		<u>383 571,06</u>
			0,00

Note 8. Trafikkuhell, leigebilavtale, m.v.

KRYSS Revisjon fekk havari på sin leigebil hausten 2014. Den blei påkjørt bakfrå i ei forholdsvis stor trafikkuhell der fire bilar var involvert. Dagleg leiar var sjåfør i leigebilen og kom frå ulukka utan særlege skader. Dagleg leiar var ikkje ansvarleg for ulukka og KRYSS Revisjon skulle haldast skadeslaus for ulukka og skadane på bilen. KRYSS Revisjon vart av skadeforvoldar sitt forsikrings-selskap halden med erstatningsbil i nærmare tre månader, og ettersom skadane på bilen var omfattande og store, valde ein å inngå ny leigeavtale. Normalt skulle avtalen reforhandlast i januar 2015. Ein fekk såleis ekstrakostnader å betale i form av kontantinnskot i 2014, samstundes som ein også måtte betale momsen i forsikringsoppgjøret, for så å få dette refundert i ettertid frå skatteetaten. Alt dette er oppgjort i 2014-rekneskapen. Kostnadene elles er i tråd med normal drift og justert i tråd med leigeavtalen og prisjusteringar i året.

Under art 12101 'Leige av transportmiddel' er det utgiftsført kr. 110.356,-, mot ein budsjettert sum på kr. 70.000,-. Meirkostnaden her skuldast betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjør etter trafikkuhell, med skifte av bil og kontantinnskot i den samanheng; jfr. Samstyresak 12/2014. Meirverdiavgifta er refundert i sin heilskap; jfr. det som er nemnt under Note 14, nedanfor punkt 'refusjon av meirverdiavgift'

Note 9. Fagleg oppdatering, kursdeltaking, reiseutgifter, mv.

Utgiftspost, art 11500, 'fagleg oppdatering, kurs, mv.' viser eit forbruk på kr. 207.384,50, mot ein budsjettert sum på kr. 140.000,-. Denne posten må sjåast i samanheng med art 11600 'reiseutgifter', (med budsjett kr. 185.000,-, og utgiftsført brukt kr. 173.507,1). Jamfør her også andre reise- artar; - artane 11702 (skyssutgifter), 11703, (drift leigebil), og 11705 (refusjon utlegg skyss/transport). Ser vi alle artane under eitt her, har vi i 2014 ei overskriding som bl.a. skuldast kursing av to nyttilsette, ekstra samlingar for personalet, samstundes som innføringa av *Descartes* har påført oss kostnader som ikkje først var medrekna i budsjettet. Dagleg leiar gjorde greie for dette i eigen sak overfor Samstyret 15.10.14. Det er vanskeleg å eksakt budsjettere desse postane på detaljnivå.

Note 10. Inventar og utstyr

Det er i 2014 utgiftsført kr. 130.948,-, mot ein budsjettert sum på kr. 50.000,-. Overskridinga kan åleine forklarast med ekstrarekningar for div utstyr, telefoni, lap-top'ar, docking-stasjonar, oppgradert utstyr, mv. frå SYS IKT. (operativsystemet som vi hadde (XP) er utgått, og vi måtte over på Windows7, med alt datautstyr). Det er også anskaffa nokre nye mobiltelefonar sidan stasjonære fasttelefonar er teke ut av det nye systemet (Lynch-systemet). Vi har alle fått nye telefonnummer (head-set, m.v.) i det nye telefonisystemet, Lynch-systemet, drifta frå Rådhuset i Førde. Dette gjorde dagleg leiar greie for i eigen sak overfor Samstyret i oktober 2014, med spørsmål om budsjettreguleringar (ref. Samstyresak 12/2014, 15.10.14). Det er såleis lagt om telefoni-systemet, der fasttelefonar også er teke bort, både på hovudkontoret i Førde og på regionskontora i Flora og i Hyllestad. Samtundes har vi også måtte skifte ut heile maskinparken, stasjonære maskiner og lap-top'ar. Vi hadde ein god dialog med SYS IKT på dette og fekk godt utstyr til ein forholdsvis rimeleg pris, når ein ser alt under eitt. På grunn av omleggingar innafor SYS IKT-samarbeidet 10 kommunar imellom, valde vi å gå inn i omleggingane i 2014. Omleggingane ville uansett ha kome, og var vi ikkje med i første runde, ville kostnadene kunne bli vesentleg større. Vi følgde anbefalingane frå SYS IKT og er idag godt nøgde med resultatet. Etter dagleg leiar si oppfatning var det riktig å ta dei grep som vart gjorde på maskinsida i 2014. Kostnadene er i samsvar med dei føringar som var antyda overfor Arbeidsutvalet i september og Samstyret i oktober 2014. Også det nye revisjonsverktøyet, Descartes, er anskaffa og sett i drift i 2014.

Note 11. Husleige, straum, reinhald

For 2014 vart det på art 11900, Husleigeutgifter, budsjettert med samla sum på kr. 270.000,-. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 327.249,40, som også har i seg kostnader til andel felleskostnader, straum og reinhald. I 2014 er det på eigen art (art 11800) budsjettert med kr. 25.000,- i straumutgifter, som er/var tiltenkt utgifter knytta til regionskontora. Alt er ført på art 11900 i 2014. Overskridinga skuldast at det i 2014 er utgiftsbelasta andel felleskostnader for regionskontoret i Hyllestad, avrekning både for 2013 og avrekning for 2014. Framover må det takast omsyn til prisjusteringar i høve husleigeavtalene med Førde kommune, Flora kommune og Hyllestad kommune.

Note 12. IKT, Serverløysing, m.v.

KRYSS Revisjon har ein eigen samarbeidsavtale med det interkommunale IKT-samarbeidet (SYS IKT). Det er i 2014 gjort opp i tråd med avtalen, og i tillegg har vi hatt ein del uforutsett support i samband med utskifting av materiell, ny maskinvare, osv.; - jfr. det som er nemnt under Note 10.

Note 13. Kontingentar

Lisensar for Descartes er utgiftsført på eigen konto, art 11950, med kr. 13.416,40. Det gjeld driftsdelen for 2014, og kjem i tillegg til avtalen med SYS IKT (art 11957), som har i seg kostnader med kr. 25.800,- mot budsjettert sum kr.48.000,-.

Kontingentar til KS vert rekna av lønsgrunnlaget og er utgiftsført med kr. 25.548,-, mot budsjettert sum kr. 20.000,-. Dette dekkjer KRYSS Revisjon sin medlemskap i KS Bedrift og dei ressursar som vi har til rådighet der. Tilsvarende er det utgiftsført kr. 52.028,- til NKRF (Norges Kommunerevisorsforbund). Her utgjør budsjettert sum kr. 68.000,-, og årsaka til mindrekostnaden her, er at vi i 2014 ikkje har hatt ekstern kvalitetskontroll på vårt arbeid.

Note 14. Inntekstpostane

Sjukepengar/fødselspengar:

Sjukefråværet er lite og det er gjenspeila i rekneskapen. Det er ingen refusjonsbeløp i 2014; både for det som gjeld sjukepengar og fødselspengar.

Overføringar frå kommunane:

Revisjonshonorara frå eigarkommunane utgjer kr. 7.256.000,-. Ressursbruken er i tråd med det som har vore planlagt for 2014, og dette er også i tråd med budsjettet sum. Alle eigarkommunane har betalt sine honorar for 2014. KRYSS Revisjon sitt mindreforbruk i 2014 vart avsett til disposisjonsfond i tråd med vedtak av Samstyret i mai 2014. Delar av dette er nytta til dekning av meirkostnadene i 2014, slik Samstyret har gjort vedtak om i sak 12/2014, den 15.10.2014; - jfr. det som er teke inn i Årsrapporten for 2014 og i *Note 15 og 16* nedanfor.

Overføringar frå andre:

Det vert vist til spesifisert artskontoplan for inntektene. Avgiftspliktig omsetning vert ført på art 16500, og viser inntekter med kr. 106.500,-, mot eit budsjett på 140.000,-. Avviket her skuldast oppdrag som er gått ut av oppdragsportefølgjen.

Overføringar frå andre, føretak, særbedrifter, m. m., viser inntekter med høvesvis kr. 31.280,- (art 17700) og kr. 395.000,- (art 17800). Dei korresponderande budsjettala for desse inntekstpostane viser kr. 50.000,- og kr. 411.000,-. Det må her gjerast merksam på at eit par kommunale føretak er nedlagt og teke inn att i kommunerekneskapen i berørt kommune, og eitpar andre småoppdrag er omorganisert og gått ut av oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon.

Det er også verd å merke seg at inntekter er uteblitt på grunn av manglande gjennomføring av påtenkt internkursing, fagdagar, dagsseminar, mv., i eigenregi av KRYSS Revisjon, for eigarkommunane og andre i oppdragsportefølgjen. Ein gjennomførte eitt felles dagsseminar for kyrkjerekneskapane, kyrkjevevjer og rekneskpasførarar/revisorar på slutten av året. Ein klarte likevel ikkje å få til det ein såg føre seg hausten 2013 då budsjettet vart lagt.

Refusjon av meirverdiavgift:

Samla sum refundérbar meirverdiavgift går fram av både utgiftssida og inntektssida. For 2014 utgjer sum refusjonskrav meirverdiavgift etter momskompensasjonsregimet kr. 197.348,21. Dette er ca kr. 42.000,- meir enn for 2013 og skuldast i all hovudsak betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjøret etter trafikkulukke, som også er inntektsført i 2014.

Finansinntekter/Renteinntekter:

Det er i 2014 innteksført renteinntekter med kr. 55.548,-, mot budsjettet kr. 40.000,-. Dette vert forklart med stort sett rettidige innbetalningar frå kommunane og oppdraga, og dei rentebetingelsar KRYSS Revisjon har fått til for sine likvide midlar, med sin bankforbindelse.

Note 15. Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av interne finansieringstransaksjonar er artar som vert nytta for å synleggjere/bokføre bruk av avsetningar eller tilføring av avsetningar til eigenkapitalen. Slik rekneskapen er presentert på detaljnivå, blåser desse transaksjonspostane opp både utgiftssida og inntektssida i rekneskapen.

I 2013 kom driftsrekneskapen ut med eit positivt netto driftsresultat på kr. 573.365,05, som i all hovudsak skreiv seg frå sparte løns- og sosiale kostnader; bl.a. som følge av vakanse i ledig stillingsheimel i første halvår av 2013. Driftsresultatet for 2013 vart framført som unytta ved årsskiftet, og Samstyrt gjorde vedtak om å avsette dette som eit buffertfond for å kunne møte framtidige økonomiske utfordringar. I oktober 2014 gjorde Samstyret vedtak om at eit meirforbruk i 2014 skulle dekkast inn ved bruk av avsette midlar frå tidlegare år. Årsrekneskapen for 2014 viser eit reelt meirforbruk på kr. 383.571,06. Dette beløpet er inndecka i årsrekneskapen for 2014, ved at same sum er henta frå avsette midlar og nytta til inndecking av meirforbruket i 2014. Rekneskapen for 2014 er såleis gjort opp i null.

Restbeløp som er inneståande på KRYSS Revisjon sitt disposisjonsfond pr. 31.12.2014 utgjer kr. 346.434,70. Den einskilde kommune sitt eigarskap til dette går fram av oppsettet nedanfor. Beløpet framstår som eit buffertfond for å møte framtidige økonomiske utfordringar som KRYSS Revisjon vil stå overfor.

Dersom ein nyttar fordelingsreglane og statusen i oppgjeret elles for 2014, og eit snitt av fordelingen dei siste åra, vil den einskilde kommune sin andel i driftsresultatet (andel i mindreforbruket/årsoverskotet) sjå slik ut:

Kommunevisse fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014									
Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord									
Askvoll	27 957,28	Forde	39 361,91	Jølster	30 271,46		8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08		9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12		9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			Samla sum:	11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	346 434,70	11,362 %	39 361,91	Forde
							9,009 %	31 210,30	Gaular
							9,891 %	34 265,86	Gulen
							8,048 %	27 881,07	Hyllestad
							8,738 %	30 271,46	Jølster
							7,178 %	24 867,08	Naustdal
							6,616 %	22 920,12	Solund
							100,000 %	346 434,70	Totalt

Forde, 31.12.2014/18.02.2015

Terje Forde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Beste estimat lagt til grunn ut frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast, 1/4 folketal og 2/4 medgått tid.

Identisk med ressursfordeling i budsjett og avrekningsoppgjør for 2014 på oppdraga innafor KRYSS Revisjon sin oppdragsportefølgje i driftsåret 2014

Note 16. Kommunespesifikasjon av honorarstorrelser fordelt i 2014

Spesifikasjon av honorarstorrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :										
Dok.id.:Jnr. 013/2015, //kommunefordeling honorar 2014						Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsett frå 2013)	
Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommun						7 256 000,00	Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter	
							Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)	
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.						Sum fordeling på kommunane	7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)		
								Til samanlikning		
Kommune:	Folketal	Fordeling	Fordeling	Ressurs	Rekneskap	Samandrag	Avrunda	Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
	311214	1/4 fast	1/4 folketal	fordeling	Medgått tid	Sum 2014	Beløp 2014			
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	955 600,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	573 200,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	408 500,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	477 500,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	536 200,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	592 800,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	564 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	561 200,00	507 500,00
1432 Forde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	993 800,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	497 600,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	634 800,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 796 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstorrelser for dei kommunale særbedrifter, foretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er trekt ut for fordeling på kommunane. Oppstillingane over honorarstorrelser for særbedrifter, foretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettert og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellestråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbaka' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellestrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellestrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellestrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlege oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og foretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vore tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpsmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, foretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Det vert for øvrig vist til Årsrapporten for KRYSS Revisjon for 2014, d. 20. februar 2015

Førde,
31. desember 2014
20. februar 2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifikasjon av honorarstørrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :

Dok.id.:Jnr. 013/2015. //kommunefordeling honorar 2014

Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommuna

Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsetn frå 2013)
7 256 000,00	Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter
	Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)
Sum fordeling på kommunane		7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)

Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.

Kommune:	Folketal 311214	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressurs fordeling	Rekneskap Medgått tid	Samandrag Sum 2014	Avrunda Beløp 2014	Til samanlikning		
								Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	955 600,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	573 200,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	408 500,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	477 500,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	536 200,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	592 800,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	564 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	561 200,00	507 500,00
1432 Førde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	993 800,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	497 600,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	634 800,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 796 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er *trekt ut før fordeling på kommunane*. Oppstillingane over honorarstørrelsane for særbedrifter, føretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettet og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellestråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbaka' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellestrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellestrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellestrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlige oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og føretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vore tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpssmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, føretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunevise fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014

Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Askvoll	27 957,28	Førde	39 361,91	Jølster	30 271,46	8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08	9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12	9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	11,362 %	39 361,91	Førde
Samla sum:							31 210,30	Gaular
							34 265,86	Gulen
							27 881,07	Hyllestad
							30 271,46	Jølster
							24 867,08	Naustdal
							22 920,12	Solund
						100,000 %	346 434,70	Totalt

Beste estimat lagt til grunn ut
frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast,
1/4 folketal og 2/4 medgått tid.
Identisk med ressursfordeling og
berekna andelsforhold i samband
med avsetninga som blei gjort i
mai 2015, av Samstyret då mindre-
forbruket i 2013 vart avsett

Førde, 31.12.2014/18.02.2015


Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dok.id.: Innr. 015/2015, //kommuneandel buffertfond disp, fond 31122014

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

BALANSEREKNESKAP 31.12.2014 - KRYSS REVISJON
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifisert balanserekneskap pr. 31.12.2014, KRYSS Revisjon

Konto	Konto (T)	Spes	Spes (T)	Beløp 2014	Beløp 2013
Aktiva; Eigendelar					
21020000	Bankkonto folio			1 031 977,11	1 254 793,07
21020100	Bankkonto OCR			17 571,75	9 304,15
21098000	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
21314007	MVA-kompensasjon NY			197 347,00	155 807,53
21375002	Kundefordringar (manuelle)			-11 250,00	7 500,00
21375998	Kundereskontro				42 500,00
22141001	Eigenkapitaltilskot	1020	Eigenkapitalinnskot	329 182,00	297 320,00
Sum Aktiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Passiva; Eigenkapital og gjeld:					
23214001	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
23214005	Konto for Fylkesskattesjefen			8 995,00	16 127,00
23275161	Tariffesta OU fond			6 909,14	6 654,58
23275181	Feriepengar ferieår			547 579,13	456 604,88
23275183	Arb.gj.avg. ferieår			58 043,39	48 400,10
23299001	Leverandørgjeld (manuelle)				-396 229,60
23299003	Nettolønn tilsette				254 999,60
23299004	Trekkeigar 1 månad				141 230,00
23299180	Avsett arb.gj.avg. pliktig løn			142 502,00	109 498,00
23299998	Leverandørreskontro			125 182,50	102 614,43
25699700	Disposisjonsfond	1030	Disp.fond	346 434,70	156 640,71
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	1040	Overskot		573 365,05
25990001	Kapitalkonto	1060	Kapitalkto	329 182,00	297 320,00
Sum passiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Sum total avstemming				0,00	0,00

Førde den 31.12.2014 / 18. februar 2015


 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

KOMMUNEREVISJONEN Ytre Sogn og Sunnfjord KRYSS-REVISJON

Dato: 27.02.2015 Off:
Sak nr. 022-2015 Reg.nr.:
Arkiv: 210 & 14
Avd.kode: 1499
Sakshandsamar T.F.

Til

Styret for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS)

Revisjonsmelding 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS som er oppgjort i balanse mellom inntekter og utgifter etter inntektsføring/bruk av fond, kr 383 571,06, i samsvar med styrevedtak 12/2014. Rekneskapen er samansett av driftsrekneskap, balanse, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 27.2.2015



Markvard Sunde

Revisjonssjef

Askvoll sokn

6980 ASKVOLL

Dykkar ref.:	Vår ref. : <i>At</i>	Arkivkode : <i>216</i>	Journalnr. : <i>026/2015</i>	Dokumentdato: <i>15.04.2015</i>
--------------	-------------------------	---------------------------	---------------------------------	------------------------------------

REVISJONSMELDING 2014 – ASKVOLL SOKN

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Askvoll sokn, som inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanse og notar.

Driftsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat (underskot) på kr. 530.860,-. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk (overskot) på kr. 74.935,-.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udisponert beløp på kr. 98.790,-.

Askvoll sokn og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, under dette International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilfredsstillande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, under dette vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for soknet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av Askvoll sokn sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll, Gulen
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

føremålstenlege og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen for Askvoll sokn 2014 gjeven i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Askvoll sokn pr. 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk.

Uttale om øvrige forhold

Omtale og konklusjon om budsjett

Presisering:

Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47 omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad.

Vi viser til dei registrerte avvik som går fram av økonomisk oversikt for drift. Dagleg leiar har gjort greie for budsjettavvik i årsmeldinga.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i all hovudsak er i samsvar med budsjettvedtak.


Konklusjon om årsmelding

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen.

Registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i tråd med attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Askvoll sokn sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk.

Med helsing



Asgeir Tveit

Kommunerevisor I

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kopi: Askvoll kommune
Rekneskapskontoret

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	24.06.2015	035/15	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
15/181-2

Arkiv
K1-033, K3-
&14

Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmeldinga for 2014 frå Askvoll kontrollutval vert godkjent.

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Leiar i kontrollutvalet, Jorunn Ringstad, la saka fram for kommunestyret.

Røysting – samrøystes:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart vedteke.

KOM-035/15 VEDTAK:

Årsmeldinga for 2014 frå Askvoll kontrollutval vert godkjent.

Kva saka gjeld:

Årsmelding for 2014 frå Askvoll kontrollutval

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet handsama årsmelding for 2014 den 26.01.15 i sak 004/15 og gjorde følgjande vedtak:

Årsmelding 2014 frå Askvoll kontrollutval vert godkjent.

Kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret er heimla i KommuneLOVA § 77 pkt.6 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. Før en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse».

Rådmannen har ikkje merknader til kontrollutvalet si årsmelding for 2014.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	27.01.2015	SEKOM-sekretariatet	Sak frå Askvoll kontrollutval til kommunestyret - Årsmelding 2014

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	24.06.2015	036/15	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
15/533-2

Arkiv
K1-033, K3-
&00

Reglement for kontrollutvalet i Askvoll

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek framlegg til nytt reglement for kontrollutvalet og reglement for høyringar i Askvoll kommune.

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Leiar i kontrollutvalet, Jorunn Ringstad, lag saka fram for kommunestyret.

Røysting – samrøystes:
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

KOM-036/15 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek framlegg til nytt reglement for kontrollutvalet og reglement for høyringar i Askvoll kommune.

Kva saka gjeld:

Nytt reglement for kontrollutvalet

Saksutgreiing:

Gjeldande reglement for kontrollutvalet vart vedteke i 2006. I reglementet står det at møta skal haldast for lukka dører og er ikkje lenger i tråd med kommunelova § 77 nr. 8.

Kommunelova vart endra med verknad frå 1. juli 2013 og seier at møta i kontrollutvalet skal vere opne jfr. § 31 om møteoffentlegheit.

Sekom-sekretariatet har i samråd med leiaren i kontrollutvalet og rådmannen, utarbeidd framlegg til nytt reglement.

Det nye reglement for kontrollutvalet inneheld òg reglement for høyringar i Askvoll kontrollutval.

Konklusjon:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.05.2015	SEKOM-sekretariatet	Sak frå Askvoll kontrollutval til kommunestyret - Reglement for Askvoll kontrollutval med reglement for høyring

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	24.06.2015	037/15	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
10/26-17

Arkiv
K1-614, K2-
A20

Tilrettelegging for funksjonshemma - godkjenning av investeringsrekneskap

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek kontrollutvalet si tilråding med følgjande tillegg:
Mindreforbruket vert ståande som ubrukte lånemidlar til seinare bruk.

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

KOM-037/15 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek kontrollutvalet si tilråding med følgjande tillegg:
Mindreforbruket vert ståande som ubrukte lånemidlar til seinare bruk.

Kva saka gjeld:

Godkjenning av investeringsrekneskap

Saksutgreiing:**Konklusjon:****Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
14	X	27.11.2014	Kommunekassa - Nina Haugstad	Sluttrapport og prosjektrekneskap - 2103 Tilrettelegging funksjonshemma born
15	I	01.12.2014	KRYSS-revisjon	Revisjonsmelding - Investeringsprosjekt 2103 Tilrettelegging funksjonshemma born
16	I	27.01.2015	SEKOM-sekretariatet	Sak frå Askvoll kontrollutval til kommunestyret: Prosjektrekneskap - Tilrettelegging funksjonshemma born

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kommunestyret	24.06.2015	038/15	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
14/848-5

Arkiv
K1-064, K2-
A20

IKT Skular - godkjenning av prosjektrekneskap

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek kontrollutvalet si tilråding med følgjande tillegg:
Mindreforbruket vert ståande som ubrukte lånemidlar til seinare bruk.

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

KOM-038/15 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre vedtek kontrollutvalet si tilråding med følgjande tillegg:
Mindreforbruket vert ståande som ubrukte lånemidlar til seinare bruk.

Kva saka gjeld:

Godkjenning av prosjektrekneskap for IKT-investering i skulane

Saksutgreiing:**Konklusjon:****Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	21.01.2015	KRYSS-revisjon	Revisjonsmelding - Prosjekt 1840 IKT skule
4	I	13.05.2015	SEKOM-sekretariatet	Sak frå Askvoll kontrollutval til kommunestyret: Prosjektrekneskap - IKT Skule

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	08.06.2015	083/15	HÅL
Kommunestyret	24.06.2015	039/15	HÅL

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
15/174-7

Arkiv
K1-210

Årsrekneskapen for 2014

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagt driftsrekneskapen for 2014 med dei disponeringane som er gjort. Rekneskapen er oppgjort med eit positivt netto driftsresultat på 5,894 mill. kr.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 5 093 571,-
2. Overskotet på kr. 5 093 571,- vert disponert slik:
 - Nedbetaling av akkumulert underskot kr. 3 713 354,-
 - Resterande, kr. 1 380 217,- blir overført til disposisjonsfondet.
3. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2014 med dei disponeringane som er gjort. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse – manglande finansiering er finansiert med ubrukne lånemidlar frå tidlegare år.
4. Askvoll Kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2014.

08.06.2015 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-083/15 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner formannskapet si tilråding

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke.

KOM-039/15 VEDTAK:

- 1 Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagt driftsrekneskapen for 2014 med dei disponeringane som er gjort. Rekneskapen er oppgjort med eit positivt netto driftsresultat på 5,894 mill. kr.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 5 093 571,-
- 2 Overskotet på kr. 5 093 571,- vert disponert slik:
 - Nedbetaling av akkumulert underskot kr. 3 713 354.-
 - Resterande, kr. 1 380 217,- blir overført til disposisjonsfondet.
- 3 Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2014 med dei disponeringane som er gjort. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse – manglande finansiering er finansiert med ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.
- 4 Askvoll Kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2014.

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kva saka gjeld:

Årsrekneskapen for 2014

Saksutgreiing:

Kommunelova § 48 nr.3 har denne ordlyden:

Kommunestyret vedtar sjølv årsrekneskapen. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå Formannskapet... Vedtaket må angi disponering av rekneskapsmessig overskot eller dekning av rekneskapsmessig underskot.

Merknad til årsrekneskapen for 2014

Etter at årsrekneskapet var Kostrarapportert og overlevert revisor, oppdaga ein to feil i sjølvkostrekneskapet for 2014. Det er utgiftsført kr. 398 423,- for lite på teneste 34000 produksjon av vatn og kr. 335 528,- for lite på teneste 35300 avløpsnett/innsamling av avløpsvatn. Sjølvkostfond for vatn og avløp skulle vore redusert tilsvarande. Dersom feilen hadde vore oppdaga før rekneskapen var avlagt, ville ansvar 640 teknisk drift hatt eit mindreforbruk på kr. 157 948,- og ikkje meirforbruk på kr. 576 003,- som rekneskapet viser. Feilen blir korrigert i sjølvkostrekneskapet for 2015.

Forklaring til rekneskapen elles kjem fram av den vedlagte årsmeldinga og rekneskap med notar.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**SAKSDOKUMENT:****Trykte vedlegg:**

Årsrekneskap 2014 inkludert årsmelding og vedlegg.

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	08.06.2015	084/15	HÅL
Komité for næring, miljø og teknikk	24.06.2015	023/15	HÅL
Komité for oppvekst, omsorg, helse og kultur	24.06.2015	017/15	HÅL
Kommunestyret	24.06.2015	040/15	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
15/538-1

Arkiv
K1-004

Årsrapport 2014

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsrapporten for 2014 for Askvoll kommune vert teken til orientering

08.06.2015 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-084/15 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak

24.06.2015 KOMITÉ FOR OPPVEKST, OMSORG, HELSE OG KULTUR

Røysting – samrøystes

Komitèen tek rapporten til orientering slik den ligg føre. Komitèen er stolte over lettleselig og god rapport.

OHK-017/15 TILRÅDING:

Kommunestyret tek rapporten til orientering slik den ligg føre.

Saksordførar: Marit Klausen

24.06.2015 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG TEKNIKK

Røysting – samrøystes:

Komitéen er samd i rådmannen sitt framlegg.

NMT-023/15 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksordførar: Øystein Helle

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Årsrapporten for 2014 for Askvoll kommune vert teken til orientering

KOM-040/15 VEDTAK:

Årsrapporten for 2014 for Askvoll kommune vert teken til orientering

Kva saka gjeld:

Årsrapport for 2014

Saksutgreiing:

Rapporteringa om drifta i kommunen og etatane skjer gjennom to dokument kvart år – årsmelding som inneheld rekneskap og notar og årsrapporten som er leiarane sin vurdering av eigen eining og drifta av den.

Gjennom årsmeldinga vert avvik mellom rekneskapen og budsjettet gjort greie for.

Årsrapporten er eit dokument som skal gjere greie for den aktiviteten som har funne stad i etatane og avdelingane. I tillegg til å rapportere gjennomført aktivitet og utviklingstrekk innanfor eininga, skal årsrapporten også peike på utfordringane framover.

Årsrapporten er ein del av den samla tilbakemeldinga som gjeld økonomistyring og resultat og dokumentet vert sendt gjennom Formannskapet til Kommunestyret med behandling i dei respektive komiteane før Kommunestyret får saka i plenum.

SAKSDOKUMENT:**Trykte vedlegg:****Ikkje trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------



Årsrapport 2014



Godkjent i kommunestyret:

Innhald

Innleiing.....	2
Samhandling og informasjon	4
Folketalsutviklinga	4
Flyttetala	5
Kommunebarometeret for Askvoll	5
Overordna KOSTRA-tal	6
Årsrapport frå einingane	7
Sentraladministrasjonen	7
Oppvekstetaten.....	10
Helse og omsorgsetaten	22
Nav -kontoret	34
HAFS interkommunale barnevern.....	38
Landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler	40
Bygg- og eigedomsavdelinga.....	43
Teknisk drift.....	48
Sjukefråvær	52
Skadesaker	54

Innleiing

Askvoll sin kommuneplan for perioden 2011 – 2022 er kommunen sitt overordna styringsdokument og seier følgjande:

«MÅL OG STRATEGIAR

Askvoll kommune har rike tradisjonar gjennom historie og kultur. Samtidig står vi overfor morgondagen sine utfordringar som krev nye tankar og løysingar. Vi vil at dei verdiane vi forvaltar frå historie, tradisjon og folkeliv skal vere med oss som basis og forankring når vi skal velje løysingar for framtida. Samtidig vil vi at det skal vere både rom for og vilje til å tenkje nytt og utradisjonelt. Byggjer vi på eigne røter og vår eigenart, vil vi få noko særmerkt, noko som skil oss frå andre på ein positiv måte.

HOVUDMÅL

-Vi vil

- *at kommunen skal vere eit berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for menneske, næringsliv og ulike samarbeidspartar, med utgangspunkt i kvalitet og vår eigenart*
- *at Askvoll-samfunnet skal vere prega av trivsel, identitet, engasjement, medverknad, frivillig arbeid og samhold for vekst og utvikling*
- *at Askvoll skal framstå som ein utadvent kommune som appellerer til nye innbyggjarar og besøkande på ein positiv måte*

KOMMUNEN SOM TENESTEY TAR OG ARBEIDSGJEVAR

Dei kommunale tenestene skal legge til rette for eit godt liv og for næringsutvikling. Kommunen må vere serviceinnstilt overfor innbyggjarane og andre som tek kontakt, og møte dei med openheit og respekt. Profesjonalitet og truverde er viktige faktorar for å lukkast i utvikling av kommunen. Eit godt omdømme kan vere avgjerande for å tiltrekke seg nye innbyggjarar og utvikle næringslivet. Eit godt omdømme kan òg gje respekt og lettare gjennomslag for eigne synspunkt overfor andre partar.»

Årsrapporten for Askvoll kommune er ei tilbakemelding frå einingane til rådmannen med oversyn over drifta i året som gjekk og utfordringar framover. Vidare er den eit reiskap for rådmannen i samband med rapportering til formannskap og kommunestyre, og eit godt grunnlag for det komande arbeidet med kommunen sin økonomiplan.

Rekneskapen for 2014 er gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på 5,894 mill. kr.

Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 5 093 571,-

Dette er svært positive tal og kommunen vil med dette dekke det akkumulerte underskotet og verte meldt ut av ROBEK.

Resultatet kjem på tross av vesentleg nedgang i skatt/rammetilskot i høve til det opphavlege budsjettet for 2014.

Rådmannen vil peike på at einingane har vore svært lojale og spart utgifter der det har vore mogleg.

Sjukefråværet har vore aukande gjennom 2014 og dette er ei utvikling administrasjonen vil følgje nøye med på framover.

Folketalet har dei siste åra vore stabilt og det ser ut til at mange års folketalsnedgang har flata ut.

Det er likevel slik at kommunen har ei aldrande befolkning og vi må rekne med at fødselstalet ikkje klarer å vege opp for naturleg avgang i åra framover. Då er det hyggeleg å stadfeste at vi dei siste åra har hatt innflytting til kommunen, noko som kan merkast ved høge søkjartal og fulle barnehagar.

Året har elles vore prega av arbeid med fleire store og viktige saker som kommunedelplan for Atløy-sambandet og med arealplanen . Rådmannen har gjennom året opplevd eit godt samarbeid og stå på vilje hjå tilsette og politikarar.

Askvoll, 26.05. 2015
Håkon Loftheim
rådmann

Samhandling og informasjon

Brukarane:

Askvoll kommune skal drive målretta kommunikasjon, med utgangspunkt i våre brukarar/målgruppene sine behov og føresetnader for deltaking ved:

- å gje våre innbyggjarar målretta, korrekt, forståeleg og aktuell informasjon om tenester, mogelegheiter, retter og plikter basert på deira behov, føresetnader og synspunkt
- å bruke eit godt og forståeleg språk i både skriftleg og munnleg kommunikasjon
- å sikre mogelegheita til medverknad, dialog og samhandling
- å gjennom god og oppdatert intern kommunikasjon sikre ein velfungerande organisasjon
- å arbeide aktivt for å bygge kommunen sitt omdømme og identitet for å bidra til at kommunen skal vere eit berekraftig og nyskapande samfunn
- å bruke moderne informasjonskanalar på ein effektiv og føremålstenleg måte

Våre viktigaste målgrupper i kommunikasjonsarbeidet er:

- våre tilsette
- dei folkevalde
- alle som bur og/eller arbeidar i Askvoll kommune
- brukarar av kommunale tenester
- næringsliv
- lokale lag og organisasjonar
- myndighetene
- media
- andre kommunar
- andre eksterne samarbeidspartar
- råd og utval
- tilflyttarar

Folketalsutviklinga

Samansetjing av folketalet i Askvoll ved utgangen av året

Aldersgrupper	2011	2012	2013	2014	2015
0 år	16	30	31	22	26
1 – 5 år	150	141	147	158	161

Forts. Samansetjing av folketalet i Askvoll ved utgangen av året

Aldersgrupper	2011	2012	2013	2014	2015
6 – 12 år	255	259	257	243	230
13 – 15 år	123	126	107	110	116
16 – 19 år	180	168	179	161	159
20 – 44 år	731	726	705	726	724
45 – 66 år	943	932	943	939	927
67 – 79 år	387	408	423	421	435
80 – 89 år	173	174	170	174	169
90 år eller meir	42	46	56	57	61
Sum	3000	3010	3018	3011	3008

Flyttetala

Netto flyttetotal	2010	2011	2012	2013	2014
Askvoll	19	10	-1	12	-3

Kommunebarometeret for Askvoll

Tenesteområde	2014	2013	2012	2011	2010
Samla rangering	20	24	36	71	128
Grunnskule	6	20	60	63	40
Eldreomsorg	72	121	138	201	253
Barnevern	81	289	142	149	278
Barnehage	326	204	113	54	154
Helse	131	144	98	79	57
Økonomi	259	337	362	341	273

Kommunebarometeret er ein samanlikning av alle kommunane i landet basert på 47 sentrale nøkkeltal som i hovudsak er henta frå KOSTRA-databasen.

Tabellen over viser Askvoll kommune sin plassering samla og for nokre tenesteområde. Samla rangering er oppmuntrande, men det kan vere vanskeleg å forstå endringar frå år til år på einskildområde.

Overordna KOSTRA-tal

Finansielle nøkkeltal	Askvoll		Kommunegr. 1		Sogn og Fjordane		Landet ellers	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,2	2,9		-0,6	2,2	3,1	1,9	0,5
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,5	2,6		0,2	2,4	2,9	2,6	1,1
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	225	229		212	208,8	216	205,8	209
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	3,9	1,6		17,3	13,6	12,9	14,1	15
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	57239	59710		52323	52923	54242	48196	48554
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	59818	66619		52524	63782	66853	50721	49741

Prioritering	Askvoll		Kommunegr. 1		Sogn og Fjordane		Landet ellers	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	103766	119764		123421	118628	128290	119961	128570
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 214, 215, 222, 223) per innbyggjar 6-15 år	126952	129425		113117	14770	115484	98932	101230
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2697	3074		2527	2747	2977	2132	2308
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta	22185	21269		18555	19325	20491	15225	16433
Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	2257	2291		2281	2412	2361	3308	3119
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta	4707	5428		8223	5929	7109	7269	7986
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. per innbyggjar	5606	5847		5942	5705	5942	3890	4220

Tabellen viser utgifter pr. innbyggjar i dei ulike målgruppene for dei største tenestekområda samanlikna med andre kommunar.

Dekningsgrad	Askvoll		Kommunegr. 1		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,9	91,9		86,6	91,9	92,8	90	90,9
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	9	8,7		9,7	9,6	9,1	8,3	8,1
Legeårsverk per 10 000 innbyggjar, kommunehelsetenesta	13,3	13,3		10,8	12,4	12,5	10,1	10,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjar, kommunehelsetenesta	9,9	10		8,9	10,6	9,6	8,9	8,9
Andel plassar i einarom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	93,1	93,1		98,2	91,9	92,2	93,8	94,9
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	12,1	10		14,1	13,8	14,1	13,8	13,3
Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år	4	3,5		:	:	:	3,9	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. Innbyggjarar 0-17 år	6,7	4,9		:	:	:	4,7	4,7
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjarar	29	28		20	22	23	20	20

Årsrapport frå einingane

Sentraladministrasjonen

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Rådmannskontoret	Håkon Loftheim	4	4	
Økonomiavdelinga	Nina Haugstad		4	
Fellesfunksjonar	Tova Kjæmpenes	1	3	

Rådmannskontoret sitt arbeidsområde har i hovudsak 3 målgrupper:

- Politisk styring – sekretærfunksjon og sakshandsaming for kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval. Gjennomføring av kommune/stortingsval
- Fellesfunksjonar i høve den kommunale drifta
- Publikumsretta sakshandsaming t.d. sal/skjenkeløyve, idrettsplan, tilskotsordningar, prosjektoppfølgning

Politisk styring

Sekretariatsfunksjon for alle politiske organ i kommunen og for arbeidsmiljøutvalet.

Administrativ leiing

Stillingsoversyn

Arkiv- og sekretariatsleiar

Rådmann

Ass. rådmann

Rådgjevar

Økonomiforvaltning

Stillingsoversyn

Økonomisjef

Konsulent rekneskap

Konsulent løn

Skatteoppkrevjar

Konsulent eigedomsskatt (mellombels)

Arbeidsoppgåver på rådmannskontoret

Rådmannsstaben har ansvar for overordna:

- økonomi og personalforvaltning
- arkiv
- innkjøp
- ikt
- heimesida
- beredskap
- pensjon
- forsikring
- sal- og skjenkeløyve
- næringsarbeid
- prosjektoppfølgning
- Ungdomsrådet
- idrettsplan, tilskotsmidlar idrett og friluftsliv
- oppfølging av velforeiningane
- Møtegodtgjersle og tapte arbeidsforteneste for politikarane i kommunen.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Inntekter	-4 751 042	-8 853 888		
Utgifter	20 147 080	24 376 837		
Samla	15 396 038	15 522 949	126 911	0,82

- forklaring til tabellen ovanfor her

Viktige hendingar

Eigedomsskatt
Fiberutbygging
Elektronisk internkontroll

Brukarane

Oppstart med arbeidet knytt til ny, brukartilpassa kommunal heimeside, som er lettare å finne fram på i tillegg til at den er tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne.

For å nå raskt ut med informasjon til brukarane av våre tenester har vi testa ut Varsling24 som mogeleg system for rask og god varsling av våre innbyggjarar og registrerte abonnentar på tenestene våre, og denne løysinga vart innført frå og med januar 2015. Dette er eit varslingssystem via mobil og automatisk oppringing til telefon ved t. d. planlagd arbeid i tilknytning til vatn eller avløp, planlagd nedetid på straumnettet, vegarbeid, koking av vatn med meir. Dette varslingssystemet kan og nyttast i samband med sektorvis varsling ved beredskaps- og liknande. Det har til no vore i innsats med positiv resonans frå publikum.

Personalmessige tiltak

Gjennomføring av lokale kurs for dei tilsette innan ulike emne.
Obligatorisk HMT-kurs for leiarar. Skulering av AMU-medlemmar, verneombod og varaverneombod innan HMT.
Gjennomføring av helsesjekk og vaksine for tilsette med særskilt utsett arbeid (helse, teknisk) ved bedriftshelsetenesta.

Interne prosessar

Arbeid med innføring av internkontrollsystemet Digital Kvalitet Risk Manager (dokumentstyring og avvikshandtering) høvesvis i februar 2015 (avviksmodul) og i april 2015 (dokumentstyringsmodulen), samt ein eigen risiko- og sårbarheitsanalysemodul i mai 2015, til bruk både i HMT- og beredskapsarbeidet.

Vi har testa ut og innført ei rimeleg videokonferanseløysing som skal bidra til å bruke arbeidstida meir effektivt, og for å unngå lange reiser til møter som og kan gjennomførast på video. Det er lagt opp til at effekten av dette tiltaket skal målast i samband med innført målekort i ROBEK IV ressursnettverket.

Økonomi

Innmeld i ROBEK.

Samfunnstryggleik og beredskap

Deltaking på Fylkesmannen sitt beredskapskurs, fellessamling på Skei.

KOSTRA-tal

Administrasjon, styring og fellesutgifter	Askvoll		Kommunegr. 1 / 4*		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innbyggjar	5606	5847	7747	5545	5705	5942	3890	3944

- I 2013 tilhørte Askvoll kommune kommunegruppe 4. I 2014 er kommunen kommunegruppe 1.

Oppvekstetaten

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Oppvekstkontoret	Adm/leiing	Kristen Holt	3,9	6	
	PPT				*)
	Vaksenoppl.				

Dette området gjeld fellestenester for alle einingane innan oppvekstetaten, i hovudsak knytt til fagfelte nemnt ovanfor.

*) I denne rapporten er ikkje sjukefråvær for einskildeiningar presentert. Samla for heile etaten hadde vi i 2014 store utfordringar med høgt sjukefråvær, og utviklinga har vore negativ gjennom året. Etter første halvår med eit sjukefråvær på om lag 7 % gjekk sjukefråværet oppover i andre halvår til 10,5% i fjerde kvartal. Dette har vore opplevd som ein svært krevjande situasjon frå både arbeidstakarar og ikkje minst for einingsleiarane. I tillegg var det i store deler av 2014 innkjøps- og tilsettingsstopp med forventning om minst mogeleg bruk av vikarar. Det har dessutan vore nesten uråd å finne kvalifiserte vikarar når ein måtte setje inn slike for å sikre forsvarleg drift, og til dels finn ein ikkje vikarar i det heile. Denne situasjonen har i sterk grad påverka det økonomiske resultatet i 2014 kor refusjonar langt oversteig ekstra utgifter til vikar og mellombels tilsette.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Oppvekst – ans 200	5 801	6 419	618	10,7
Samla	5 801	6 419	618	10,7

Det er framleis to forhold som gjer at avviket på dette ansvaret er relativt stort. Det eine kjem av større utgifter enn budsjettert til kjøp av tenester frå andre (både kommunar og private institusjonar) knytt til spesialundervisning for born i skulealder. Det andre forholdet knyter seg til vaksenopplæring, der deler av tilskotet frå staten til norskopplæring for vaksne framandspråklege med rett til dette no er sett på fond. Dette tilskotet er delvis øyremerkt opplæring av einskildpersonar, og denne må fullførast innan 3/5 år. Kommunen får mest tilskot det første året, og må difor setje av deler av dette til norskopplæringa dei to påfølgjande åra.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Vaksenopplæring	Framandspråklege med rett til norskopplæring vert etter kvart færre sidan fleire av desse har nådd det ordinære maksimale timetalet. Nokre elevar har fått vedtak om utvida timetal etter ei fagleg vurdering.
PPT	Ressursbruken til spesialundervisning som andre einingar/kommunar gjennomfører for elevar heimehøyrande i kommunen aukar framleis, og utgjør no ei utgift på vel 1,4 millionar kroner

Utfordringar framover

- Organisering av den interkommunale PP-tenesta må truleg endrast, både i omfang og eigarskap, for å tilpasse seg ein situasjon med færre barn i regionen, og kommunar som ikkje har råd til å betale meir for denne tenesta
- Ved eit eventuelt mottak av flyktningar må omfanget av vaksenopplæringa aukast monaleg. Vi må også rekruttere nye tilsette med fagkompetanse på vaksen-pedagogikk.

Skule

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Askvoll skule		Frank Ask (konstituert)	32,3	39	*)
Atløy skule		Oddgunn Keilegavlen Grane	8,4	11	
Bulandet skule		Asgeir Torvanger	10,2	16	
Gjelsvik skule		Siv Karin Flatjord	9,2	12	

Med unntak av Askvoll skule hadde dei andre skulane i 2014 eit nokolunde stabilt tal årsverk. Askvoll skule hadde auke i tal tilsette, vesentleg på grunn av ein klasse meir på ungdomssteget.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Askvoll skule	17 749	16 965	- 784	-4,4
Atløy skule	5 053	4 244	-809	-16,0
Bulandet skule	6 872	6 408	-464	-6,7
Gjelsvik skule	6 459	6 258	-201	-3,1
Samla	36 133	33 875	2 258	-6,2

Hovudgrunnen til Askvoll skule sitt avvik kjem i hovudsak av dei grunnane som er nemnt i den generelle delen ovanfor. Ein har fått inn vel 750.000 kroner meir i refusjon enn budsjettert, samstundes som ein ikkje har sett inn vikar fullt ut for alt fråværet. Dessutan er vikarar som regel løna lågare enn den dei er inne som vikar for. At det har vore innkjøpsstopp syner og tydeleg att i reduserte driftsutgifter ved skulen. Endring i satsane på SFO, samt fleire elevar som har nytta tilbodet, har ført til at inntektene der er om lag 40.000 kroner høgre enn budsjettert.

Rekneskapen for Atløy skule syner eit relativt stor overskot. Som for Askvoll skule kjem dette av meir refusjon (frå sjukeløn, fødselspengar og andre kommunar) enn det som er budsjettert. Desse tre postane utgjer til saman ei meirinntekt på om lag 800.000 kroner. Auken i vikarutgiftene er langt mindre enn dette, og i tillegg har det vore ufaglærte inne i stillingane. Dei ufaglærte har i fylgje rektor gjort ein god og tilfredsstillande jobb, men slike løysingar gjev likevel meirarbeid for dei andre i kollegiet og for leiinga på skulen. Om lag 1/3 av auken i refusjon kjem frå andre kommunar. Timetalet tildelt til dei elevane dette gjeld har variert noko slik at det har vore vanskeleg å leggje inn eksakte tal. Rektor seier at i samband med innsparingar har dei likevel «elevens beste» i fokus og prøver så langt det let seg gjere at dette ikkje går for mykje ut over elevane, og då særleg dei med spesielle behov.

Også for Bulandet skule syner rekneskapen eit relativt stort overskot. Også her er refusjon sjukeløn langt høgre enn budsjettert (vel 500.000 kroner) pga langtidssjuke tilsette, samstundes som ein forholdsvis sett har hatt rimeleg vikararbeidskraft. Elles har skulen eit klart mindreforbruk på forbrukspostane pga innkjøpsstoppen, og har dessutan spart mykje på vikardugnadsarbeid, utført av mange. På slutten av året vart ein dessutan klar over ei feilbudsjettering på konto 10500 Anna løn trekkpliktig godtgjersle. Her har det dessverre kome til ein 0 for mykje i budsjettet slik at det vart sett av 120.000 kroner i staden for 12.000. Så lenge skulen berre har hatt normale utgifter på dette området, har ein såleis spart inn om lag 100.000 kroner her. Elles kjem også SFO-drifta med eit mindreforbruk, både pga auka brukarbetaling og mindre lønsutgifter enn budsjettert.

Samla har Gjelsvik skule ei innsparing på 200.000 kroner i høve den gjevne ramma for 2014. I motsetning til dei andre skulane har Gjelsvik eit lågt sjukefråvær, og har samstundes vore svært nøysame med bruk av vikarressursen. Utgifter til vikarløn er

difor også den største enkeltinnsparinga i budsjettet. Elles har trongen for assistent vorte mindre enn budsjettert, og inntektene på SFO har også her vore høgre etter omlegging av betalingssatsane. Det er berre på teneste drift og vedlikehald av bygning at ein har eit overforbruk, og dette kjem av større lønsutgifter til reinhald enn det som er budsjettert. I fylgje reinhaldsplan i 2012 skulle samla stillingsstorleik reduserast, men dette har førebels ikkje vorte iverksett.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Felles	Rehabilitering/ ombygging av Askvoll skule vart sett i gong i løpet av 2014, og nye lokale vart tekne i bruk rett over nyttår i 2015. Ei stor kvalitetsheving av skulen.
	Alle skulane i kommunen har saman med andre skular i HAFS-regionen vore med i 1. pulje av staten si store satsing på motivasjon og mestring. «Den gode timen» med ekstra fokus på klasseleiing har vore tema for skulebasert kompetanseheving på skulane. Denne kompetansehevinga har vore gjennomført i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.
	Askvoll skule hadde tilsyn frå fylkesmannen på §9a-3 i opplæringslova om elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Skulen fekk varsel om lovbrøt på fleire områder, men arbeidde godt med tema hausten 2014, og lovbrota er no lukka.
	På grunn av ein svært trong økonomi har vi i 2014 berre hatt ein tilsett på vidareutdanning gjennom den statlege ordninga «Kompetanse for kvalitet»

Utfordringar framover

- Vi brukar framleis om lag 25% av den totale undervisningsressursane til spesialundervisning, sjølv om vi har greidd å redusere denne andelen noko. Utfordringa framover vert framleis å flytte meir av denne ressursbruken over på tilpassa opplæring, men då må samla ressurstildeling bli verande på det nivået ein har i dag.
- Tilby alle tilsette tilfredsstillande arbeidsplassar slik at ny arbeidstidsordning kan setjast ut i livet på alle skulane. Her har vi først og fremst ei utfordring på Bulandet skule.

- Fullføre rehabilitering av Askvoll skule (den delen som står att etter at noverande byggjesteg er fullført, samt tilrettelegging for funksjonshemma barn i hovud-bygningen).
- Basert på kartlegging av eksisterande kompetansen hos dei tilsette, må vi få på plass ein heilskapleg kompetanseplan som skal vere grunnlag for målretta kompetanse-heving, m.a. i tråd med nye krav til kompetanse i faga norsk, matematikk og engelsk. Dessutan må vi setje av nok ressursar til etter- og vidareutdanning slik at lærarane våre kan gjere seg nytte av dei statlege støtteordningane til vidareutdanning.
- Utvikle oss som gode skuleigarar, og få på plass eit heilskapleg kvalitetssystem som fremjar dialog i alle ledd.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Andel 6-15 år av innbygg.	11,7	11,5	12,4	12,3	13,0	12,9	12,1	12,0
Nettodrift grunnskuleoppl. 1 % av samla driftsutg.	22,0	21,4	20,4	20,3	20,5	20,8	18,6	18,4
Prosent elevar som får spes.ped	9,0	8,7	10,5	9,7	9,6	9,1	8,3	8,0
Grunnskulepoeng	40,5	43,2			41,2	41,5	40,0	40,4
Netto driftutg. til lokaler og skyss pr innb. 6-15	17776	20099	25381	20152	19494	19442	20159	20447
Gj.snitt gruppe 1-10	8,8	8,5	8,8	12,2	11,3	11,2	13,7	13,8
Gj.snitt gruppe 8-10	10,1	9,1	9,2	13,3	12,7	12,4	14,4	14,4
Driftsutg. inventar og utstyr pr. elev	257	404	977	773	920	981	894	938
Driftsutg. underv. materiell pr. elev	1413	1614	1810	1610	1774	1762	1360	1400
Overgang v.g. skule	100,0	100,0	98,9	97,8	98,6	99,2	97,8	98,0

- Grunnskuleopplæringa sin %-vise del av kommunen sine samla driftsutgifter går for andre år på rad nedover, men vi ligg framleis over dei vi samanliknar oss med. Sidan elevtalet samla går noko nedover, vert også tal elevar per gruppe redusert, gitt den skulestrukturen vi har. Vesentleg på grunn av innkjøpsstopp to år på rad, ligg vi svært lågt på forbruk til inventar og utstyr samanlikna med andre. Ein slik situasjon fører til eit etter kvart stort etterslep på dette området på skulane, noko vi ikkje kan halde fram med over tid. Elles er det gledeleg at grunnskulepoenga gjorde eit kraftig hopp oppover, at delen elevar som treng vedtak om spesialundervisning går nedover og at det er 100% overgang til vidaregåande skule.

Barnehage

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Røverompa b.hage		Siv Gjendemsjø Tangedal	12,3	15	*)
Nipa b.hage		Lilliann Heggøy	7,6	10	
Gjelsvik b.hage		Hanne Knudsen	5,9	7	
Holmedal b.hage		Sidsel Anita Itland	4,6	7	
Bulandet b.hage		Lise Midtbøen-Landøy	3,6	5	
Stongfjorden b.hage		Anita Lie Follevåg	3,6	5	

- Tal årsverk og tilsette er samla nokså stabilt, men med ein del justering mellom einingane. Auken er størst i sentrum av kommunen sidan det er her vi har opplevd størst auke i søknaden etter barnehageplass.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Røverompa b.hage	6 119	6 193	74	1,2
Nipa b.hage	3 165	3 049	-116	-3,7
Gjelsvik b.hage	2 763	2 982	218	7,9
Holmedal b.hage	2 515	2 430	-85	-3,4
Bulandet b.hage	1 902	1 883	-19	-1,0
Stongfjorden b.hage	1 971	1 937	-34	-1,7
Samla	18 435	18 474	39	0,2

Røverompa barnehage kjem dette året ut med eit mindre underskot, noko som først og fremst kjem av at ein framleis slit med forholdsvis høgt sjukefråvær med ditto bruk av vikar. Situasjonen er likevel under langt betre kontroll enn for berre eit par år sidan, takka vere eit aktivt arbeid frå fleire partar, og ikkje minst frå leiinga i barnehagen. Det er store avvik både på fastløn, vikarutgifter og ekstrahjelp, men dette vert i stor grad oppvege med auka inntekter frå mellom anna foreldrebetaling, refusjon sjukeløn og refusjon frå andre kommunar. Elles har det ikkje vore sett av midlar i budsjettet for 2014 til m.a. ekstrahjelp, overtid og trekkpliktige godtgjersler sjølv om slike utgiftene er der. Dette har ein teke omsyn til i nytt budsjett for 2015.

Nipa barnehage sitt overskot på om lag 116.000 kroner kjem primært av noko mindre budsjettert refusjon frå annan kommune enn det ein har fått inn. Elles er det ein del avvik på både fastløn og vikarutgifter, men dette vert i stor grad oppvege av auka inntekt på refusjon frå sjuke- og fødselspengar. I samband med innreiing av ny barnehageavdeling måtte ein kjøpe inn heilt naudsynt utstyr frå inventarposten fordi pengane som var sett av til dette i investeringsbudsjettet gjekk med til å dekke auka byggjekostnader. Overforbruket på inventar-kontoen har likevel gjennom året vorte

oppvege av mindreforbruk på andre driftspostar. Brukarbetalinga er noko mindre enn budsjettert.

Gjelsvik barnehage kjem ut med eit underskot på 218.000 kroner. Dette skuldast i hovudsak at eininga har eit relativt høgt sjukefråvær der refusjonar berre dekkjer deler av desse utgiftene. Barnehagen har teke tak i problemstillinga, og ein vonar etter kvart å sjå resultat av dette arbeidet også på rekneskapstala. Elles er inntektene frå brukarbetaling noko mindre enn det som er budsjettert, og skule/barnehage har frå dette året laga eit system for utgiftsfordeling av fellesutgifter mellom seg. Dette slo ut i noko høgre driftsutgifter for barnehagen enn tidlegare, noko som det vert teke høgde for i neste års budsjett.

Holmedal barnehage har eit overskot på vel 84.000 kroner. Dette kjem i det vesentlege av meir inntekter frå refusjon sjukeløn og fødselspengar enn auken i utgifter til fastløn og vikar. Brukarbetalinga er og litt høgre enn budsjettert.

Bulandet barnehage held seg greitt innanfor gjeva budsjettramme med eit mindre overskot på vel 18.000 kroner sjølv om det er store avvik på ein del einskildpostar. Det er eit forholdsvis stort avvik på løn til vikar, men dette vert oppvege av auka refusjon frå sjukeløn, lågare utgifter til fastløn og auka inntekt frå foreldrebetaling, slik at ein om lag går i balanse. Det er likevel gjennom innsparing på drift av bygningen som fører til eit overskot. I store deler av 2014 har ein ikkje hatt fast reinhaldar sjølv om ein har prøvd å lyse etter dette fleire gonger. Difor er det brukt langt mindre til løn reinhaldar enn budsjettert.

Stongfjorden barnehage har eit overskot på vel 34.000 kroner. Dette kjem først om fremst av mindre forbruk av løn til vikar enn budsjettert. Ein har også fått inn meir refusjon frå staten (til vidareutdanning psykisk helse) enn det som var rekna med. Utgiftene til reinhald trekkjer i den andre retninga sidan desse er noko høgre enn budsjettert.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Felles	Søknaden etter barnehageplass er framleis aukande, særleg i deler av kommunen (sjå ovanfor). For andre år på rad er det svært mange som søker utanom hovudopptak, og mange nye plassar må opprettast ved årsskiftet. Dette gir oss utfordringar både økonomisk og personalmessig, men med stor velvilje frå
	Nipa barnehage tok i byrjinga av 2014 i bruk ei lenge etterlengta utviding av arealet, og er no organisert i to avdelingar

	Vi held fram med å oppfylle målsetjinga om å ha to pedagogar per avdeling, og særleg i Røverompa har vi i 2014 kome eit godt stykke vidare i høve dette.
	Barnehagane har arbeidd med å få på plass ein felles utviklingsplan som framover vil føre til at barnehagane i større grad vil gjennomføre fellestiltak, både når det gjeld kompetanseheving og aktivitetar. I ein 4-årsperiode framover vil barnehagane difor ha ekstra fokus på <i>pedagogisk leiing</i> og barn si <i>språkutvikling</i>

Utfordringar framover

- Den største utfordringa framover vert å finne nok areal til å kunne gje eit barnehagetilbod til alle som ynskjer det. Fleire av barnehagane våre er «fylt til randen» av stadig yngre born som er stadig fleire og lengre dagar i barnehagen.
- Kartleggje kompetansen til dei tilsette og gje dei kompetansepåfyll slik at dei opplever å mestre nye oppgåver og utfordringar i barnehagen.
- Arbeide vidare mot barnehageeigar sitt mål om to pedagogar per avdeling (noko det no er ei positiv utvikling på), og samstundes auke andelen fagutdanna i dei andre stillingane.
- Arbeide med eit fokus på nærvær framfor fråvær for å få ned sjukefråværet

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Andel innb. 1-5 år	5,2	5,4	5,0	5,9	5,9	5,8	6,2	6,1
Netto driftsutg. for b.hage i % av total drift	9,5	11,1	8,7	13,1	12,0	12,7	14,5	14,9
Netto driftsutg. per innb 1-5 år	103766	119764	115834	123421	118628	128290	119961	129744
% barn 1-5 år i b.hg	86,7	91,9	90,1	86,6	91,9	92,8	90,0	90,2
% barn 3-5 år i b.hg	96,6	100,0	96,8	94,8	97,7	98,4	96,5	96,6
% barn 1-2 år i b.hg	74,6	78,7	80,1	73,3	82,6	83,5	79,8	80,1
Utgifter til komm. b.hg per opph.time	53	57	54	59	53	58	56	58
Andel styrere og ped. ledere med godkjent barnehagelærerutd	94,4	94,1	78,9	88,4	90,7	89,8	87,3	90,0
Tal barn pr årsverk korrigert for alder	5,7	5,7	5,7	6,1	6,1	6,0	6,2	6,2
Leike og opphaldsareal	5,6	5,8	7,5	6,2	7,2	7,4	5,5	5,6

- Som det går fram av tabellen så utgjorde barnehagedrift i 2014 ein større del av netto driftsbudsjett til kommunen. Vi ligg likevel godt under dei vi her samanliknar oss med, noko som og gjelde netto driftsutgift per innbyggjar 1-5 år.
- Elles ser vi at den %-vise delen av totalt tal barn i målgruppa som går i barnehage aukar. Om lag 92% av alle barn i alderen 1-5 går i 2014 i barnehage, og for andre år på rad aukar særleg tal 1-2 åringar som går i barnehage.

Kulturskulen

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Askvoll kulturskule	Andreea Terescenco	2,1	6	*)

- Berre to av dei tilsette er i faste stillingar, resten er i mellombelse stillingar (i små prosentstillingar)
- Ny rektor vart fast tilsett i 50% stilling frå august 2014.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Askvoll kulturskule	1 181	1 032	-149	-12,7
Samla	1 181	1 032	-149	-12,7

Innsparinga på Kulturskulen kjem av mindre aktivitet og mindre lønsutgifter i 1. halvår enn budsjettet. Som ein fylgje av dette har ein også mindre inntekter frå brukarbetaling dette året. Etter at rektor vart tilsett frå august månad, er tenesta no på det nivået som lønsmidlane tillét.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
	Ny rektor har starta arbeidet med å få på plass vedtekter med tydlege visjonar og mål for kulturskulen. Dessutan har ein sett fagleg mål knytt til undervisninga, og har oppgradert tilbodet.
	Ein har arbeidd med profilering og marknadsføring av kulturskulen for å synleggjere kulturtilbodet og ei vurdere marknadstrongen
	Har initiert eit årleg kulturarrangement med fokus på samarbeid og vidareutvikling av dei ulike kulturaktørane i kommunen

Utfordringar framover

- Utvide kulturskuletilbodet til Atløy og også i Værlandet/Bulandet
- Auke interessa for kultur i kommunen, og få fleire elevar i kulturskulen
- Etablere gode rutinar knytt til drift og leiing av skulen, og styrke leiingsressursen
- Kunne tilby større stillingar til dei tilsette for at det skal vere meir attraktivt å jobbe i kulturskulen.

KOSTRA-tal

Kulturskule	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,4	0,6	0,5	0,6	0,7	0,7	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 079	2884	2 540	2534	3 080	3361	2 146	2282
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	33,8	26,6	22,1	17,2	23,4	20,4	14,8	14,1

- Sjølv med små ressursar så gjev kulturskulen eit tilbod til svært mange, og skaper difor «mykje av lite». Også vi opplever at det er færre unge som søker plass i kulturskulen, men samanlikna med andre har vi framleis ei relativt høg %-vis deltaking. Det vert no dessutan arbeidd aktivt med å fornye og utvikle tilbodet med tanke på å vere meir attraktiv som eit kultur- og fritidstilbod.

Andre tenester innanfor oppvekstetaten

Organisering

Eining	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Askvoll bibliotek	Rand Bjørneset	0,8	1	*)

- Frå hausten 2014 vart 0,5 årsverk teke bort frå bibliotektenesta, og biblioteksjef dekkjer no åleine biblioteket si opningstid i tillegg til dei administrative og faglege gjeremåla.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Askvoll bibliotek	923	881	-42	-4,6
Samla	923	881	-42	-4,6

Biblioteket kjem ut med eit overskot på vel 44.000 kroner. Dette kjem først og fremst av at det vart redusert med ei 50% stilling på biblioteket i løpet av 2014. Det meste av den innsparinga vart likevel teken i samband med budsjettjustering etter 1. halvår. Ein har også her vore lojal i høve innkjøpstoppa og vore tilbakehalden med bruken av driftsmidlane i budsjettet.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
	Sidan 0,5 årsverk vart teke bort frå hausten 2014, har ein måtte redusere opningstidene ved biblioteket til 3 dagar per veke (18 t/v). I tillegg er biblioteket i hovudsak stengt i skuleferiane.
	Fylkeskommunen har vedteke å leggje ned ordninga med bokbåt frå sommaren 2015, noko som vil bety at Atløy og Bulandet/Værlandet vert ståande utan dette bibliotektilbodet.
	Biblioteket vart frå våren 2014 med på ei fellesordning i fylket med utlån av e-bøker (for smarttelefonar og nettbrett).
	I HAFS har ein starta eit arbeid med å sjå på tettare samarbeid mellom biblioteka i regionen, og er i ferd med å utforme ein samarbeidsavtale. Dette arbeidet vert støtta av kulturavdelinga i fylkeskommunen

Utfordringar framover

- Halde fram med å gje eit godt og variert tilbod til alle aldersgrupper sjølv om biblioteket si opningstid og tilgjengelegheit er vorte sterkt redusert.
- At ein sjølv med små ressursar likevel greier å utvikle tenesta, gjerne i samarbeid med andre.
- Synleggjere biblioteket

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til folkebibliotek i forhold til kommunens totale driftsutgifter (i prosent)	0,5	0,5	0,5	0,5	0,6	0,6	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	301	293	333	279	342	350	271	277
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger	2,6	2,4 *	3,8		3,7		4,3	
Årsverk, antall innbyggere per årsverk i folkebibliotek	2 316	3760 *	2 694		3 074		3 676	

- * KOSTRA-tal føreligg ikkje per i dag, men er basert på innrapportert bibliotekstatistikk
- Resultata i statistikken ovanfor kjem nok som ei direkte fylgje av dei nedskjeringane som ramma bibliotekdrifta i 2014, noko som også syner att i ein nedgang i utlånet.

Askvoll, 20.05.2015

Kristen Holt
Kommunalsjef Oppvekst

Helse og omsorgsetaten

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Administrasjon	400	Stein Helle	3,3	4	
Helse	410	Olaug Søreide	14,75	20	
Heimetenesta	420	Marit Erikstad	19	36	
Bu- og miljøtenesta	430	Nancy Bauge	18,75	29	
Askv. Omsorgssenter 1	440	Linda Rivedal	25	46	
Askv. Omsorgssenter2	450	Håvard Yndestad	30,8	54	
Totalt			111,6	189	9,0

- Bu- og miljøtenesta har i tillegg tilknytt ca 45 personar som støttekontaktar

Sjukefråvere – NAV-Inkluderande arbeidsliv og bedriftshelseteneste

Det har vore førd aktiv dialog med dei sjukemelde med oppfølgingssamtalar med utarbeiding av planar, søknader om tilretteleggingstilskot, gjennomføring av dialogmøter mm. Samarbeid med involverte partar har vore godt.

Sjukefråværet har synt seg å gå oppover sidan 2013 og grunnane kan vere fleire, men noko kan nok tilskrivast at det høg alder på arbeidsstokken. Mange slit med utslitne hofter og skuldrar, og har behov for operative inngrep. Dette gjer til at mange vert vekke over lengre tid. Men, det har og vore alvorleg sjukdom over lengre tid for enkelte arbeidstakarar.

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
400	-1 339 506,87	-5 466 764,44	4 127 257,57	
410	10 524 368,17	11 084 418,06	-560 049,89	
420	14 244 107,22	13 850 872,44	393 234,78	
430	14 534 265,99	15 142 631,40	-608 365,41	
440	16 229 371,41	16 589 539,94	-360 168,53	
450	23 846 479,21	23 814 630,87	31 848,34	
Samla	78 039 085,13	75 015 328,27	3 023 756,86	4,03

- forklaring til tabellen ovanfor her

Ansvar 400 : Det store avviket på ansvar 400 skuldast at ein har fått auka refusjon for særleg ressurskrevjande tenester . Askvoll kommune hadde for 2014 budsettert med kr. 5,7 mill i refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, forventa refusjon for 2014 er om lag 7,5 mill. kr.

Dette skuldast at ein ved hjelp av konsulent har funne måtar å dokumentere faktiske utgifter knytt til brukarar, som ein ikkje har nytta tidlegare. Det vert også sendt inn etterkrav om refusjon for 2013, kravet er på kr. 2 368 000,-. Meirinntekter for refusjon vart ca. 4,2mill. kr.

Samla sett er utgiftene til ressurskrevjande brukarar for 2014 på nærare 17 mill. kr. Det er i tillegg fleire brukarar som vi ikkje får refusjon for. Dette pga at dei ikkje kjem over innslagspunktet for refusjon.

Det vart krevjande for rekneskapen at ein fekk eit etterkrav for 2013 for medfinansiering somatiske pasientar på kr.520 000, noko som sjølv sagt ikkje var budsjettert.

Brukarbetaling for tenestene kom ut med ca. kr. 70 000,- i meirinntekter.

Ansvar 410 : Overforbruk på kr. 560 000,-, vert omtalt i eige avsnitt/del av årsrapporten.

Ansvar 420 : Rekneskapen kom ut med eit mindreforbruk på 393 000. Dette er på bakgrunn av streng prioritering og reduksjon i personalet der det har vore mogeleg. Har i tillegg gjennomført sparetiltak.

Ansvar 430 : Avlasting, støttekontakt, ferietilbud

Ungdommar på folkehøgskule, ekstra avlastning og auka dekking av reiseutgifter fører til eit forbruk som ikkje er budsjettert.

Samla meirforbruk på denne tenesta på kr 365 000,-

Det har i tillegg vore overforbruk på enkelttiltak, heimebuande brukarar og til omsorgsløn. Det totale overforbruket for ansvar 430 er på kr. 608 000,--.

Ansvar 440 : Hadde eit overforbruk på kr. 360 000,-, dette skuldast overbelegg i første halvår. Det var då naudsynt å bruke ekstra personale for å betene eit relativt stort overbelegg.

Ansvar 450 : Mindreforbruk på kr. 32 000,-. Dette skuldast stabile pasientforhold, og lite behov for ekstra innleige av personale.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Omorganisering	Omorganiseringa i starten av 2014 fekk ein nye einingar/seksjonar der tidlegare leiarar fekk nytt ansvarsområde og endra ansvarsforhold. Enkelte vanlege tilsette har også skifta arbeidsplass. Oppstarten i dei nye seksjonane vart gjort

	01.02.14.
Elektroniske timelister	Digital overføring av løn til Agresso starta haust 2014, noko som vil gje etaten mindre «etterslep» og betra kontroll på økonomien.
Risk Manager	Inføring av elektronisk internkontrollsystem
Ombygging Askvollheimen	I desember 2014 vart det gjort ei ombygging i avdelingane Kårstova og Rask. Gruppe Rask fekk to rom mindre (frå 10 til 8), og Kårstova fekk to rom meir (frå 15 til 17). Dette var eit budsjetttiltak for 2015, med hensikt å slå saman Solstova og Rask, som til saman får 16 plassar. I denne ombygginga fekk Kårstova også tilgang til terapikjøkken, og det er i 2015 planar om å setje i verk tilbod for heimebuande personar med demens i form av dagopphald. Meininga er å ha opent dagtilbod 2 – 3 dagar i veka.

Brukarane:

Helse- og omsorgsetaten ynskjer å yte eit heilskapt tilbod til innbyggjarane i kommunen, slik at kvar einskild vert mest mogeleg sjølvhjelpen og trygg og kan bu lengst mogeleg i sitt nærmiljø og få eit fullverdig liv utifrå egne føresetnader.

Det vert drive pårørande –skule innanfor demens, dette er eit svært omtykt for dei pårørande. Tiltaket vert drive av gruppe Kårstova ved Askvollheimen og Psykiatrisk heimesjukepleie-teneste.

Heimetenesta er no ei eining med unntak av omsorg 2 som høyrer til Askvoll omsorgssenter¹. Vi har sett ein utvikling i pasienttal i seksjon heimetenester i løpet av 2014. I januar hadde ein 119 pasientar og ved utgangen av desember var talet blitt 140. Dette er ein auke i tal pasientar med 17.6 %. Personalet opplever auka trykk på tenesta og større krav til kunnskap på ulike fagfelt og spesielt ser ein at rus/psykiatri krev tid og ressursar, omsorg for dei heimebuande demente er også krevjande.

Røde Kors, Folkeakademiet og Frivillighetssentralen arrangerer ofte ettermiddags-treff, konsertar og lotteri. Dette er eit viktig tiltak for trivselen til både pasienter, pårørande og personalet. Aktivitøren spelar og ei stor rolle for trivselen til pasientane.

Personalmessige tiltak

Ein del av personalgruppa har fått endra arbeidstad i organisasjonen som for ein del er etter egne ønske, men oppgåvefordelinga i einingane har og måtta vere i endring i samsvar med nedskjeringar og omfordeling.

Ein del av personale er flytta frå andre einingar og fått litt endra arbeidsoppgåver. Personalgruppa er no blitt ein del større og ein må vere meir fleksibel og samarbeide med alle. Ei slik endring er alltid utfordrande i starten, men går seg til etter kvart. Personalet i gruppa virkar å ha kome styrka ut av denne prosessen. Det har blitt tilsett 3 faste vikarar som skal dekkje vakante stillingar, permisjonar og sjukefråvær. Dette har vore positivt for heile etaten. Ein har likevel måtte bruke 2 personar frå vikarbyrå i ein periode på sommaren for å gje ei forsvarleg teneste. Dette hadde nok og ein samanheng med at personal frå denne eininga vart flytta inn i seksjonsleiarstilling. Det er og blitt gitt permisjon for å jobbe i anna kommune der arbeidsplassane no er lettare tilgjengeleg p.g.a. Dalsfjordbrua.

I heimetenesta er tal gruppeleiarar redusert og ansvar og arbeid er såleis auka for den enkelte gruppeleiar.

Fleire av våre tilsette har delteke på vidareutdanning. Det vart starta gruppevis internopplæring i høve demens både i og utanfor Askvollheimen, 12 stk arbeidstakarar har starta på opplæringa Demensomsorgens ABC.

Ressurssjukepleiarane i lindrande behandling arbeider godt saman med sjukehus, fastlege og kollegane i eiga teneste. Dei deltek i opplæring og nettverk innad i fylket. Infeksjonskontrollprogrammet gjev årleg oppdatering/kursing av alt personalet samt at rutinar innan faget vert fornya.

Oppdatering og kursing i medikament handtering og rutinar.

Ressurssjukepleiar i lindrande behandling har vore med i 2 lokale nettverkssamlingar for kreftomsorg og lindrande behandling i tillegg til ei felles samling.

Oksygenkontakten har vore på ei nettverkssamling over 2 dagar. 2 hjelpepleiarar har vore på kurs i rettleiing. I tillegg har vi ein lærling som har hatt praksis på ulike einingar.

Fysioterapeuten kom tilbake etter permisjon i sommar og det har vore avgjerande for rehabiliteringsopphaldet til pasientar som har vore her for opptrening. No får alle pasientane våre anledning til å delta i felles trening kvar veke.

Interne prosessar

Vi har hatt ei omorganisering i 2014. Dessverre har manglane i leiarkabalen gjort sitt til at vi nok ikkje er der vi skulle i høve utvikling.

Innføring av kvalitetskontrollprogram. Er enno i startfasen og vil krevje mykje insats for å få det i ordinær drift med alle involverte partar, tilsette vil ha behov for opplæring over tid.

Tenesta prioriterar høgt at tilsette skal få moglegheit til vidareutdanning. Det er fleire medarbeidarar som har skulert seg innan lindrande behandling, psykiatri, aktiv omsorg og demens. I tillegg er det studentar innan sjukepleie som nyttar ordninga med stipend.

Økonomi

For helse-og omsorgsetaten vart det eit samla resultat på litt over 3 millionar i pluss. Dette skuldast som nemt auka refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, det vart lagt ned eit stort arbeid for å kunne hente inn ein auka refusjon på ein slik størrelse.

Det var store utfordringar innan ansvar 410, 430 og delvis 440. For ansvar 410 kom mykje av overforbruket grunna utgifter for ung brukar i annan kommune. Det er levert krav om tilbakebetaling av innbetalte beløp for 2013 og 2014, ein forventar svar om dette i det næraste.

Ved ansvar 430 fekk ein utfordringar med aukande behov for bruk av støttekontaktar. Dette gjeld for brukargrupper som gjerne skulle hatt eit anna tilbod, slik som demenspasientar. Men ein har vurdert det slik at det er betre å setje inn tiltak med støttekontakt, enn å ikkje kunne gje turvande teneste i det heile. Vi ser også eit stadig aukande behov for tenester hos ungdommar som ikkje klarar å handtere kvardagen på eiga hand. Tenesta har vore nøydd til å kjøpe tenester hos folkehøgskule i samarbeid med Nav. Det har i tillegg vore naudsynt å bruke meir midlar på avlasting for den same gruppa. I tillegg var det meirforbruk knytt til enkelte av dei ressurskrevjande brukarane.

Ved ansvar 440 som er den seksjonen ved Askvollheimen som tek seg av korttidsopphald og langtidsopphald, har ein i første halvår av 2014 hatt eit stort overbelegg som har utløyst behov for ekstra innleige. Dette gjorde til at ein på årsbasis fekk eit meirforbruk på ca. kr. 360 000,-

Ved ansvar 420 og 450 hadde ein mindreforbruk.

Det er verdt å merke seg at ein i løpet av 2014 måtte drive svært nøkternt. Når ein utover året såg at det gjekk mot eit meirforbruk, vart det gjort vurderingar på korleis ein kunne redusere forbruket. Heile etaten vart kartlagd for å kunne gjere innsparingar, og drive på ein meir effektiv måte. Ved årsslutt såg ein at dette hadde hatt effekt, og at ein hadde redusert kostnadane oppimot det som var stipulert.

Det er viktig å få fram at ein har hatt med seg tilsette, og at det er dei som har fylgt lojalt opp det som har vore vedtatt ifylgje innsparingsprosessar.

Samfunnstryggleik og beredskap

Tenesta gjennomfører brannrundar med alle som vert tilsett.

Ordinære brannøvingar vart ikkje gjennomførde. Tilsette er starta opp med E-læring i høve brann, dette vert vidareført i 2015.

Det har vore arbeidd aktivt med å planlegge tiltak som reduserar risiko ved kriser, ein planlegg å legge varmpumper til naudstrømsaggregat. Ein skal legge nye

fiberkabler mellom sjukeheim og legesenter, for å oppretthalde internett-tilgang ved straumbrot.

Miljø- og klimatiltak

Vi har kontinuerleg fokus på og arbeider med å betre miljø- og energitilhøva i tilknytning til aktivitetane våre. Vi prøver å begrense kjøring mest mogeleg for å halde låge co2 utslepp, reiser med færrest mogeleg bilar når vi er på kurs.

Utfordringar framover

Planlegge og få gjennomført større utbyggingar, slik som nye pasientrom ved Askvollheimen og omsorgsbustadar. Desse tiltaka er vedtekne og finansierte. Planlegge dagtilbod til heimebuande demente, dette er både eit reelt behov og krav frå staten at vi klarar å setje i verk.

Nok fagpersonell, det vert viktig med nyrekruttering av fagpersonell både fag og høgskuleutdanna. Etaten har ein arbeidsstokk med høg alder, eit moment i dette er at vi har fått eit større bu og arbeidsområde som konkurrerar om arbeidskrafta. Det har vist seg å vere utfordrande å rekruttere og behalde personell i 1:1 tiltak og til brukarar i bu- og miljøtenesta.

Korleis skal ein kunne handtere stram økonomi opp imot auka krav til fagleg høgt kvalifisert pleie? Vidare ser ein ikkje enno kva ansvar kommunane får for ulike deler av samfunnet sine tenester. Dette står att å sjå, og vi går spanande år i møte. Dagens aktivitetssenter ligg i eit gammalt bustadhus. Huset er i dårleg stand, og det har vore meldt inn sak i samband med fuktskade og tilbakemelding frå personalet om ulike plager som kan knytast til dette. Huset er ikkje tilrettelagt for funksjonshemma brukarar verken inne eller med omsyn til adkomst, huset er over 2 etasjar.

Det er eit ynskje å få eit aktivitetssenter i tilknytning til dei nye omsorgsbustadane som skal byggast ovanfor Askvollheimen. Dette vil vere ein mogelegheit å knyte opp til nye tilbod som frisklivsentrar, arbeidstrening og dagsenter for psykiatri. Det har vore gjort mykje arbeid i barnehage og skule for å legge til rette for brukarar med funksjonshemming, men lite satsing på aktivitetsstilbod/arbeidstilbod etter vidaregåande skule. Vi ser ein klar utvikling med ungdommar som slit med å takle dei utfordringar og krav som samfunnet set til dei. Fleire av dei dett ut av vidaregåande skule, og har lite konstruktivt å fylle kvardagen med. Dei har gjerne angst og depresjon, og har verken motivasjon eller initiativ til arbeid og skule.

Det er meldt at Helse- og omsorgsetaten får fleire BPA-prosjekt i løpet av 2015, dette vil utfordre oss på både økonomi og personell.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 1		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014

Legetimar pr.veke pr. bebuar i sjukeheim		0,47		0,42		0,39		0,50
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg, pr. innbygger 67 år og over		96 205		114 329		126 373		115 144
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80 år og over		278 157		356 696		370 350		377 520
Utgifter per bebuardøgn i institusjon Enhet : kr.		2015		2987		3183		3100
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass,		815 400		1 033 733		1 025 975		1 049 165
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kr., pleie og omsorgstenesta		21 269		18 555		20 491		16 110
Gjennomsnittlig antall tildelte timar pr veke som brukarar av heimetenesta får		7,1		4,0		4,6		4,6
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg Enhet : Kroner		777 353		734 137		699 883		717 586
Andel årsverk i brukarretta tenester m/ fagutdanning i %		85		74		73		75
Årsverk i brukarretta tenester pr. mottakar		0,36		0,42		0,50		0,49
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over		12,6		18,0		18,8		18,7
Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av bef. 80+		20		26		29		29
Andel bebuarar i institusjon av antal plassar,belegg i %		115,3		99,2		92,9		97,5

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) Enhet : Kroner		249 927		215 619		248 993		237 907
---	--	---------	--	---------	--	---------	--	---------

- Askvoll kommune ligg litt over samanliknbare kommunar på legetimar per veke per bebuar i sjukeheim.
- I nettodriftsutgifter pr. innbyggjar 67 år og over ligg Askvoll kommune godt under landet og kommunar vi kan samanlikne oss med
- Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kr., pleie og omsorgstenesta ligg Askvoll over samanliknbare kommunar, Sogn og Fj. og landet
- Gjennomsnittlig antall tildelte timar pr veke som brukarar av heimetenesta får er høgare enn samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Utgifter per bebuardøgn ligg under både samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, ligg Askvoll betydeleg under alle andre som ein samanliknar mot
- Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass : Askvoll driv billegare enn både samanliknbare kommunar, fylket og landet
- Vi har svært høg andel fagutdanna arbeidrarar
- Vi har få antal plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og over
- Andel bebuarar i institusjon av antal plassar,belegg i % : Belegg ved Askvollheimen er 115%, dette er rett og slett overbelegg
- Kostra viser også at vi driv rimelege heimetenester, vi ligg under både samanliknbare kommunar, fylket og landet

Legesenter, helsestasjon, jordmor, fysioterapi, psykiatrisk sjukepleie

Organisering

Eining	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Helse	Legeteneste Legevakt Miljøretta helsevern Skule- og helsestasjon Jordmorteneste Fysioterapi Psyk. sjukepleie-teneste Folkehelse Frivillige tenester	Seksjonsleiar: Olaug Søreide Fagansvarleg: Stein Helle	14,75	20	

Økonomi

Eining	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Seksjon helse	10 524	11 084	- 560	
Samla	10 524	11 084	-560	-5,32

Overforbruk skuldast i det meste kjøp av tenester frå anna kommune, dette tiltaket er ikkje budsjettetert. Det er i tillegg brukt for mykje på lækjarvakt/medisinsk nødmeldetjeneste, auka godtgjersle til legane, og manglande tilskot for fysioterapeut.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Fysioterapi	Starta igjen med helsebading Eine fysioterapeuten hadde permisjon dei fire første månadane. Førte til større arbeidsmengde på den andre fysioterapeuten.
Legekontor	Ny fastlege og kommuneoverlege starta 01.12.
Folkehelse	Oppstart «Seniortrim» - eit tilbod til eldre heimebuande med fokus på styrke og balanse Stavgangkurs «Fiskesprell» - kurs i matlaging utandørs for barnehagepersonell, SFO og lærarar i samarbeid med Vardar for folkehelse Oppretting og gjennomføring av 5 samlingar av Nettverk for folkehelsekoordinatorar i HAFS-kommunane og Gulen. Arbeidsgrupper nedsett av Folkehelserådet for aktivitet, skader og ulykker, kultur og helse vart avslutta. Resultatet skal nyttast i handlingsplan for folkehelsearbeidet.
Folkehelse, danseverkstad	Tur til Latvia i februar 2014 med framsyningar på skular og barneheimar i lag med instruktørar frå Leikanger To elevførestillingar på samfunnshuset med 70-100 tilskodarar kvar gong Starta opplæring av nye instruktørar
Nærmiljøsentralen	Mottak og administrasjon av arbeidet til volontør Gjennomført Dansens dag

	Oppstart av sørvisskyss i alle bygder
Helsestasjon (omfattar helsesøster og jordmor)	Innføring av rotavirusvaksine i barnevaksinasjonsprogrammet frå 01.09. med vaksinasjon ved 6 veker og 3 mnd. Flytting av BCG-vaksine i barnevaksinasjonsprogrammet frå fødeavd. til helsestasjon ved 6 veker Innført ekstra kontroll hos jordmor i veke17-19 pga redusert ktr. v/føde poliklinikk
Psykiatrisk sjukepleieteneste	Det har vore langt fleire pasientar/brukarar som har tatt kontakt med tenesta for samtale utan å ha vedtak på eit tilbod. Desse får gjerne 1-2 samtalar før evt vedtak vert skrive.

Brukarane:

Tilbakemelding frå brukarane er gode, det er svært lite klager på legetilbudet i kommunen. Det er også mykje gode tilbakemeldingar på jordmor og helsestasjonstilbudet. Ein ser at ein får gjort mykje trass begrensa ressursar innanfor enkelte tenester.

Personalmessige tiltak

Det har vore jobba med ombygging/rehabilitering av 2. etasje av Helsehuset. Helsestasjon har behov for auka areal, det er ikkje tilfredsstillande arbeidsforhold eller gode nok fasilitetar for barn og foreldre. Ombygging er sett på vent, det vert arbeidd med andre alternativ for å skaffe Helsestasjonen passande lokale.

Interne prosessar

Ein har brukt mykje tid og ressursar på å integrere dei nye fagområda inn i seksjon helse.

Dette vil ein måtte arbeide vidare med, for å få ein godt fungerande seksjon.

Økonomi

Overforbruket under seksjon helse skuldast:

Psykiatrisk sjukepleieteneste: Kjøp av teneste frå Førde kommune på kr. 381 026,-. Uavklart sak mellom kommunane kven som skal dekke dette. Har ikkje vore budsjetttert hos oss.

Fysioterapi: Det var budsjetttert med fastlønstilskot for to fysioterapeutar heile året. Pga permisjon fekk vi eine halvåret kun tilskot for ein fysioterapeut. Såleis budsjetttert med kr. 91 560,- for mykje i inntekt.

Lækjarvakt/medisinsk naudmeldeteneste: Utgiftene til tenesta vart på kr. 112 874,- meir enn budsjetttert. M.a. vart ei sluttrekning for 2013 på kr. 30 908,- ført på 2014.

Legesenter: Auke i takstar for godtgjersle til legane frå 01.07.14. Førte til eit overforbruk på kr. 106 816,-.

Samla overforbruk for seksjon helse vart kr. 560 000,-.

Samfunnstryggleik og beredskap

Askvoll kommune har utarbeidd ROS-analyser og beredskapsplan.

Nytt elektronisk internkontrollsystem vil vere med å trygge innbyggjarane både i forhold til tenestekvalitet og trygghet.

Ein planlegg å sikre legesenteret med aggregat/naudstrøm for oppretthalde akutt drift ved kriser.

Utfordringar framover

Legesenteret: Kontoret har mist 40 % stilling som helsesekretær i budsjettet for 2015. Dette vil auke arbeidspresset betydeleg på dei som er att. 4 dagar i veka vert det halve dagar med berre to hjelpepersonell på jobb (tidlegare 1 dag). I tillegg til ulempene for dei tilsette, vil det også verte merkbart for pasientane i forhold til tilbod og ventetid.

Helsestasjon: Skulehelsetenesta har utfordringar som er vanskeleg å stette med dagens bemanning, ein ser at det er stadig større behov for tenesta. Jordmorstillinga vil verte redusert med 10 % frå 01.07.15. Dette vil gje utfordringar i forhold til oppfølging av barselomsorga (viser til Nasjonal retningslinje for barselomsorg IS-2086). Mottak av flyktningar vil auke arbeidsmengda ved Helsestasjonen, frå 01.07.15 vert det tilført 30% stilling ved Helsestasjonen for å bøte på dette.

Nærmiljøsentralen: Det har vore vanskeleg å skaffe frivillige til å køyre middag/mat i 2014. Leiar av sentralen har difor ofte køyrt sjølv. Det er ikkje noko som tilseie at det vert lettare å skaffe frivillige i 2015.

Fysioterapi: Auke i hjelpemiddelsøknader og redusert vaktmesterteneste fører til at fysioterapeutane må bruke meir tid til hjelpemiddelformidling og får dermed mindre tid til pasientbehandling. Det er også jamn auke i tilvisingar for fysioterapi til barn. Mangel på ergoterapeut i kommunen fører til meir arbeid for fysioterapeut i forhold til kvardagsrehabilitering og hjelpemiddel. Fysioterapi i pleieinstitusjon vert prega av at det ikkje er tilgang til treningsrom og treningsutstyr der.

Folkehelse: Det bør vurderast om det er hensiktsmessig å opprette eit kommunalt frisklivs-, lærings- og mestringstilbod. Dette for å kunne gjere oppgåver som er tenkt overført til kommunane i samband med samhandlingsreforma. Elles ynskjer ein å komme i gong med førebyggjande heimebesøk hos eldre med fokus på brann og fallskader. Det vil vere ynskjeleg å opprette eit tilbod med seniortrim eller tilsvarande tiltak i grendene. Det er meldt interesse frå m.a. Værlandet/Bulandet og Kvammen. Arbeidet med folkehelseplan for Askvoll kommune skal slutførast i 2015. Folkehelsearbeid må integrerast i alle kommunale sektorar.

Psykiatrisk sjukepleieteneste: Arbeidsmengda aukar stadig. Færre pasientar enn tidlegare vert avslutta og det kjem til stadig nye med samansette problemstillingar. Dette medfører meir organisering med samarbeidspartar, fleire individuelle planar og auka møteverksemd. Det er fleire kontaktar innan både gruppa demente og unge. Reisetid, dokumentering osv krev også mykje tid. Totalt går dette ut over kronikarar som har fått eit redusert tilbod. For dei tilsette har det ført til at kurs og konferanser (kompetanseheving) har vorte nedprioritert. Mottak av flyktningar vil sannsynlegvis medføre behov for støtte og rettleiing frå psykiatritenesta.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Legeårsverk per 10 000 innb.	13,3	13,3		10,8		12,5		10,2
Andel nyfødte med heimebesøk innan to veker etter heimkomst.	105	89		94		95		81
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder Enhet : %	119	92		92		105		97
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år Enhet : Kroner	9256	7840		8406		8596		7425
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggere.	9,9	10		8,9		9,6		8,8

Forklaring til tabellen over

- Vi har god legedekning i Askvoll, vi ligg over samanliknbare kommunar
- Vi har god oppfylgjing av jordmor til dei nyfødde, men andel heimebesøk er redusert sidan 2013
- Helsestasjonen har god oppfylgjing av 2 til 3-åringar, sjølv om andel barn som har fullført helseundersøking ved 2 – 3 års alder har gått ned

- Askvoll brukar meir pengar per innbyggjar på barn 0 til 5 år i skule- og helsestasjonstenestader ligg vi klart over samanliknbare kommunar
- Kostratala viser også at Askvoll kommune har god dekning av fysioterapeutar.

Askvoll 08.05.15

Stein Helle

Kommunalsjef helse og omsorg

Nav -kontoret

Organisering

Eining/teneste	Fagfelt	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
NAV		Åse Rivedal Solheim	6,3	8	Pr 4.kvt: Kommune:24,9% Stat: 0%

Tala omhandlar legemeldt sjukefråvær.

Økonomi

Eining/teneste	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
NAV	4 513 151	4 227 748	285.403,-	

Årsrekneskapen viser at NAV hadde eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på kr. 285.403,-. I samband med revidert budsjett fekk NAV tilført kr 200.000,-. Årsaka til at vi har eit overskot ved utgangen av året er at vi hadde ei vakant stilling nokre månader .

Viktige hendingar

Kva	
Avslutting av arbeidet med konverterte arbeidsavklaringspengesaker.	Arbeidet var krevjande, men vart gjennomført innan fristen 010315. Vi hadde ikkje makta det innan fristen utan overtidsmidlar frå NAV Sogn og Fjordane.
Tilsett sa opp stillinga si frå 010715 etter ein periode med sjukefråvær	Nytilsett frå 011114. Vi hadde redusert bemanning over fleire månader.
Kanalstrategien i NAV	NAV kontaktsenter har teke over fleire statlege oppgåver. Det betyr at alle spørsmål

	om utbetalingar og rettleiing på pensjon, foreldrepengar, dagpengar skal rettast til kontaktsenteret
--	--

Brukarane:

NAV si hovudoppgåve er å skaffe arbeid til folk og arbeidskraft til arbeidsgjevarane. Brukarane våre skal vere registrert som arbeidssøkjarar anten dei er mottakarar av dagpengar , arbeidsavklaringspengar eller økonomisk sosialhjelp. Vi har statlege tiltaksmidlar som vi kan nytte til kvalifiserande tiltak for brukarane for at dei skal behalde arbeid eller skaffe seg nytt arbeid. Vi har tilskot til arbeidsgjevarar som ynskjer å ta inn brukarar i ordinært arbeid eller i arbeidstrening. I 2014 har vi nytta tiltaksplassar i Askvoll kommune innafor helse- og omsorg, oppvekst og sentraladministrasjonen. Vi opplever at dette samarbeidet har fungert svært godt, og det har medført ordinært arbeid for mange brukarar. Vi har og hatt eit godt samarbeid med det private næringslivet i kommunen.

I 2014 har ungdom, framandspråklege og personar med spesialtilpassa innsats vore prioriterte for tiltaksmidlar.

Ungdom: Vi har som mål at alle ungdomar skal ha tilbod om arbeid, skule eller anna aktivitet. Vi erfarte i løpet av året at fleire ungdomar treng tverrfagleg bistand. Samarbeidet med oppfølgingstenesta i vidaregåande skule, opplæringskontora, PPT og barnevern fungerer godt.

Det er viktig at vi har eit system som fangar opp dei ungdomane som treng hjelp tidleg , og at vi får avklara kva hjelp dei treng.

Sjukmelde: Oppfølging av sjukmelde var eit satsingsområde også i 2014 og vi hadde gode resultat på gjennomføring av dialogmøte 2. I 2014 har vi hatt fokus på å redusere antal saker som går over på arbeidsavklaringspengar. Men vi ser at ved overgangen til 2015 har vi 80 saker, noko som er om lag det same som i slutten av 2013. Det viser at tilgangen av saker har vore like stor som avgang.

Mottakarar av økonomisk sosialhjelp: Vi har hatt ein nedgang på tal saker frå 77 til 66. Samla stønadssum for lån og bidrag var på kr 2 195 436,-. Tilsvarende for 2013 var kr 2 502 398,-. Dei fleste mottakarar av økonomisk sosialhjelp har andre stønader frå NAV i tillegg, men ytingane er for låge til å leve av. Vi har og hatt nokre familiar som i løpet av 2014 ikkje har hatt anna inntekt enn sosialhjelp i periodar. Vi har hatt fokus på råd og rettleiing i høve økonomi til familiar. Det handlar om hjelp til å setje opp budsjett og hjelp til å gjere avtale med kreditorar. Antal personar som har gjort avtale om frivillig forvaltning av økonomien sin har auka i 2014.

Vi har i løpet av året og hatt nokre store gjeldssaker med omfattande samhandling med kreditorar og namnsmann. Det er arbeidskrevjande saker.

Rusavhengige: Det har ikkje vore auke i tal saker frå 2013 til 2014. Vi har eit tett samarbeid med spesialisthelsetenesta og rusinstitusjonar i tillegg til samarbeidet internt i kommunen. Det er eit krevjande arbeid som tek mykje tid og som ikkje minst er belastande fordi ein er tett på menneske som har det vanskeleg.

Det er viktig at ungdom som kan vere i faresonen, vert fanga opp. Der er vi heilt avhenging av informasjon og samarbeid med andre instansar. Gjennom året har vi i gjennomsnitt hatt 25 – 30 brukarar under 30 år som har hatt ekstra oppfølging. Det er eit fåtal av desse sakene at rus er hovudproblemet (gjennomsnittleg 2-3 saker). Men om vi ikkje har så mange slike saker kan det likevel vere eit rusmiljø blant ungdom. Forskning viser at hasj vert meir og meir brukt som rusmiddel til fest blant ungdom, og det er ingen grunn til å tru at ungdom i Askvoll er annleis enn andre.

Brugarundersøkinga: Vi hadde gode resultat på den årlege brukarundersøkinga. Brukarane opplever at dei vert møtt med respekt og at vi legg vekt på det dei seier. Vi finn løysingar som bidreg til at brukar ser nye mogelegheiter.

Personalssige tiltak og interne prosessar

Kontoret var underbemanna deler av året og det medførte ekstra belastning for dei tilsette. Arbeidet med dei konverterte arbeidsavklarings sakene tok mykje ressursar første del av året.

I første halvår arbeidde vi mykje med å utarbeide rutinar på HMTområdet og vi fekk på plass årshjul og IA plan. Vi har fått eit system for årleg vernerunde og risikoanalyse.

Vi har hatt samarbeid med bedriftshelsetenesta (Stamina) om ei karlegging av arbeidsmiljøet. Den årlege HKI – undersøkinga (arbeidsmiljøundersøking) synte utfordringar i arbeidsmiljøet. Partnerskapet vart involvert i prosessen rundt dette. Det vart i møte med dei tilsette konkludert med at vi skal arbeide vidare med å konkretisere kva som er oppdraget til NAV med særleg fokus på dei kommunale oppgåvene.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det er stort fokus på sikkerheit for dei tilsette i NAV. Vi har ikkje opplevd alvorleg vold eller trusselsituasjon i 2014, men det er viktig å ha rutinar for dette. I mars \april 2014 hadde vi opplæring og gjennomføring av øving i trusselsituasjon. Beredskapsplanen vart oppdatert. Vi har bestemt at vi alltid skal vere to på jobb. Det betyr at i periodar med redusert bemanning (feriar ol) kan kontoret verte stengt dersom sjukdom eller anna uforusett fråvære dukkar opp.

Arbeidet med analyse og rutinar vil halde fram i 2015.

Utfordringar framover

Ekspertutvalet som har sett på korleis NAV fungerer og kva resultat vi har fått til, har kome med sin sluttrapport no i vår. Det går tydeleg fram der at arbeidet med å få fleire i arbeid ikkje har lukkast slik ein hadde tenkt. NAV kontora brukar for lite ressursar på markedsarbeid og samarbeid med arbeidslivet. Utvalet meiner at kompetansen må bli betre både hos leiarar og rettleiarar. Ekspertutvalet føresler og færre nav kontor og forenklingar.

NAV Askvoll har eit god kontakt med bedriftene i kommunen. Men vi kjenner oss att i beskrivinga av at vi brukar for lite tid på markedsarbeid til at vi kan få opp antal brukarar som kjem i arbeid. Vi brukar mykje tid på handsaming av saker som ikkje er direkte knytta mot arbeid og som gjeld brukarar som står langt frå arbeid. Det gjeld oppgåver som oppfølging av rusavhengige, langtidssjukmelde, søknader om økonomisk stønad, gjeldssaker og handtering av husbankordningar. I tillegg driv vi med mykje registreringsarbeid og posthandtering. Vi ser at det vil vere ei utfordringar framover å ha nok ressursar til å drive god arbeidsretta oppfølging og yte god rekrutteringsbistand til arbeidslivet samtidig som vi skal ivareta alle dei andre oppgåvene vi har på ein god måte.

I løpet av 2015 skal kommunen busette flyktningar. Det er tilsett flyktningkonsulent, men all erfaring frå andre kommunar viser at arbeid med flyktningar medfører auka arbeidsbelastning på NAVkontoret. Dette er ei gruppe brukarar som vil trenge mykje oppfølging i høve økonomisk støtte, råd og rettleiing. I tillegg vil dei trenge ein betydeleg innsats for å kvalifisere seg for arbeid.

På bakgrunn av dei utfordringane vi står overfor, må det vurderast om vi har nok ressursar til å løyse dei.

KOSTRA-tal

Nav-kontoret	Askvoll		Kommunegr. 4		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar	1248	1258	1149	929	1130	1378	2040	2150

Det går fram av kostratal at ugiftene til sosialhjelp pr innbyggjar har auka litt frå 2013. Vi ligg ein god del over kommunegruppe 4 som vi tilhøyrrer, men under gjennomsnittet i Sogn og Fjordane og landet.

Vi har hatt ein nedgang i antal brukarar og utgifter frå 2013 til 2014. Vi har som mål at desse utgiftene skal gå ytterlegare ned.

Åse Rivedal Solheim

HAFS interkommunale barnevern

OVERSIKT OVER VERKSEMDA /RESSURSINNSATS PR. 31 12 14

HAFS interkommunale barnevernteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta arbeider etter barnevernslova og oppgåvene omfattar barnevernsadministrasjon, førebyggjande arbeid for born og unge saman med andre instansar, og tiltak for born, både i heimen og i fosterheim.

Tenesta har 5,5 sakshandsamarstilling og 1 tiltaksstilling. I tillegg har Askvoll og Fjaler ei 0,5 tiltaksstilling kvar. Kompetansen frå tiltaksstillinga blir også nytta i Solund og Hyllestad ved behov og då refundert til Askvoll og Fjaler. Det er tilsett fagutdanna i alle stillingane i barnevernstenesta. 1,3 stilling vert refundert av Fylkesmannen som ein del av den nasjonale styrkinga av det kommunale barnevernet. Midlar til 0,5 stilling vart innvilga av Fylkesmannen våren 2014, det resterande er midlar vidareført frå tidlegare år.

Ved utgangen av året hadde HAFS interkommunale barnevernteneste 81 born i tiltak. 76 av desse er i hjelpetiltak, 6 born i fosterheim og 2 born i etterverntiltak. I tillegg er det mange undersøkingar i gang, som krev mykje stillingsressursar. Kvar sakshandsamar, med unntak av leiar, har ansvar for omlag 15-20 saker når det gjeld born i tiltak og i undersøkingsfase. I tillegg er det 17 born plassert i fosterheim av andre kommunar i HAFS kommunane. Desse har HAFS interkommunale barnevernteneste også eit godkjennings- og tilsynsansvar for.

Askvoll hadde i 2014 24 born i tiltak, 2 av desse var plassert i fosterheim, 20 fekk hjelpetiltak og 2 fekk ettervern.

I 2014 fekk barneverntenesta totalt 45 bekymringsmeldingar (50 i 2013). 14 av desse gjaldt born i Askvoll. 11 av desse vart undersøkt, mens tre vart henlagt. To av dei henlagde meldingane kom i saker der det allereie var iverksett tiltak. Meldingane i Askvoll kom frå barneverntenesta (3), politi (3), skulen (2), jordmor (1), lege/sjukehus (1), barnehage (1) mor/far/føresette (1) og andre privatpersonar (2).

Resultatvurderingar

Som tidlegare år gjev dei tilsette uttrykk for å trivast godt i arbeidet i barneverntenesta og opplever at ein får jobbe godt fagleg, til tross for at både dei tilsette og familiane vi møter skulle ynske endå meir tid til oppfølging og tettare kontakt. Vi er opptekne av å kunne bygge den nødvendige kompetansen vi treng i barnevernstenesta internt og halde eit høgt fagleg nivå.

Vi ser at det å vere ei interkommunal teneste med fleire tilsette fører til meir variert kompetanse og er ei styrke hos oss.

I 2014 har vi hatt særleg fokus på å besøke skulane i HAFS og informere om barnevernstenesta sitt arbeid og skulane si rolle, blant anna for å skape betre samarbeid rundt dei borna som kan ha trong for tiltak frå barnevernstenesta. Det er eit mål for oss å komme tidleg inn i høve desse borna for å kunne førebygge større

vanskar, og vi har positive opplevingar av å treffe skular og barnehagar på denne måten.

Vi har hatt tre tverrfaglege møte i våre fire kommunar som planlagt.

Det er ikkje rapportert fristbrot på meldingar og undersøkingar i Askvoll i 2014.

Det var ingen klagesaker i Askvoll i 2014.

Utfordringar og målsettingar

Som også skriv i årsmelding 2013, har det dei siste åra skjedd ei endring i behovet for kompetanse i den kommunale barnevernstenesta. Bufetat reduserer kraftig sitt tilbod av tiltak til kommunane og barnevernstenestene må både auke kompetanse og bygge opp eit meir omfattande tiltaksapparat. Dette er eit krevjande arbeid som må gå over tid. Barnevernstenesta må bygge vidare på sin kompetanse internt, i tillegg til at ein framleis vil ha bruk for gode oppdragstakarar som kan ta på seg avgrensa oppdrag i kommunane for å utføre enkelte tiltak.

Å sikre at vi har den nødvendige kompetansen til ein kvar tid er eit mål for tenesta vidare.

Barneverntenesta har som hovudmålsetjing at born og foreldre som vi er i kontakt med skal oppleve barneverntenesta som ei god teneste som gjev rett hjelp til rett tid. Tverrfagleg samarbeid er svært viktig for å yte gode tenester for dei borna og familiane barneverntenesta er i kontakt med. Eit par skular i HAFS gjenstår i høve infomasjonsrunda som var planlagt i 2014 og vi har som målsetting å vere innom alle skular for sommaren 2015.

Vi skal halde fram med tre tverrfaglege møte i kvar av dei fire kommunane, og sette av tid til drøfting av enkeltsaker.

Vi skal vidare arbeide med rutinar og internkontroll i tenesta opp i mot nytt nettbasert internkontrollsystem, Risk Manager, for å sikre gode tenester.

Vi har også fokus på å halde fristar i høve:

- Meldingar
- Undersøkingar
- Evaluering av tiltak
- Rapportering
- Fylkesnemndshandsaming

Charlotte Willemoes
barnevernsleiar

Landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler

Årsrapporten er felles for Askvoll og Fjaler

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler	Kommunalsjef Geir Grytøyra	4,5 årsverk	5	

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Landbruksetaten vart lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset. Kontoret i Fjaler har vore bemanna 4 dagar i veka.

Økonomi

Askvoll

Eining/teneste	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler	1.978	1.689	- 289	- 14,63
Samla	1.978	1.689	- 289	- 14,63

Ovanforståande tal utgjer landbruksforvaltninga for Askvoll sitt budsjett/rekneskap, og kostnaden med drift av Askvoll sin del av den felles landbruksforvaltninga og veterinærkostnadane for Askvoll. Grunnen til mindreforbruket i høve til budsjett er at ein av dei tilsette ved etaten har vorte nytta 3-4 månadsverk til andre kommunale oppgåver(eigedomsskatt). Statleg tilskot til drift av veterinærtenestene har blitt større enn budsjettet. I tillegg har innkjøpsstoppen vore lojalt oppfylt.

Fjaler

Eining/teneste	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler	1.607	1.696	89	5,54
Samla	1.607	1.696	89	5,54

Ovanforståande tal utgjer landbruksforvaltninga for Fjaler sitt budsjett/rekneskap, og kostnaden med drift av Fjaler sin del av den felles landbruksforvaltninga. Den faktiske kostnaden ved drifta av landbruksforvaltninga i 2014 var kr 1.456.851. Årsaka til avviket rekneskap/budsjett er at 0,3 % stillingsheimel utover 4,5 årsvert er blitt ført på ansvar 650.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler	Det har vore gjennomført drøftingar med Solund og Hyllestad om ei felles landbruksforvaltning. Det er ikkje avklart når ei eventuell gjennomføring vil finne stad, og om Hyllestad sluttar seg til. Landbruksnæringa er inne i ein periode med store strukturendringar. Nye haustingsmetodar, tekniske nyvinningar som mjølkerobot og ei liberalisering innan kvotekjøp/leige av mjølkekvotar har gjort det mogeleg med større produksjon pr. eining. I Askvoll og Fjaler har det vore fleire større byggeprosjekt med driftsbygningar med omlegging til lausdrift for mjølkekyr og med mjølkerobot. Iflg. Innovasjon Norge har Askvoll og Fjaler vore blant dei kommunane som har hatt størst byggeaktivitet innan landbruksnæringa i 2014. 2014 har vore eit « godt landbruksår ». Lite overvintringsskader på enga, gode vertilhøve i heile vekstsesongen og gode haustingstilhøve har gjeve gode avlingar av god kvalitet. Den store skogplantinga kring 1950 nærmar seg hogstmoden alder, og særleg i Fjaler er no hogsten blitt synleg med uttak av tømmer.

Brukarane:

Arbeidsoppgåvene som kommunane er pålagt å utføre gjennom landbruksforvaltninga er nedfelt i rundskriv datert mai 1993 frå landbruksdepartementet, og er seinare blitt supplert med nye rundskriv.

Landbruksforvaltninga si primæroppgåve er å medverke til gjennomføring av landbrukspolitikken. Sentrale oppgåver er forvaltning av jordbruksavtalen, lovverket knytt til landbruket og utvikle landbruksnæringa og distrikta. Det er naturleg at det er dei personane som har yrket sitt i landbruksnæringa og dei som er eigarar av landbrukseigedom som er dei primære målgruppene til landbruksetaten.

Personalmessige tiltak

Det har ikkje vore personellendringar knytt til Landbruksforvaltninga i 2014. Personell ved landbruksforvaltninga har vore nytta i 3-4 månadsverk til andre kommunale arbeidsoppgåver.

Interne prosessar

Proessen med ei felles landbruksforvaltning i Hafs har vore gjennomført i 2014, og det er venta ei avklaring i 2015. Motivasjonen for ei felles landbruksforvaltning ligg i å oppnå ein økonomisk rasjonaliseringsgevinst, skape eit større fagmiljø og at eininga vert mindre sårbar ved permisjonar, sjukdom og liknande.

Økonomi

Landbruksforvaltninga har oppnådd dei måltala for tenesteproduksjon og forsvarleg forvaltning innanfor budsjetttramma med 4,5 stillingsheimlar. Det må understrekast at innafor budsjettet ikkje har vore midlar til gjennomføring av ønskjelege tiltak som vil fremje landbruksnæringa, som for eks. tilskot forsøksringen, fagmøter m.m.

Samfunnstryggleik og beredskap

Ei av hovudoppgåvene til landbruksnæringa er å produsere trygg mat og sikker logistikk i mattilførselen. Etter kvart som strukturendringane i landbruksnæringa har halde fram med større driftseiningar og eit driftsopplegg som er meir avhengig av tilførte driftsmidlar, har også landbruksnæringa blitt meir sårbar både i høve til dyresjukdommar, avlingssvikt, tilførsel av driftsmidlar, straumforsyning og anna infrastruktur. Det vert arbeidd gjennom ulike fora for å redusere sårbarheita. Slik situasjonen er i dag vert det vurdert som akseptabel i høve til situasjonar som kan oppstå lokalt.

Utfordringar framover

Utfordringane framover vil først og fremst vere å utvikle landbruksnæringa innanfor dei rammevilkåra som til ei kvar tid vert gjevne gjennom landbrukspolitikken, og ut frå dei naturgjevne og geografiske tilhøva i kommunane.

For å nå målet med omlegging til lausdrift for alle mjølkekyr innan 2024, trengst det 4-7 nye lausdriftsfjøs innan lausdriftskravet vert innført.

Andre utfordringar er å forvalte den veksande hjortestammen og legge til rette for avverkning og handtering av skogen som vert hogstmoden dei neste 20 åra.

Vidare er det alltid ei utfordring å gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming og forvaltning av lovverket knytt til landbruksnæringa og midlane over jordbruksavtalen.

KOSTRA-tal

På grunn av at landbruksforvaltninga er ulikt organisert i dei ulike kommunane, er det vanskeleg å finne kostratal som landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler kan samanliknast med. Men ved ei eventuell omorganisering av landbruksforvaltninga i 2015 vil ressursbruken bli kritisk vurdert.

Geir Grytøyra

Kommunalsjef landbruk

Bygg- og eigedomsavdelinga

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Bygg- og eigedom	Helge Follevåg	1	1	
Byggesak/kart og oppmåling	Liss Lien	1	1	
Plan- og miljøsaker	Kjersti Sande Tveit	0,85	1	
Forvaltning og vedlikehald	Walter Gundersen	1	1	
Samla		3,85	4	

Økonomi

Eining/teneste	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Byggesaker/kart og oppmåling	216,9	125	91,9	-42,4
Plan- og miljøsaker	715,6	1 148,5	-432,9	60,5
Forvaltning og vedlikehald	200,5	6,5	194	-96,7
Samla	1 133	1 280	-147	13

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Byggesaker/kart og oppmåling	Det vart handsama 155 søknader etter plan- og bygningslova, 4 klagesaker og skrive ut 38 ferdigattestar. Det vart ikkje gjennomført tilsyn i byggesaker. Det vart rekvirert 42 oppmålings-forretningar. Vi har inngått avtale med Fjaler kommune om utføring av oppmålings-forretningar for oss. (tidlegare har vi nytta eit privat firma). Det var berre vanleg åjourhald av kartbasen dette året.
Plan- og miljøsaker	Arbeidet med ny arealdel tok ein stor del av kapasiteten ved avdelinga. Eit framlegg til plan vart lagt ut til offentleg ettersyn sommaren 2014. Det kom inn motsegn frå Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet. I ettertid er det arbeid med å ta stilling til dei innkomne merknadene og evt justeringar i planen. Planen må ut til nytt offentleg ettersyn i 2015. Det vart utarbeidd eit nesten ferdig framlegg til kommunedelplan for Atløysambandet med 3

	alternativ. Tunellalternativet hadde 8 % stigning. I juni vart kommunen kjent med at krav til maks stigning vart endra til 5 %. Eit slikt krav vil medføre vesentleg auka tunnallengd og dermed kostnad. Etter ulike vurderingar vart planarbeidet lagt på vent inntil det er avklart om det er mogleg å få dispensasjon frå stignings-kravet. Ved avdelinga vart 4 reguleringsplanar ferdighandsama. Det vart leigd inn konsulent til handsaming av nokre reguleringsplanar. Det vart sendt 4 høyringsuttaler til oppdrettssaker (herav to som gjaldt tare)
Forvaltning og vedlikehald	Av utført vedlikehald kan nemnast: Skifta kjøkken og målte husvære Paulsbu vest hovudegt. Skifta kledning samt måling Sifbo 4,5,6. Diverse måling ved Nipa bhg. Måling Ekspedisjonsbygget. Skifta kjøkken i kantina på rådhuset. Beising av husvære Tipphaugen 1,6,7,8. mm
Investeringar	Lærarbustaden i Holmedal vart seld. Ferdigstilling av ventilasjon/tilbygg og uteområde ved Holmedal bhg. Ferdigstilling av tilbygg Nipa bhg. Skifta kjøøl/frys og nytt bårerom/kjøkken Askvollheimen. Arbeidet med 2. byggesteg Askvoll skule vart ferdigstilt i januar 2015.

Måloppnåing:

Brukarane:

Ingen brukarundersøkingar har vorte gjennomførte i 2014, så ein har ikkje grunnlag for å sei om tilfredsheita hjå brukarar har gått opp eller ned.

Personalmessige tiltak

Bygg- og eigedomssjef Helge Follevåg slutta i stillinga 30.11.14. Det vart ikkje tilsett nokon etter 1. gongs utlysning. Arbeidsoppgåvene hans vart fordelt på dei tilsette ved avdelinga samt rådmannen.

Økonomi

Tilført ramme i 2014 var på kr 1 133 000,-. På grunn av større utbetalinger i samband med arealdelen av kommuneplanen vart det redusert på vedlikehaldet av kommunale eigedomar for å halde budsjettet.

Miljø- og klimatiltak

Enøk-analyse for 5 kommunal bygg vart gjennomført (Askvollheimen, Atløy skule og barnehage, Gjelsvik skule og barnehage, Askvoll skule og Askvollhallen.

Gjennomføring av føreslegne tiltak må arbeidast vidare med og settast av midlar til.

Det vart gjennomført radonmåling i alle kommunale utleigebygg samt skular og barnehagar. Det var berre ein stad det vart naudsynt med tiltak.

Utfordringar framover

Det er håp om at ny arealdel av kommuneplanen vil bli vedtatt sommaren 2015. Arbeid med å få på plass kommunal planstrategi samt etablering av planregister vil då starte.

Talet på bygge- og delingssøknader og rekvisisjonar av oppmålingsforretningar auka noko frå 2013 til 2014. Ressursane går med til å få handsame søknadene innan fristane. Det er ei utfordring å få gjennomført tilsyn som lova krev samt å følgje opp ulovleg byggearbeid/bruk.

Kartverket hadde som mål at alle kommunar i landet skulle ha innført vegadresser innan 01.01.2015. Bygg- og eigedomsavdelinga hadde ikkje kapasitet til å starte på dette prosjektet i 2014 heller. Dette prosjektet vil starte opp i 2015. I samarbeid med Fjaler og Hyllestad vil det bli engasjert ein prosjektleiar. Kommunane må likevel gjennomføre ein stor del av dette arbeidet sjølv, så prosjektet vil krevje personalressursar i 2015 og 2016.

Overgang til nytt høgdegrunnlag (NN 2000) i samband med kartbasen kjem i 2015. Vi er litt usikker på kor mykje personalressursar dette vil krevje.

Manglande ressursar for å få løyst alle oppgåvene er den største utfordringa for bygg- og eigedomsavdelinga.

KOSTRA-tal

Plansakshandsaming	Askvoll		Kommunegr.		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til plansakshandsaming pr innbyggjar	568	383	423	226	245	267	196	224

Netto driftsutgifter til plansakshandsaming som andel av kommunens samlede driftsutgifter (i %)	0,99	0,66	0,63	0,41	0,42	0,46	0,38	0,42
Alder på kommuneplanens arealdel	19	20	7	6	8	8	7	22?
Alder på kommuneplanens samfunnsdel	2	3	8	5	7	4	7	32?

Store kostnader til plansakshandsaming dei siste åra skuldast den nye arealdelen av kommuneplanen. Dette arbeidet vert teke over driftsbudsjettet.

Bygge-, delesakshandsaming, seksjonering	Askvoll		Kommunegr.		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til bygge-, delesakshandsaming og seksjonering pr innbyggjar	51	46	55	67	56	49	18	29
Netto driftsutgifter til bygge-, delesakshandsaming og seksjonering som andel av kommunens samlede driftsutgifter (i %)	0,09	0,08	0,08	0,12	0,10	0,08	0,03	0,05
Sakshandsamingsgebyr for oppføring av einebustadar jf PBL §20-1	7000	7000	5424	9585	8753	8704	10234	11023
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging (byggesak, plansak, dele- og seksjoneringssak, kart og oppmåling) pr innbyggjar i kr	729	491	647	418	432	462	292	344

Kart og oppmåling	Askvoll		Kommunegr.		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling pr innbyggjar	111	62	169	125	131	146	83	92
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling som andel av kommunens samlede driftsutgifter	0,19	0,11	0,25	0,23	0,22	0,25	0,6	0,7
Oppmålingsgebyr for tomter opptil 750 m2	12945	13400	12444	14812	13457	14691	14436	15373

Det er teke inn 50 000,- meir i gebyrinntekter enn budsjettert. Samstundes er det eit etterslep på utbetaling i samband med kjøp av oppmålingstenester.

Forvaltning og vedlikehald	Askvoll		Kommunegr.		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltnin g pr innbyggjar i kr	3981	4349	5399	4465	4804	5085	4326	4473
Energikostnadar for kommunal eigedomsforvaltnin g pr m2	137	120	109	94	98	112	98	96
Energikostnadar til førskulelokale pr barn i kommunal barnehage	606	412	1570	1480	1536	1312	1490	1315
Energikostnadar til skulelokale pr elev i grunnskulen	3208	3254	3466	2060	2570	2159	2024	1743
Energikostnadar til institusjonslokale pr bebuar	-	18065	22122	14990	17921	15600	15069	13363

Netto driftsutgifter til kommunal egedomsforvaltning har gått opp i høve til 2013, og dette skuldast blant anna at det er tilsett ein person i stilling som stod vakant delar av 2013. Driftsutgiftene er likevel noko lågare enn samanliknbare kommunar og landsgjennomsnitt.

Energikostnad til førskulelokale pr elev er svært lågt. Dette skuldast at det ikkje er ført straumutgifter på Nipa, Gjelsvik, Bulandet og Stongfjorden barnehage, då desse er samlokalisert med skule. Tala for energikostnad til skulelokale pr elev i grunnskulen vert høge av same årsak.

Teknisk drift

Organisering

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i %
Teknisk drift – Vaktmestersentral og brannvern	Per Jan Ryland	9,5 årsverk	12 tilsette (37 tilsette i brannvesenet)	2,1 %

- Samla status i 2014 var ca. 9,5 årsverk. Vaktmestersentralen ca. 6 årsverk, administrasjon ca. 2 årsverk og brannvern omlag 1,5 årsverk .
- Organisert i samsvar med K-sak 40/11 og har teknisk drift har målsetting er å produsere gode teneste for brukarane innanfor disponible rammer.
- Sjukefråvær i 2014 var lågt (2,1%) + prosent knytt til eigenmeldingar.

Økonomi

Eining/teneste	Budsjett 2014 (1000 kr)	Rekneskap 2014 (1000 kr)	Avvik i kroner (1000 kr)	Avvik i %
Teknisk drift – Vaktmesterentral og brannvern.	6 370 133	6 946 137	576 004	9,0

- Teknisk drift har samla hatt eit meirforbruk lik 9,0% i 2014.
- Tabell viser at kommunen har midlar igjen på kommunale vegar, medan meirforbruket skuldast i hovudsak avvik knytt til produksjon og distribusjon av vatn.

TENESTE		REKNESKAP	REV. BUDSJETT	AVVIK
33210	Drift- og vedlikehald vegar	2 594 019	2 974 643	380 624
34000	Produksjon vatn	2 817 079	1 873 669	-943 410
34500	Distribusjon av vatn	-3 753 306	-3 793 500	-40 194
35000	Avløpsrensing	110 039	1 060 500	950 461
35300	Avløpsnett/innsamling av avl.	-385 291	-1 431 514	-1 046 223
		6 946 137	6 370 133	-576 004

- Kommunen har drift med Kvammen vassverk, Bulandet vassverk, Askvoll- og Holmedal vassverk samt eit mindre vassverk til Gjelsvik skule. Det er eit stort meirforbruk innanfor kommunale vassverk. Målet til kommunen var å ta over delar av drifta i 2014. Denne er blitt forskjøvet i tid sidan ein ikkje fekk noko grendavaktmester i Bulandet/Værlandet. Delar av meirforbruket ligg budsjettmessig på BVV. Internkjøp lik ca. 165.000 er ført inn på vassverk.
- Kommunane avlaupsanlegg i Kvammen, Stongfjorden, Holmedal , Hellegjerde, Dørhella, Askvoll, Ask, Sauesundet, Grov og Herland. Avlaup. Lønner ført på teneste 35300, men er budsjetttert på teneste 35000. Internkjøp lik 165.000 skulle vore ført som utgift istadenfor inntekt.
- Administrasjon teneste 12000 skulle vore oppført med ca. 330.000 som inntekt sidan tilsvarande utgifter vert dekkja på sjølvkostområdet.
- Brannvesen (førebyggjande og beredskap). Brannvesen beredskap har depot på Værlandet, Atløy, Kvammen og brannstasjon i Askvoll, med samla styrke lik 37 mann. Brann forebyggjande gjennomfører brannsyn av ca. 35-40 objekt årleg, gjennomfører ca. 300 tilsyn av ildstader samt feiing av ca. 600 piper kvart år. Våren 2014 vart det deltidsreform for mannskap ved Askvoll brannstasjon gjennomført.
- Andre tenester innanfor teknisk drift er kommunale kaier, grøntområde, veglys, kommunale vegare og. Kommunen har ca. 80 km med veg der ca. 50 km har fast dekke.

Føringane innanfor teneste 12000, 34000, 34500, 35000 og 35000 gjev likevel ikkje noko samla endring mht. meirforbruk, men det vil ha betydning mht. sjølvkostområdet som skal dekke ca. 330.000 meir enn det som framgår i rekneskapet. Samla meirforbruk innanfor teknisk drift er kr. 576.004,-.

Viktige hendingar

Eining/overordna	Kva
Teknisk drift – Vaktmesterentral og brannvern.	➤ Ferdig med vassleidning over Askvika. ➤ Utsleppsleidning Holmedal. ➤ VA-leidningar og utsleppsleidning Olsetvikane ➤ GS-veg Holmedal. ➤ Omarbeiding vegsystem ved Askvoll skule. ➤ Prosjekt vassleidning Bakke-Boge. ➤ Planlegging utsleppsleidning Holmedal. ➤ Deltidsreform brannvesen. ➤ Samarbeidd med Fjaler - feiing.

Også i 2014 har det vore gjennomført fleire prosjekt. Gjennomføring av prosjekta vert ført på investeringar, men delar av tidsforbruket i forarbeid, grovplanlegging m.m krev ein god del av kapasitet frå teknisk drift. Feiing i Fjaler har vore betalt teneste.

- Prosjekt vassleidning over Askvika var meint å bli ferdig i 2014. Avslutta mai 2015
- Prosjekt Olsetvikane med utbygging VA i del av industriområdet. Utsleppsleidning 2015.
- Prosjekt GS-veg Holmedal. Hovuddel utført i 2014. Siste del avslutta i 2015.
- Prosjekt vassleidning Bakke – Boge. Prosjektet og innhenta pris i 2014.
- Prosjekt deltidsreform for brannvesen vart gjennomført våren 2014.
- Hadde eit samarbeid der Fjaler fekk leige hjelp frå Askvoll innanfor feiing 2014.

Brukarane

- Tenestene som vert levert frå Teknisk drift er viktige for innbyggjarane og vi har stor kontaktflate både med innbyggjarane og for å lever interne tenester. I 2014 har kommunen levert gode tenester og arbeidet er blitt meir systematisk. Målsetting er å produsere gode tenester for alle brukarane av tenestene til teknisk drift.

Personalmessige tiltak

- Det er blitt ei forbetring innanfor vaktmestersentralen der meldesystem har fungert godt. Innmeldte oppgåver som vi kan gjennomføre har blitt utført raskare. Målet er å få systemet enda meir effektivt.
- Med stor kontaktflate med brukarane av kommunale tenester som vatn, avlaup, renovasjon, feiing m.m. er det avgjerande å få ut korrekt informasjon.

Interne prosessar

- Har hatt ny formann på plass frå februar 2014. Det har vore arbeidd med å få til ordningar som gjev meir kapasitet innanfor teknisk drift – vaktmestersentralen i 2014. Endra vaktordning som vil gje kapasitetsauke vart framforhandla på slutten av 2014.
- Deltidsreform har tilført mannskapet enda meir kompetanse i brannvesenet.

Økonomi

- Samla resultat er eit meirforbruk er på kr. 574.004,-. Dette til tross for at det har vore bevist sparing samtidig som kostnadane med vintervedlikehold har vore moderate. Meirforbruket ligg innanfor sjølvkostområdet vatn og avlaup, spesielt innanfor vatn.
- Innanfor vatn med eit meirforbruket størst (samla ca. 980.000) .
- Kommunale vegar ar hatt mest midlar igjen (ca. 380.000).

Samfunnstryggleik og beredskap

- Brannvern har viktige oppgåver både med førebyggjande og beredskap og er eit viktig reiskap i samand med samfunnstryggleik.
- Vassverk er viktige for beredskapen.
- Det var mindre utrykningar i 2014 enn i 2013 for brannvesenet i Askvoll.

Utfordringar framover

Har enda mange større utbyggingar opplista innanfor VA.

- Vatn: Vassleidning Boge vert utført i 2015, overføringsleidning AHV må vurderast, leidingsnett Flaten – Nes må utbetrast 2015, fordelingsnett Bulandet, tiltak Gjelsvik skule vert planlagt og utført 2015.
- Avlaup: Viktig prosjekt knytt til rensing i Kvammen, Askvoll, Holmedal samt behov for sanering av eldre leidningsnett. Må fram i prioriteringslista.
- Vegar: Faste årlege investeringsmidlar vil over tid gje forbetringar av det kommunale vegnettet. Av nye vegprosjekt er det først og fremst Holmedal og Værlandet og truleg vil det på sikt bli eit GS-prosjekt Bakke-Boge (krev eigen reguleringsplan).
- Brann: Ny brannbil er viktig å få på finansiert for brann og beredskap.

KOSTRA-tal

	Askvoll		Kommunegr. 5		Sogn og Fjordane		Landet elles	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Årsgebyr for vannforsyning	4464*	4465*	3880	4473	3072	3260	3016	3252
Årsgebyr for avlaup	3382*	3382*	3986	3948	2861	3064	3380	3604
Driftsutgifter for kommunal veg.	44974	46948	68035	65726	82909	73822	135400	118669
Årsverk brannvesen	---	--	--	--	---	0,62	0,7	0,73

- *Kostra: Lagt til *fastledd Askvoll i 2013 og 2014 (feil i statistikk – vert retta av SSB).*
- *Vegar viser at Askvoll kommune brukar lite på kommunal veg (drift).*

Sjukefråvær

- legemeldt og eigenmeldt fråvær

Utvikling av legemeldt sjukefråvær i Askvoll kommune (verksemd: alle aldersgruppe, begge kjønn)

Legemeldt sjukefråvær i prosent					
Kvartal/år	2010	2011	2012	2013	2014
1. kvartal	6,4	5,8	7,3	8,3	6,6
2. kvartal	6,1	6,7	4,9	7,5	7,1
3. kvartal	7,4	7,7	4,9	7,6	8,7
4. kvartal	6,5	7,4	5,7	6,3	9,1
Gjennomsnitt	6,6	6,9	5,7	7,4	7,9

Legemeldt sjukefråvær samanlikna med anna verksemd					
Verksemd/år	2010	2011	2012	2013	2014
Askvoll kommune	6,6	6,9	5,7	7,4	7,9
Kommunal forvaltning	4,7	4,6	4,6	4,4	4,4
Offentleg administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning	7,7	7,3	7,5	7,1	7,3
Heile landet	6	5,4	5,6	5,4	5,4

Legemeldt sjukefråvær i prosent, fordelt på varigheit					
	2010	2011	2012	2013	2014
Totalt	6,6	6,9	5,7	7,5	7,9
<8 dagar	0,4	0,5	0,3	0,5	0,3
8-16 dagar	0,5	0,6	0,5	0,7	0,6
17 dagar -8 veker	1,5	1,6	1,7	1,2	1,2
>8 veker-20 veker	1,9	1,6	1,8	2,5	2,6
>20 veker – 39 veker	1,5	1,4	0,7	1,5	2
>39 veker	0,8	1,2	0,7	1,1	1,2

Tapte dagsverk					
	2010	2011	2012	2013	2014
1. kvartal	1074	927	1110	1206	994
2. kvartal	940	835	665	1105	1010
3. kvartal	953	976	606	960	1123
4. kvartal	1052	1162	924	943	1366
Sum	4019	3900	3305	4214	4493

Tal tapte dagsverk vert rekna ut på grunnlag av sjukefråværet dei siste fire kvartala. Kvart kvartal vert avrunda til heile tal før dei vert summert.

Kostnad tapte dagsverk siste 12 månader

Tal tapte dagsverk 4 493

Kostnad per dagsverk Kr 2500

Kostnad per år Kr 11 232 500

Arbeidsgjevar vel kva kostnadane ved eit dagsverk vil utgjere i eiga verksemd, i Askvoll kommune p. t. estimert til kr. 2 500,- per år.

Tall fra IA-web hentes fra AA-registeret.

Legemeldt sjukefråvær fordelt per organisatorisk eining i prosent (begge kjønn, alle aldersgrupper)					
	2010	2011	2012	2013	2014
Totalt	100	100	100	100	100
Ålmenn og uspesifisert	1,6	4,7	****	12,2	2,3
Sjukdom i fordøyingsorgana	0,9	1,9	1,7	3,8	1,9
Hjerte- og kar sjukdomar	20,6	5,5	****	****	2,7
Muskel-/skjelettlidingar	50,9	40,7	43,7	39,5	42,4
– Ryggldingar	25,5	9,5	7,5	8	7,5
– Nakke-, skulder- og armlidingar	10	18,9	7,8	5,6	17,3
– Andre muskel- og skjelettlidingar	15,4	12,2	28,5	26	17,6
Sjukdom i nervesystemet	****	****	****	3,4	****
Psykiske lidingar	4,4	15,7	12,3	11,6	26,8
– Lettare psykiske lidingar	****	8,4	5,7	10,5	14
– Angst og depressive lidingar	****	7,3	6,6		12,8
– Andre psykiske lidingar				****	
Sjukdomar i luftvegane	3,1	10,3	14,4	7,2	2,3
Svangerskapssjukdomar	8,5	7,3	9,6	****	9,3
Andre lidingar	5,2	8	13	16,1	7,6

Bruk av gradert sjukmelding (begge kjønn, alle næringer/bedrifter, tal tilfelle i prosent)					
	2010	2011	2012	2013	2014
1. kvartal	11,9	24,8	27,8	19,5	25
2. kvartal	21,3	25,6	32,6	23,2	34,7
3. kvartal	15,4	18,2	32,4	26,4	16,7
4. kvartal	20,2	18,4	23,2	21,2	29,5
Sum	17,2	21,8	29,0	22,6	26,5

Eigenmeldt sjukefråvær					
	2010	2011	2012	2013	2014
5. kvartal				1,5	1,5
6. kvartal				0,6	0,8
7. kvartal				1,8	1,7
8. kvartal				1,0	0,9
Sum				1,2	1,2

Utvikling av **eigenmeldt fråvær** er lagt fram som tapte dagsverk i prosent (alle aldersgrupper, begge kjønn), verifisert frå og med 2013.

Skadesaker

Skader på tilsette i arbeidstida/på tenestereise/reise til-frå arbeidet:

2011	2012	2013	2014
2	2	8	4

Skadeutbetalinger - personforsikringer						
År	Skadeart	Anmeldt beløp	Utbetalt beløp	Antall skader	Selskap	Kommentar
2011	Barneulykke				KLP	
2011	Yrkesskade	765	765	2	KLP	
2011	Koll.ulykke				KLP	
2011	Gruppeliv				KLP	
2011	Tenestereise				AIG	
Totalt		765	765	2		
2012	Barneulykke				KLP	
2012	Yrkesskade			2	KLP	
2012	Koll.ulykke				KLP	
2012	Gruppeliv				KLP	
2012	Tenestereise				AIG	
Totalt		-	-	2		
2013	Barneulykke	470	470	1	Protector	
2013	Yrkesskade			6	Protector	
2013	Koll.ulykke	818	818	1	Protector	
2013	Gruppeliv				KLP	
2013	Tenestereise				Europeiske	
Totalt		1 288	1 288	8		
2014	Barneulykke				Protector	
2014	Yrkesskade			1	Protector	
2014	Koll.ulykke				Protector	
2014	Gruppeliv	1 550 615	1 550 615	3	KLP	
2014	Tenestereise				Europeiske	
Totalt		1 550 615	1 550 615	4		
2015	Barneulykke				Protector	
2015	Yrkesskade				Protector	
2015	Koll.ulykke				Protector	
2015	Gruppeliv				KLP	
2015	Tenestereise				Europeiske	
Totalt		-	-	-		
Totalt		1 552 668	1 552 668	16		

Politikk og lokaldemokrati

Partia i kommunestyret:

Det Norske Arbeiderparti
Høyre
Venstre
Senterpartiet
Kristelig Folkeparti

Kommunestyret har 21 representantar med følgjande medlemmer (pr.01.06.15)

Det Norske Arbeiderparti:
Linda Landøy, 6986 Værlandet
Gisle Stafsnes, 6984 Stongfjorden
Petter Jonny Rivedal, 6982 Holmedal

Siri Nesberg, 6980 Askvoll

Høgre:

Frida Melvær, 6980 Askvoll

Onar Osland, 6984 Stongfjorden

Ole André Klausen, 6980 Askvoll

Ruben Fedøy, 6987 Bulandet

Marit Klausen, 6982 Holmedal

Jardar Melvær, 6987 Bulandet

Venstre:

Gunnar Osland, 6983 Kvammen

Renate Berg, 6983 Kvammen

Turid Mattevik, 6985 Atløy

Inger Lise Saltskår, 6985 Atløy

Norvald Gjervik, 6985 Atløy

Senterpartiet:

Heidi Kjempenes, 6987 Bulandet

Kjell Kristian Carlsen, 6984 Stongfjorden (varaordfører)

Daniel Fedøy, 6987 Bulandet

Åge Guddal, 6982 Holmedal

Kristeleg Folkeparti:

Sigrid Lunde, 6983 Kvammen

Bente Myhre Strømmen, 6980 Askvoll

Formannskapet - 7 representantar:

Frida Melvær (Høgre) – ordfører

Onar Osland (Høgre)

Kjell Kristian Carlsen (Senterpartiet) – varaordfører

Linda Landøy (Arbeiderpartiet)

Gisle Stafsnes, (Arbeiderpartiet)

Gunnar Osland (Venstre)

Sigrid Lunde (Kristeleg Folkeparti)

Komitè for plansaker – 7 representantar

Heidi Kjempenes – leiar

Ole André Klausen

Inger Lise Saltskår

Åge Guddal

Bjarte England

Sigrid Lunde

Gisle Stafsnes

Komitè for næring, miljø og teknikk – 7 representantar

Gunnar Osland – leiar

Linda Landøy
 Petter Jonny Rivedal
 Daniel Fedøy
 Bente Myhre Strømmen
 Onar Osland
 Turid Mattevik

Komit  for oppvekst, omsorg, helse og kultur – 5 representantar

Marit Klausen – leiar
 Kjell Kristian Carlsen
 Renate Berg
 Norvald Gjervik
 Siri Nesberg

Ungdomsr det:

Dorthea Keilegavlen Grane – leiar
 Malin Rivedal – nestleiar
 Tora Tveit – sekret r
 Umberto Iversen
 Hilde Gunn Br stad
 Hege Grytten
 Malene Leite
 Yngve Vester s
 Karoline Fauske Rivedal
 Peter S reide Skaar
 Ole Johan  vre s

R d for menneske med nedsett funksjonsevne:

Johnny Leirv g – leiar
 Sissel Igland
 Dag Eidem
 Kirsten Grane – rep fr  eldrer det
 Renate Berg – komm.st. sin representant

Eldrer det:

Eelco Boonstra – leiar
 Kirsten Grane
 Else Bj rndal
 Leif Leknes
 Petter Jonny Rivedal – kommst.rep

Aktivitet

Politisk organ	Tal m�ter	Tal saker
Kommunestyret	10	98
Formannskapet	19	181

Komitè for plansaker	7	28
Komitè for næring, miljø og teknikk	7	38
Komitè for oppvekst, omsorg, helse og kultur	10	40

Interkommunalt samarbeid

LAF (Landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler)

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltningane for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Landbruksetaten er lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset. Kontoret i Fjaler har vore bemanna 4 dagar i veka.

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT-samarbeidet omfattar dei 8 kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

HAFS interkommunale barnevernsteneste

HAFS interkommunale barnevernsteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta har 5,5 sakshandsamarstilling og 0,5 tiltaksstilling og har kontorstad i Dale.

Alden hamnesamarbeid – Ytre Sogn og Sunnfjord hamn

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bremanger, Flora, Naustdal, Førde, Fjaler, Askvoll, Gaular, Hyllestad, Gulen og Solund.

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er oppretta for å ivareta deltakar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn og gjeldane forskrifter.

Samarbeidet er organisert som eit § 27-samarbeid etter kommunelova.

Flora Hamn står for dagleg leiing og drift av det interkommunale samarbeidet.

Miljøretta helsevern

Kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn har inngått eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Flora kommune er vertskommune.

Kommunane har delegert ansvar for miljøretta helsevern,

smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving til det interkommunale samarbeidet.

Karriererettleiar

HAFS-kommunane har etablert eit Karrieresenter i HAFS i eigne lokale i Fjalerhuset frå 01.01.2013. Det er tilsett karriererettleiar i 100 % stilling med følgjande finansieringsnøkkel: fylkeskommunen 55%, HAFS-kommunane 30% og NAV 15%.

Lutelandet utvikling

Askvoll Kommune er medeigar i eit utviklingsselskap for Lutelandet i Fjaler kommune. Selskapet sitt namn er Lutelandet Utvikling AS. Aksjekapitalen vert sett til kr 100 000 og Askvoll eig 6 % av aksjane.

Hafs kommunane Askvoll – Hyllestad - Solund er representert i styret til Lutelandet Utvikling AS med 1 av 5 styremedlemmer og med 1 av 5 varamedlemmer.

Interkommunale selskap

SYS-IKL (legevaksamarbeid)

Kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Jølster og Naustdal har etablert felles interkommunalt legevaksamarbeid med oppstart den 01.04.09. Alle kommunane deltek i vakta på kveld/natt og helg/høgtid.

Representantskapet består av 9 medlemmar, ein frå kvar deltakarkommune

Styret består av 5 medlemmar med personlege varamedlemmar, valt på omgang mellom Deltakarkommunane.

Styret er samansett slik:

2 representantar frå fagadministrasjonen i deltakarkommunane

2 representantar frå fagmiljøet i deltakarkommunane

1 representant som er politisk vald.

Representantskapet vel styret etter innstilling frå dei kommunane det skal velgast styremedlemmer frå.

SYS-IKT (IKT-samarbeid)

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord vart etablert i 2005 med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jølster, Gaular og Førde som medlemskommunar. Seinare er Gulen komen med i samarbeidet.

Styret er samansett av rådmennene i deltakarkommunane.

Sunnfjord Miljøverk

Askvoll er medeigar i Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap og skal utføre renovasjonstenestene i kommunen. Deltakarkommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Representantskapet skal ha minst 2 representantar frå kvar kommune, men samstundes minst ein representant pr. 2500,- innbyggjarar.

Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

0 – 10000	1 medlem
10000- 15000	2 medlemer

Kryss-revisjon

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund har oppretta eit felles revisjonsdistrikt. Kvar kommune har ein representant i samstyret.

Sekom

Sekom er sekretariat for kontrollutvala i kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn. Selskapet er lokalisert i Førde rådhus og har to tilsette. Kvar av eigarkommunane har eit medlem i styret.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Naudalarmsentraltenester knytt til brann og ulykker vert utført i eit interkommunalt selskap Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Alle kommunane i fylket er medeigar. legg tek sentralen i mot alarm frå tryggleikstelefonar. Representantskapen er samansett av 1 frå kvar kommune

Sunnlab

SunnLab as vart stifta i 2003 for å overta drifta ved Laboratoriet etter Sunnfjord og ytre Sogn kjøt og næringsmiddelkontroll. Eigarane er kommunane: Flora, Naustdal, Førde, Jølster, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Solund, Fjaler og Askvoll.

Eigarskap

Namn på selskap	Bokført verdi	Endring	Eigardel
Visit Fjordkysten	37 000		
Lutelandet utvikling	90 000		6%
Firda produkt/Mentro AS	1		
Kystvegen Måløy – Florø AS	25 000		
Firda Billag AS	569 000		5,69 %
Sogn og Fjordane bustadbyggelag	1		
Hauglandssenteret AS	1		
Bulandet eigedom	2 000 000		40,56 %
Sogn og Fjordane energi	19 400 000		1,44 %
Biblioteksentralen	1		
Norsk sjøfuglsenter	50 000		
Eigenkapitalinnskott KLP	5 943 986	+ 584 830	

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	08.06.2015	085/15	HÅL
Kommunestyret	24.06.2015	041/15	HÅL

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
15/557-1

Arkiv
K1-210

1. tertialrapport 2015 med budsjettendring

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 1 tertialrapport til vitande og det blir føreteke fylgjande budsjettendring:

- | | |
|---|-----------------|
| • Helse og omsorg auka | kr. 1 000 000,- |
| • Bygg og eigendomsavd. auka | kr. 440 000,- |
| • Reduksjon skatt | kr. 450 000,- |
| • Reduksjon rammetilskot | kr. 450 000,- |
| • Stryke dekking av tidlegare års mindreforbruk | kr. 1 800 000,- |
| • Redusere avsetting til lønsoppgjør | kr. 2 000 000,- |
| • Eigedomsskatt auka | kr. 800 000,- |
| • Auke budsjettert avsetting til disposisjonsfond | kr. 2 260 000,- |

Dette gir fylgjande nye rammer for budsjett 2015:

Rådmann	14 182 533
Askvoll sokn	3 552 000
Oppvekst	60 905 000
NAV	4 231 000
Barnevern	3 253 000
Helse og omsorg	72 000 000
Landbruk	1 466 467
Teknisk drift	6 097 000
Bygge og eigendomsavd	1 237 000
Finansielle føremål	-166 924 000

08.06.2015 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-085/15 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

24.06.2015 KOMMUNESTYRET

Røysting:

Arbeiderpartiet v/Øystein Helle kom med følgjande endringsframlegg som fekk 5 røyster og fall:

«Budsjett for oppvekst vert styrka med midlar for å halde bassenget oppe i skuleåret for elevane. Trong for midlar, ca 50 000, som vert teke frå disposisjonsfondet.»

Samrøystes vedtak:

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

KOM-041/15 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 1 tertialrapport til vitande og det blir føreteke fylgjande budsjettendring:

- Helse og omsorg auka kr. 1 000 000,-
- Bygg og eigendomsavd. auka kr. 440 000,-
- Reduksjon skatt kr. 450 000,-
- Reduksjon rammetilskot kr. 450 000,-
- Stryke dekking av tidlegare års mindreforbruk kr. 1 800 000,-
- Redusere avsetning til lønsoppgjør kr. 2 000 000,-
- Eigedomsskatt auka kr. 800 000,-
- Auke budsjettert avsetning til disposisjonsfond kr. 2 260 000,-

Dette gir fylgjande nye rammer for budsjett 2015:

Rådmann	14 182 533
Askvoll sokn	3 552 000
Oppvekst	60 905 000
NAV	4 231 000
Barnevern	3 253 000
Helse og omsorg	72 000 000
Landbruk	1 466 467
Teknisk drift	6 097 000
Bygge og eigendomsavd	1 237 000
Finansielle føremål	-166 924 000

Kva saka gjeld:

1. tertialrapport 2015 med budsjettendring

Saksutgreiing:

Med heimel i Kommunelova § 46 og Forskrift om årsbudsjett for kommunar mv., legg rådmannen fram rapport for første tertial i 2014

I forskrifta heiter det:

§ 10. Budsjettstyring

Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak.

Tertialrapporten viser at Askvoll kommune, dersom utviklinga held fram , vil komme ut med eit mindreforbruk på vel 2 mill. kr i forhold til vedtatt budsjett for 2015.

Sentraladministrasjonen

Det vert truleg auka utbytte frå SFE og Firda Billag på til saman 0,7 mill. kroner i 2015. Evt. endring i budsjettet som fylgje av auke utbytte kjem ein tilbake til i forbindelse med 2 tertial, då ein da har fått utbetalt utbytte.

Det kan komme utgifter i samband med Kommunereforma som vi ikkje kjenner storleiken på i dag. Så langt er utgiftene dekkja med tilskot frå fylkesmannen og eige arbeid.

Oppvekst

Det er framleis god søknad etter barnehageplass, og særleg Røverompa opplever vekst i tal plassar (sjå kommentar nedanfor). Dessutan er det ynskje om få til utvida opningstid i Nipa barnehage. For å utvide opningstida til 06.45 – 17.00 treng ein ei 20% stillingsauke per veke.

På årsbasis utgjer utvidinga av tilbodet i Røverompa og Nipa barnehage ekstrakostnad i storleiksorden 4-500.000 kroner.

Ut frå mindreforbruket så langt i år i høve total-budsjettet, vert det lagt til grunn at Oppvekstetaten løyser dette med interne budsjettjusteringar.

Helse og omsorg

Helse og omsorg melder om ekstra utfordringar på ca 4 mill. kr. for 2015, som ikkje er budsjettert. Meirforbruket skuldast hovudsakleg at Askvoll tapte ei tvistesak mot ein nabokommune og må betale 2 mill. kr. for 2013 og 2014. I tillegg kjem det krav for 2015 på ca. 300 000,- Det er forventa at ein får 1,5 mill. meir i refusjon enn budsjettert for særleg ressurskrevjande brukara for 2015. Dersom dei klare å halde drifta slik den er i dag, vil Helse og omsorg kunne ta ein del av dei ekstra utgiftene innafor eige budsjett. Dei har likevel behov for å få auka budsjettet sitt med 1 mill. kr.

Bygg og eigedomsavdelinga

Meirforbruk som fylgje av uføresette utgifter til vedlikehald og lågare husleigeinntekter enn budsjettert på til saman kr. 200 000,- Det bør og settast av 240 000,- til ferdigstilling av kommunedelplanen for Atløysambandet, då det ikkje er rom for dette innafor vedtatt budsjett for 2015.

Teknisk drift

Meirforbruk innafor dei fleste tenester, set i gang tiltak for å redusere vegvedlikehald.

Etter at rekneskapet for 2014 var Kostra rapportert og sendt revisor oppdaga ein feil i sjølvkostrekneskapet, dette blir korrigert som tidlegare årsfeil i 2015 og gir redusert sjølvkostfond og tilføre teknisk drift ca 700 000,- i ekstra inntekt for 2015.

Finansielle føremål

Redusert inntekt kr. 900 000,- som skyldast for høg budsjettert skatteinngang og rammetilskot etter framlagt revidert statsbudsjett. Lønsoppgjeret for 2015 ligg no føre og viser at det er avsett ca. 2 mill. kr. for mykje i budsjett for 2015. Skatteoppkrevjaren sin prognose viser at vi kan auke budsjettert eigedomsskatt med kr. 800 000,- Askvoll kommune gikk med eit overskot på 5,1 mill. kr. i 2014 og kan bruke overskotet til å betale ned det akkumulert meirforbruk på 3,7 mil. kr. Avsette midlar på 1,8 mill. kr. i 2015 til å betale ned tidlegare års meirforbruk kan difor omdisponerast.

Dei andre etatane melder at dei vil kunne halde seg innafor budsjettet

Tilråding:

Rådmannen tilrår at Helse og omsorg får auka ramma med 1 mill. kr. Bygg og eigedomsavdelinga får auka ramma med 440 000,-. Teknisk drift får ikkje tilført nye midlar, da dei i forbindelse med sjølvkostrekneskap for 2015, vil få tilført vel 700 000,- frå sjølvkostfond pga feilføring i rekneskapet for 2014. Ein tar budsjettet til teknisk drift opp til ny vurdering i 2 tertial. Finansielle føremål blir justert for nedgang i skatt og rammetilskot med kr. 900 000-, avsetting til lønsoppgjør blir redusert med 2 mil. kr., dekking av tidlegare års meirforbruk på 1,8 mill. kr. blir sletta og budsjettert eigedomsskatt blir auka med 0,8 mill.kr.

Desse endringane gjer at Askvoll kommune kan auke budsjettert avsetting til disposisjonsfond med kr. 2 260 000,-

Økonomisk rapportering pr. 30.04.15 – 1. Tertial

Samla vurdering av kommunen

Avvik pr. etat:

Rådmann		0
Oppveksetaten		0
NAV		0
Interkommunalt barnevern		0
Helse og omsorg	Behov for midlar	1 000 000
Landbruksforvaltninga		0
Teknisk drift	Behov for midlar	200 000
Bygg og eigendom	Behov for midlar	440 000
Finansielle føremål	Til gode midlar	-3 700 000
TOTALT	Til gode midlar	-2 060 000

Tabellen over viser totale avvik/behov for midlar pr. etat. framskrive til 31.12.15 dersom utviklinga held fram.

Dei einskilte einingane sin rapport:

Rådmann

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15.

Samla vurdering:

Rekneskapen pr. 30.april 2015 viser eit overforbruk på fellestenester , IKT og lærlingar. Overforbruket på dei førstnemnde tenester skuldast i hovudsak periodisering. Det vert truleg auka utbytte frå SFE og Firda Billag på til saman 0,7 mill. kroner i 2015. Tenesta lærlingar vil verte avstemt/fordelt ved årsavslutning på dei ansvar som har nytta lærlingar.

.....

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett	Rekneskap	Avvik	% forbruk
		pr. 30.04.15	pr. 30.04.15		av total
Brutto løn	9 431 043	3 478 169	3 420 602	57 567	36,27
Refusjonar	0	0	-62 743	62 743	
Netto løn	9 431 043	3 478 169	3 357 859	120 310	35,60

Kommentar til løn:

Løn på ansvar 100 viser eit underforbruk i høve til budsjett. Dette har si årsak i at deler av fast løn på denne teneste har blitt finansiert av investeringsbudsjettet i samband med investeringsprosjekt som innføring av internkontroll og eigedomsskatt.

Andre forhold:

Det kan komme utgifter i samband med Kommunereforma som vi ikkje kjenner storleiken på i dag. Så langt er utgiftene dekkja med tilskot frå fylkesmannen og eige arbeid.

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar?

Ja

Askvoll,
Jeroen Van Gangelen
-Rådgevar-

Oppvekst

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15.

Samla vurdering:

Oppvekstetaten har eit samla mindreforbruk på om lag 498.000 kroner per 30.04.2015, og vi bør slik sett liggje godt innanfor den budsjetterte ramma for 2015. Mindreforbruket skuldast ei negativ utvikling som vi såg mot slutten av 2014 med stigande sjukefråvær og vanskar med å få inn kvalifiserte vikarar, og vikarar i det heile teke. Det er difor i det vesentlege auke i refusjon sjukeløn, og til dels også refusjon fødselspengar, utan at fast- og vikarløn aukar tilsvarende som fører til mindreforbruket så langt i året. Elles er ein etter 1. tertial ikkje ajour med refusjonar inn og ut, sidan mange av desse krava vert sendt både til og frå kommunen først etter 1. halvår. Det er framleis god søknad etter barnehageplass, og særleg Røverompa opplever vekst i tal plassar (sjå kommentar nedanfor). Dessutan er det ynskje om få til utvida opningstid i Nipa barnehage. Utgiftsauken til desse føremåla på barnehageområdet ser ut til å verte 4-500.000 kroner, men ut frå det mindreforbruket vi har så langt i år i høve totalbudsjettet, kan vi truleg greie å løyse dette ved interne budsjettjusteringar innan ansvara på Oppvekst. Først etter 2. tertial, når vi også har betre oversikt over refusjonar ut og inn og eventuelle nye tiltak overfor einskildbarn, kan vi med større tryggleik seie at budsjetttramma vil halde.

..... Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 30.04.15	Rekneskap pr. 30.04.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	63 201 266	23 308 627	23 364 097	-55 470	36,97
Refusjonar	-2 140 000	-713 333	-1 384 977	671 644	
Netto løn	61 061 266	22 595 294	21 979 120	616 174	36,00

Kommentar til løn:

Tabellen syner at vi per 30.04 ligg om lag der vi skal vere i høve budsjettert bruttoløn. På grunn av større inntekter frå refusjonar enn forventa (sjå kommentar ovanfor), ligg nettoutgiftene til løn godt under det som er budsjettert.

Andre forhold:

Tenesteområda innanfor skule, kulturskule og bibliotek ser så langt i året ut til å halde seg innanfor dei budsjetterte rammene for 2014 når ein tek omsyn til dei aktivitetsendringar og refusjonar ut og inn som er omtala ovanfor.

Det er særleg på barnehageområdet at vi må gjere endringar, og då i det vesentlege på grunn av at fleire enn venta søker om barnehageplass. Det er særleg i Røverompa at barnetal og plassar aukar, medan på nokre av dei andre barnehagane (Nipa og Gjelsvik) er innsøkinga mindre enn venta. Difor kan noko av aktivitetsauken i Røverompa finansierast med reduserte lønsutgifter i dei to andre barnehagane som er nemnde ovanfor. For å finne rom til dei nye barna i Røverompa, har ein valt å gå bort frå planane om å ta i bruk Vårdal skule til ei ny avdeling, og heller satse på å opprette ei utegruppe knytt til eksisterande barnehage. I forståing med formannskapet flyttar ein investeringsmidlane til Røverompa for å gjere ein del bygningsmessige endringar/tilpassingar inne og oppgradere uteområdet både i og utanfor barnehagen for å kunne ta imot ei utegruppe. Prosjektet har vorte godt motteke både av dei som arbeider i barnehagen, og ikkje minst hos foreldregruppa. 18 barn vil difor frå hausten vere knytt til den nystarta utegruppa.

I Røverompa har det i år vore trong for å setje i verk eit omfattande hjelpetiltak for eit einskildbarn, og dette tiltaket vil gå gjennom resten av året. Til saman utgjer aktivitetsveksten i Røverompa auka lønsutgifter på om lag 600.000 kroner for hausthalvåret, men halvparten av dette vert henta inn ved reduserte lønsutgifter i andre barnehagar.

I Nipa barnehage har det ved fleire høve kome ynskje om å utvide den daglege opningstida for å vere betre tilpassa ferje- og arbeidstider. Barnehagen har gjennomført ei kartlegging av kor stor trongen for dette tilbodet er, og basert på tilbakemeldingane berekna kor stor stillingsauke ein treng for å kunne gje eit forsvarleg tilbod. Ved å utvide opningstida til 06.45 – 17.00 treng ein ei 20% stillingsauke per veke. På årsbasis utgjer dette ein ekstrakostnad på om lag 100.000 kroner. Utvida opningstid fører ikkje til fleire inntekter, så dette vert ei nettoutgift.

Elles er det trong for å setje av nokre ekstra midlar til eit større kompetansehevingstiltak i alle barnehagane - kvalitetsleiing. Vi har søkt om OU-midlar frå KS til å dekkje utgiftene til ekstern kurshaldar, men har fått tilsegn om noko mindre støtte enn forventa. For å fullfinansiere tiltaket må vi setje av om lag 60.000 kroner av eigne ressursar.

Etter at vi har fått klarlagt at matinnkjøp til skular og barnehagar i kommunen kan gjerast utanfor innkjøpsavtalene, vert innkjøp innan Oppvekst så langt underteikna kjenner til gjort i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar.

Askvoll, 25.05.2015

Kristen Holt
-kommunalsjef oppvekst-

NAV

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15.

Samla vurdering:

Utgifter til lønn og drift er innafor budsjetterte midlar. Tilskotet til krisesenteret og refusjon av leiarlønn er ikkje utbetalt enno. I tillegg skal sjukerefusjonen dekke utgifter vi får til vikar. Men samla sett er vi likevel innafor det som er budsjettert, og vi reknar med vi skal halde budsjettet framover og.

.....

Løn pr. 30.04.15 :

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 30.04.15	Rekneskap pr. 30.04.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 725 500	636 364	550 987	85 377	31,93
Refusjonar	0	0	-91 774	91 774	
Netto løn	1 725 500	636 364	459 213	177 151	26,61

Kommentar til løn:

Grunna sjukepengerefusjon har vi pr 300415 til gode midlar på løn. Desse midlane skal nyttast til dekking av lønsutgifter til vikar som skal arbeide med gjeldssaker.

Andre merknader:

Tenesteområde 12010 – Leiing: Løn til leiar for 010115-300415 er ikkje refundert til stat.

Tenesteområde 24250 – Tilsette: Budsjettert tilskot til krisesenteret er ikkje utbetalt pr 300415.

Tenesteområde 24250 - Kontordrift: I balanse når ein tek omsyn til at lisensar er betalt for heile året.

Tenesteområde 24300 - Lønn til miljøarbeidarar og utgiftsdekning: I balanse

Tenesteområde 27600- Kvalifiseringsprogram: Vi har ikkje brukarar i programmet og har til gode kr 76.526,- pr 300415-

Tenesteområde 28100 - Økonomisk sosialhjelp. Utgiftene er innfor budsjettet.

NAV stat legg ut for alle innkjøp og søker refusjon for 48 % av utgiftene. Innkjøpa vert gjort i samsvar med dei avtalar og reglar som gjeld.

Askvoll 21.05.15

Åse Rivedal Solheim
Leiar Nav

HAFS – barnevernteneste

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15.

Samla vurdering:

Barneverntenesta arbeider for å komme i balanse ved årsslutt. Det vil sannsynlegvis verte overskriding på teneste 25200, men ein arbeider målretta for å spare inn motsvarande kostnader på andre utgiftspostar.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 30.04.15	Rekneskap pr. 30.04.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 348 500	497 327	440 768	56 559	32,69
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto løn	1 348 500	497 327	440 768	56 559	32,69

24410 drift av barneverntenesta

Barneverntenesta har no til saman 5,5 sakshandsamarstillingar og 2 tiltaksstillingar. 1,3 av desse stillingane er midlar frå Fylkesmannen som vert vidareført frå tidlegare år. I tillegg har barneverntenesta no fått ei ekstra 100% stilling frå Fylkesmannen med verknad frå 1.juli 2015. Midlane frå Fylkesmannen er ikkje overført til kommunane endå. Ei 100% tiltaksstilling blir refundert frå kommunane sitt tiltaksbudsjett til 24410 ved årsslutt, så dette er heller ikkje med i rekneskapen for 1.tertial.

Refusjonar frå Askvoll til den interkommunale drifta av barneverntenesta er kravd inn for 6 månader.

Utgifter i høve dei andre budsjettpostane på 24410 er som budsjetttert.

Teneste 24410 ser ut til å ende i balanse ved årsslutt.

25100 tiltak i heimen

Det ser ut til å vere ei innsparing på om lag kr 100 000 på denne tenesta for 1. tertial. Dette er misvisande då ein del utgifter blir refundert til Fjaler ved slutten av året og difor ikkje har komme med. På grunn av uventa utgifter på teneste 25200 arbeider barneverntenesta med innsparingstiltak i høve denne tenesta for å komme i balanse ved årsslutt. Om ein lukkast med dette er avhengig av utviklinga i noverande saker og eventuelle nye saker som kjem.

25200 tiltak utanfor heimen

Askvoll kommune har to born i fosterheim. Utgifter knytt til fosterheimane er som budsjetttert og refusjonar blir kravd inn kvartalsvis. Det vil sannsynlegvis komme ein del ikkje-budsjetterte utgifter knytt til sak for Fykesnemnda/Tingretten. Desse utgiftene vil ein arbeide for å spare inn på andre postar.

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar:
Ja

Charlotte Willemoes barnevernleiar

Helse og omsorg

TERTIALRAPPORT PR. 30.04.2015

Samla vurdering:

Hittil i år har drifta av helse- og omsorgsetaten vore nøktern og effektiv, ein ligg akkurat i ballanse. Dette sjølv med ekstrarekning på kr. 2 mill. kr. for brukar i annan kommune. Totalt sett er det ekstra utfordringar på nesten kr. 4 millionar for 2015 som ikkje er budsjettet. Det er forventa at ein får inn 1,5 mill. kr. meir enn budsjettet i refusjon for særleg ress.krevjande brukarar for 2015. Klarar ein å halde drifta slik som ein har klart hittil i år, vil ein kunne hamne på eit meirforbruk på ca. kr. 1 mill. for 2015 innan helse- og omsorgsetaten. Det vil såleis påkreve tilføring av midlar for å kunne komme i ballanse ved årsslutt.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett	Rekneskap	Avvik	% forbruk
		pr. 30.04.2015	pr. 30.04.2015		av total
Brutto løn	76 045 335	28 045 520	26 583 405	1 462 115	34,96
Refusjonar	-1 860 000	-620 000	-995 714	375 714	
Netto løn	74 185 335	27 425 520	25 587 691	1 837 829	34,49

Kommentar til løn:

Mindreforbruk på løn kjem av svært nøktern og stram drift, der ein sparar når ein kan. Det er i tillegg ikkje tilsett personale i alle stillingsprosentar.

Det er 1 mnd. etterslep på timeløna arbeidstakar, hovedtyngda av utgifter til høgtidstillegg for påske/pinse går til utbetaling i juni, dette vil redusere mindreforbruk.

Det vil komme eit betydeleg større utlegg innan sosiale tenester for sommaren, innan støttekontakt/avlasting, det vil gjere utslag til neste tertialrapport.

Ein har mangel på personale og vikarar innan tenesta, dette gjer til at ein brukar ein del meir overtid enn det som er ynskjeleg. Det er viktig at vi klarar å rekruttere inn nytt fagpersonell, og legge godt til rette for dei som er sjukemelde.

Brukarbetaling:

	2012	2013	2014	Pr. 30.04.2015
Budsjett	4 805 000	5 274 000	5 344 000	1 846 533
Rekneskap	4 963 942	5 080 079	5 347 280	1 640 356
Avvik	158 942	-193 921	3 280	-206 177

Det er lagt inn brukarbetaling frå NAV til og med april.

Det manglar brukarbetaling frå praktisk bistand og matombringning for april, slik at i praksis er ein der ein skal vere i forhold til budsjettet.

Fortset utviklinga, vil ein ved utgangen av året gå i ballanse innan brukarbetaling.

Andre forhold:

Alle innkjøp er i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar.

Pasient/brukar forhold :

Gj.snitt pasientbelegg ved Askvollheimen i 1. tertial har vore 50, det vil seie 1 pasient over «godkjent» tal. Det har i denne perioden ikkje vore nødvendig med bruk av ekstrahjelp for å gje forsvarlege tenester. Vi har per 30.04.2015 klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå helseføretaka som vi har fått melding om.

Medfinansiering somatiske pasientar :

Teneste som eigentleg er avslutta ved årskiftet, men vi har fått ei førebels avrekning for 2014, som viser at vi har betalt 124 000,- for lite. Den er no betalt frå 2015-budsjettet.

Bu- og miljøteneste :

Askvoll kommune har over ei tid hatt ein tvist med ein nabokommune. Fylkesmannen har no avgjort saka i vår disfavour. Kostnadane for 2013 og 2014 tatt med i 1.tertial 2015, med kr. 2 000 000,-. I tillegg kjem kostnader for 2,5 månadar for 2015, stipulert til kr. 300 000,-. Frå 01.06. vert oppstart av ny omsorgsløn i 40% stilling, kostnad ca. kr. 160 000,- for 2015. Det er starta opp tilbod til eit barn med ca 40% stilling frå 01.03, årskostnad for 2015 vert ca. kr. 200 000,-. For sommaren 2015 vert det også naudsynt for Askvoll kommune å gje tilbod for nokre ungdommar som har behov for buhjelp/støtte og opplæring. Det er i tillegg inne 2 søknadar om BPA(det eine er tidl. omtalt-40%st. til barn), kostnad kan moglegvis verte ca. kr. 300 000,- for 2015.

Samla utfordring for Bu-og miljøtenesta for 2015 er ca. kr. 3,1 mill. som ikkje er budsjettet.

Oppstart av tilbod til heimebuande demente frå 01.09.15.

Helse- og omsorgsetaten ynskjer å starte opp tilbod til heimebuande demente frå hausten 2015. Dette er ei oppfølging av Demensplan 2015, der det vert lagt opp til at kommunane har eit slikt tilbod. Det er venta at dette vert eit påbod innan relativt kort tid. Tilbodet vårt vil vere 2 til 3 plassar 3 dagar i veka, dette er anbefalt oppstartmengde. **Årskostnad for 2015 vert ca. kr. 200 000,-**, dette er ikkje budsjettet. I utgangspunktet var det rom for dette tiltaket i 2015-budsjettet, stoda no, er at dette vil verte problematisk å dekke innanfor tildelt ramme.

Seksjon Helse :

Ved seksjon helse ligg ein med eit meirforbruk på kr. 13 000,-, dette skuldast manglande refusjon for fysioterapeutar, og folkehelse dette vert utbetalt til sommaren. Men ein har fått heile tilskotet for Nærmiljøsentralen, slik at det «sminkar» resultatet monaleg. Ein har fortsatt uavklart sak med Førde kommune om ung brukar, får ein ikkje refundert desse kostnadane det medføre ein årskostnad på kr. 414 000,-. Det vil også ligge an til ein årskostnad på kr. 160 000,- for legevakt på dagtid som ikkje er budsjettet, tillegg til meirforbruk på telefon.

Totalt sett kan vente meirforbruk innan Seksjon Helse på ca. kr. 600 000,- for 2015.

Askvoll 20.05.15

Stein Helle
Kommunalsjef for helse og omsorg

Landbruksforvaltning for Askvoll og Fjaler

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15.

Samla vurdering:

Det er på noverande tidspunkt avklart at Hyllestad ikkje vert med i felles landbruksforvaltning for Hafs-kommunane. Det er under utarbeiding ny organisasjonsplan/budsjett/avtale mellom Askvoll, Fjaler og Solund, som ventast klar i løpet av mai.

Ut frå dei foreløpige tala pr. 30.04.15 er det grunn til å tru at det ikkje vil bli vesentlege endringar i høve til budsjettet.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett	Rekneskap	Avvik	% forbruk
		pr. 30.04.15	pr. 30.04.15		av total
Brutto løn	2 766 815	1 020 401	768 615	251 786	27,78
Refusjonar	0	0	-2 424	-2 424	
Netto løn	2 766 815	1 020 401	766 191	254 210	27,69

Kommentar til løn:

Stillinga til Knut David Hustveit har stått vakant sidan 01.01.15, og vil truleg bli ståande vakant til august/september, noko som inneber innsparer midlar.

Andre merknadar:

Ny samarbeidsavtale mellom Askvoll/Fjaler/Solund ventast utarbeidd/godkjent i løpet av mai/juni, og nytt budsjett og reknskapsrapport vil då bli utarbeidd.

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar?
Ja.

Stad / Dato

Askvoll 12.05.2015.

Geir Grytøyra

-kommunalsjef landbruk-

Teknisk drift

REKNESKAPSRAPPORT PR. 30.04.15

Samla vurdering:

Teknisk drift har meirforbruk lik ca. kr. 150-200.000 jf. gjennomgang 30.04.15.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 30.04.15	Rekneskap pr. 30.04.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	7 120 100	2 625 893	2 667 691	-41 798	37,47
Refusjonar	0	0	-22 470	22 470	
Netto løn	7 120 100	2 625 893	2 645 221	-19 328	37,15

Kommentar til løn:

Meirforbruk lik 19.328 for perioden 0101-300415. I same periode i 2014 var det lønnsmidlar til gode lik ca. kr. 300.000,-.

Andre forhold:

- Kommunale vegar har eit meirforbruk på ca. 212.000 i forhold til budsjett.
- Brannvern har eit meirforbruk lik kr. 230.000 i forhold til budsjett. Området vil få enda større utgifter seinare i 2015 pga. TETRA. Kostnad for Alarmsentralen er ca. kr. 300.000 for heile året og er dekkja innanfor 1. tertial. Mindre overskriding.
- Vatn har ca. 40.000 mindre inntekter enn budsjettert og driftsmessig overforbruk lik kr. 60.000. Samla har området meirforbruk lik ca. 100.000,-.
- Avlaup har samla innanfor tenesten 35000 og 35300 midlar igjen lik ca. kr. 80.000,-.

Konklusjon:

Teknisk drift har eit meirforbruk pr. 30.04.15 på ca. 150-200.000,-.

Tiltak:

- Redusere vegvedlikehold for resten av 2015.
- Følgje opp forbruk spesielt innanfor brann forebyggande og beredskap.

Askvoll 22.05.15

Per Jan Ryland
-Teknisk sjef-

Bygg- og eigedom

TERTIALRAPPORT PR. 30.04.15

Samla vurdering:

Grunna mindre husleigeinntekter enn budsjettert, ein del uføresette utgifter til vedlikehald bør driftsbudsjettet til bygg- og eigedomsavdelinga aukast med 200 000,-. Det må settast av 240 000,- til ferdigstilling av kommunedelplan for Atløysambandet.

Løn pr. 30.04.15:

	Budsjett 2015	Budsjett pr. 30.04.15	Rekneskap pr. 30.04.15	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	2 410 250	888 900	706 330	182 570	29,31
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto løn	2 410 250	888 900	706 330	182 570	29,31

Kommentar til løn:

Ei stilling ved avdelinga har vert ledig sidan desember 2014. Desse lønsmidlane er og vil bli nytta til innleige av konsulenthjelp til sakshandsaming av reguleringsplanar.

Husleigeinntekter:

	Rekneskap 30.04.15	Budsjett 30.04.15	Avvik i kr.
Administrasjonslokale	-31 186	-83 667	-52 481
Askvoll skule	0	-55 000	-55 000
Stongfjorden skule	0	-25 000	-25 000
Helsehuset	-73 968	-54 000	19 968
Holmedal eldresenter	-140 330	-150 000	-9 670
Bulandsheimen	-90 021	-106 333	-16 312
Værlandet bygdetun	-24 007	-51 333	-27 326
Omsorgsbustadar Askvoll	-739 215	-716 667	22 548
Bustadar Kvammen	-96 028	-90 000	6 028
Bufellesskap	-336 377	-364 333	-27 956
Heradsheimen	-24 943	-23 333	1 610
Paulsbu	-56 154	-54 667	1 487
Bakketun II	-43 790	-42 667	1 123
Tipphaugen	-85 819	-96 333	-10 515
Sifbo	-79 669	-107 000	-27 331
Heradsheimen	-4 910	0	4 910
Ekspedisjonsbygget	-5 891	-28 333	-22 442
Sum husleige	-1 832 307	-2 048 667	-216 359

I dei to største husværa i SIFBO er det ikkje teke inn nye leigetakarar i påvente av mottak av flyktningar. Det har også stått ledig eitt husvære ved Værlandet Bygdetun og eitt ved Bulandsheimen i lengre tid. Det har ikkje lukkast å få inn leigetakarar i Stongfjorden skule slik det var sett opp i budsjettet. Det må elles påpeikast at nokre husleiger vert fakturert pr halvår (AHIL og Omstillingsorg). Ein forventar at husleigeinntekter vert mindre enn budsjettert (kr 100-200 000).

Andre merknadar:

Vi har den siste tida hatt ein del uføresette større kostnader til vedlikehald. Dette gjeld blant anna; reparasjon av ventilasjonsanlegg ved Bulandet skule, reparasjon av heis på rådhuset, solskjerming på rådhuset, oppussing av eit husvære i SIFBO pga bruken til førre leigetakar. Tilknytning fiber Bulandet og Askvoll skule kjem.

Driftsmidlar til planlagt vedlikehald bør ikkje reduserast i år, slik det har blitt av ulike årsaker dei siste åra.

Det må settast av midlar til slutføring av kommunedelplan for Atløysambandet. Det er ikkje teke høgd for resterande utgifter til denne i bygg- og eigedom sitt budsjett. Midlar avsett i sak kom 070/09 og 026/11 er brukt opp. Det står att noko av kontraktsummen med Rambøll som ikkje er utbetalt då arbeidet ikkje er ferdig. I tillegg er det gjennomført ei Ros-analyse i samband med søknad om dispensasjon frå nye stigningskrav i tunell, som det ikkje er teke høgde for. Det må settast av kr 240 000,- til ferdigstilling av planen.

I investeringsbudsjettet er det for 2016 sett av 1 mill til tilpassing for funksjonshemma ved Askvoll skule. Planleggings- og prosjekteringsarbeidet må starte i år då dette arbeidet må vere ferdig til skulestart hausten 2016. Det er ikkje teke høgd for dette i budsjettet for 2015. Det er sett litt på ulike løysingar. Slik det ser ut pr dd, vert 1 mill for lite.

Askvoll / 22.05.15

Liss Merete Lien
-Bygg- og eigedomssjef-

Finansielle føremål

TERTIALRAPPORT PR. 31.04.15

Samla vurdering:

Minke rammetilskot	kr. -	450 000,-
Minke skatteinngang	kr. -	450 000,-
Dekking av tidlegare års meirforbruk	kr. +	1 800 000,-
Til gode lønsoppgjør	kr. +	2 000 000,-
Auka eigedomsskatt	kr. +	800 000,-
TOTALT (tilgode midlar)	kr	kr. 3 700 000,-

Rammetilskot

Askvoll kommune bruker KS sin prognosemodell for vurdering av rammetilskot og skatt. Den siste versjonen av 15.05.2015, inkl. RNB 2015 (Revidert nasjonal budsjett) viser ein nedgang i rammetilskot på ca. kr. 450 000,-. Nedgangen er i netto inntektsutjevning. Inntektsutjevninga er ei omfordeling av skatteinntekene mellom kommunane og har tidlegare kompensert for at vi har ein skatteinngang under 90% av landsgjennomsnittet. For å kompensere for lav skatteinngang er det tilført ramma 467 000,-. I tillegg har Askvoll fått tilført kr. 46 000,- som kompensasjon for adm. utgifter ved innføring av nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagane.

Askvoll kommune sitt budsjett viser for 2015 eit rammetilskot på kr. 119 986 000,-. Prognosemodellen til KS anslår rammetilskotet til kommunen å vere kr. 119 526 000,-.

Skatt

Prognosemodellen viser at vi vil få ein skatteinngang på kr. 60 446 000,-. Dette er 468 000,- under budsjett for 2015. Som nemnt over har vi fått kompensert dette i rammetilskotet. Skatt og rammetilskot må sjåast i lag da kommunar med lita «skatteevne» får kompensert for dette i inntektsutjevning som er ein del av rammetilskotet. Totalt sett er det no ein nedgang på 900 000,- i forhold til budsjett. Skatt og inntektsutjevning er berekna ut frå folketall 01.01.2015, medan det er folketall 31.12.2015 som avgjer kva vi totalt sett får i skatt og inntektsutjevning for 2015.

Renteutgifter

Askvoll kommune har pr. 31.04.2015 ei lånegjeld på ca. 218 mill. kr. I budsjett for 2015 er lån med flytande rente budsjetttert med 2,5 %. Styringsrenta i Noregs Bank ligg på 1,25 % og har vore uendra sidan desember 2014. Den flytande renta ligg ca. 1% over styringsrenta. Askvoll kommune sparar ca. 600 000 at den flytande renta er lågare enn budsjetttert, men rentekompensasjonen blir og lågare, da den blir rekna ut frå flytande rente.

Renteinntekter

Det er budsjetttert med 0,7 mill. kr.- i renteinntekter for 2015. P.g. av dårleg likviditet så ligg vi her langt under budsjett. Dersom likviditeten ikkje blir betre vil vi komme ut med renteinntekter på 450 000,- under budsjett.

Samla sett vurderer økonomisjefen det slik at ein førebels ikkje gjer endringar på renteutgifter, renteinntekter og rentekompensasjon.

Lønsvekst:

I budsjett for 2015 er det avsett kr. 5,3 mill. til lønsvekst i 2015.

Årets tariffoppgjer er no klart og gir ikkje nye lønstillegg utover det som partane var eining om i fjor. Økonomisjefen og rådmannen vurderer det slik at vi har sett av 2 mill. kr. for mykje til lønsoppgjøret for 2015.

Eigedomsskatt:

Det er budsjettet med 3 mill. kr. i eigedomsskatt for 2015, iflg skatteoppkrevjaren sin prognose kan vi auke dette til 3,8 mill. kr.

Dekking av tidlegare års meirforbruk:

Askvoll kommune fekk i 2014 eit mindreforbruk på kr. 5,1 mill. kr. Det er sett av 1,8 mill kr,- til dekking av tidlegare års meirforbruk i 2015. Dersom kommunestyre vedtar at 3,7 mill kr. av mindreforbruket i 2014 går til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk, blir 1,8 mill. kr. disponible til andre formål i 2015.

Askvoll, 27.05.15

Nina Haugstad

-økonomisjef-

Rapporteringsskjema 30.04.2015 i hht Finansreglement for Askvoll kommune

Tal i 1000 kroner

Kortsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum 31.04	Forfall	Rente- sats	Påløpt rente	Budsjett 2014	Ref.ind eks	Avvik
Hovedbankforbindelse:								
Bankinnskot disponibelt	9 082	13 034		2,2				
Bankinnskot fond etc.	865	886		2,2				
Skattetrekksmidlar	5 691	6 232		2,2				
Sum kortsiktige plassering	15 638	20 152			34	700		666

Langsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum 31.04	Allokering	Verdi- endring	Budsjett	Ref.indeks	Avvik
	0	0					

Gjeldsportefølje

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.04	Rente p.t./fast	Betalt rente i år	Betalte avdrag i år	Budsj. rente	Budsj. avdrag	Avvik
Kommunalbanken								
- lån nr 2005137	5 761	5 281	2,57 fast	74	480	137	960	
- lån nr 2005104	12 896	12 380	2,58 fast	166	516	326	1 032	
- lån nr 20050482	1 192	1 100	2,57 fast	15	92	30	183	
-lån nr 20130679	11 810	11 810	2,37 fast	0	0	282		
-flytande rente	123 875	123 607	2,0	207	268	3 066	3 156	
Kommunekreditt/KLP	155 534	154 178		462	1 356	3 841	5 331	
- lån nr 8317.50.30738	20 150	19 430	2,3	303	720	485	1 440	
-lån nr 8317.53.39291	23 420	23 420	2,25 fast			527	0	
Husbanken*	19 712	20 715	2,50	193	489*	510	1 484*	
Sum gjeld	218 816	217 743		958	2 565	5 363	8 255	

*Husbanken sine lån inneheld både kommunen sine egne lån og lån til vidare utlån. (startlån)

264 av avdraga er derfor ført i investeringsrekneskapen pr.30.04.15 Totalt budsjetttert avdrag 868

Fordeling på långjevarar og rentebindingstid for investeringslåna:

Långjevarar	del av låneporteføljen	del flytande rente	del fast rente
Kommunalbanken	71	80	20
Kommunekreditt/KLP	20	45	55
Husbanken	9	26	74
Sum	100	68	32

Garantiar

Garantimottakar	Føretaket sitt namn	Garanti beløp	Utløpsdato
Sparebanken s og fj	Stongfjorden Grendahus	48	01.06.2016
Sparebanken s og fj	England og Sauesund Vassssverk	196	25.10.22
Sparebanken s og fj	Herland Vassverk	500	15.09.34

Nina Haugstad 28.04.15

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 020/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/78
---	-------------------------	------------------------------

Forvaltningsrevisjonsrapport - Sjølvkostberekningar på VA-sektoren

Vedlegg:

Dok.dato 17.08.2015	Tittel Forvaltningsrevisjonsrapport - Sjølvkostberekningar VA sektoren i Askvoll kommune	Dok.ID 3002
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar på VA sektoren», frå KRYSS Revisjon datert 10.8.2015.

Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp tilrådinga på side 10 i rapporten, om å endre avskrivingsperiode på anlegg som etter budsjett- og rekneskapsforskriftene §8 skal avskrivas over 40 år.

.

Saksutgreiing:

Askvoll kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 023/14 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt i møte 18.9.2015:

- Kontrollutvalet tingar, Kontroll av sjølvkostberekningar VA-sektoren, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.*
 - Formålet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VA-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene.*
 - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2014 for VA-sektoren og kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2015.*
 - Leveringsfrist 1. mai 2015.*
- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 5. desember 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.*

Prosjektplanen vart handsama i møte 5.12.2015 sak 031/14.

Revisor melde frå i e-post 5.5.2015 om at han ikkje klarde å levere rapporten innan tidsfristen 1. mai.

SEKOM-sekretariat fekk endeleg rapport frå KRYSS Revisjon 10.8.2015.

Revisor har følgjande konklusjon og tilråding på side 10 i rapporten:

6.2.5 Konklusjon

- Det vert nytta feil tal år på avskrivingar som gjeld leidningsnett. Desse vert avskrive med 20 år, medan budsjett- og rekneskapsforskriftene § 8 seier 40 år. Feilen gjev resultateffekt på om lag kr 300 000 i for høgt vurderte utgifter i 2014. Samstundes har ei feilføring i Agresso ført til at sjølvkostrekneskapen har blitt kr 328 000 for lite utgiftsført.
- Oppsett og innhald i sjølvkostrekneskapen er elles korrekt jf H-3/14

6.2.6 Tilråding

Vi rår kommunen å endre dagens avskrivingspraksis med 20 års avskrivingsperiode på anlegg som etter budsjett- og rekneskapsforskriftene § 8 skal avskrivas over 40 år .

I rådmannen sine kommentarar til rapporten kjem det fram at feilføring i Agresso for rekneskapen 2014, vert retta i rekneskapen for 2015. Vidare vil Askvoll kommune rette seg etter tilrådinga i rapporten om 40 års avskrivingsperiode på leidningsnettet, og bruke det frå 2015.

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Askvoll Kommune

”Sjølvcostberekningar på VAR sektoren”

Endeleg rapport: 10.08.2015

1	INNLEIING	3
1.1	Samandrag av rapporten	3
1.2	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:	3
1.3	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen	3
2	OM FORVALTNINGSREVISJON	3
2.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	3
2.2	KRYSS-Revisjon	4
3	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	4
3.1	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	4
3.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	4
3.2.1	Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følge tingingsdokumentet	4
3.2.2	Presisering av vår oppdragsforståing	4
4	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	5
4.1	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	5
4.2	Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet	5
4.2.1	Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten	6
5	METODE	6
5.1.1	Problemstilling	6
6	Fakta	6
6.1.1	Kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av gebyr 2015	6
6.1.2	Innleiing	7
6.1.3	Kva ligg i sjølvkostmodellen frå Momentum selvkost	7
6.1.4	Gjennomgang av funksjonane knytt til direkte driftsutgifter og skildring av fordelingsnøkler på tilleggskostnader(interntenestene og fellesanlegg)	7
6.1.5	Kvalitetssikring og etterkalkyle for 2014	8
6.1.6	Risiki med å nytte eksternt firma	9
6.2	Vurderingar og konklusjonar	9
6.2.1	Fordelingsnøkler	9
6.2.2	Direkte driftsutgifter	9
6.2.3	Kalkulatorisk rente	9
6.2.4	Avskrivningar	9
6.2.5	Konklusjon	10
6.2.6	Tilråding	10
7	Rådmannen sine kommentarar til rapporten	11

1 INNLEIING

Nedanfor følgjer samandraget av denne forvaltningsrevisjonen .

Der det er laga konklusjonar, er desse presenterte der dei naturleg høyrer heime i samandraget.

1.1 Samandrag av rapporten

I 2014 har Askvoll inngått avtale med firma Momentum Selvkost om produksjon av sjølvkostrekneskap. Overføringa av rekneskapsdata frå Agresso økonomi skjer via e-post. Rekneskapen blir importert i excel og sendt som filvedlegg til firmaet Momentum Selvkost. I dette ligg ein ibuande risiko for feil. Vi har difor gjort fullstendig- kontrollar på delar av talmaterialet, der vi kontrollerte om det var samsvar mellom tala i Agresso og i modellen frå Momentum Selvkost. Vi fann ingen feil i det kontrollerte talmaterialet.

Vår gjennomgang synte elles at det er tilhøve med omsyn til avskrivingar og feilføringar i Agresso som må korrigerast i etterkalkyla for 2015. Feila i 2014 kalkyla har ikkje i vesentleg grad påverka sluttresultatet og dimed grunnlaget for gebyrstorleiken ut til abonnentane.

Vi har elles ingen merknader til oppsett og innhald i modellen frå Momentum Selvkost. Det er eit produkt som er i samsvar med føringane og retningslinene i H-3/14 frå kommunaldepartementet.

1.2 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ VA. Er forkorta av orda Vatn, Avlaup.
- ❖ Interne tenester også nemna som Indirekte kostnader jf H - 3/14 side 13
- ❖ MSK forkorta av Momentum Selvkost Kommune. Namnet på sjølvkostmodellen som vert nytta av firmaet Momentum Selvkost.

1.3 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet.

For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

Underteikna har ingen nærstående jf. kl. § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i Askvoll kommune, det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

2 OM FORVALTNINGSREVISJON

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Askvoll kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

2.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunalova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

2.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

3 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

3.1 Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsvedtaket* frå Askvoll kontrollutval der det i sak 023/14 den 18.09.2014 vart vedteke å tinge ein forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS – Revisjon.

3.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

3.2.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følge tingsdokumentet

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VA-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene.

Problemstillingane for forvaltningsprosjektet er gjeve i tingsdokumentet:

- Problemstillinga: Er sjølvkostberekningane i Askvoll kommune på vatn og avlaup i samsvar med gjeldande regelverk og betaler innbyggjarane rett pris for vatn og avlaup.

Kontrollen skal **avgrensast** til rekneskapstala for 2014 og budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2015.

3.2.2 Presisering av vår oppdragsforståing

Slik vi forstår tinginga frå kontrollutvalet inneber oppdraget at vi skal kontrollere om kostnadsgrunnlaget er korrekt og fullstending i høve gjeldande regelverk. Det medfører også at vi skal undersøkje om fastsetjinga av gebyrsatsar har vorte gjort i samband med budsjettsaka i desember og etterkalkylen på sjølvkostrekneskapen for 2013. Vi vil ikkje gjere ordinært rekneskapsrevisjon. Vi vil bruke relevante delar av det arbeid som rekneskapsrevisjonen har gjort i samband med rekneskapsrevisjon 2014. Vi vil difor bruke det talmaterialet som er revidert og som på det viset er revisjonsfagleg kvalitetssikra.

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

4.1 Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ RSK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunnngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

4.2 Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedtekte rutineverk og administrativt rutineverk.

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

Dei mest relevante rettsreglane¹ innan tenester som vert omfatta av omgrepet sjølvkost er å finne i:

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Utgangspunktet for lova og forskrifta til lova er at brukarane av tenestene (vatn og avlaup) bør bære kostnadane med tenestene. Merk at lova ikkje stiller krav om full kostnadsdekking. Sjå § 3
- Forurensingsloven. Innafor avfallsområdet er det satt eit lovmessig krav om at sjølvkost skal danne grunnlaget for brukarbetalinga.
- Plan- og bygningsloven. Lova seier at brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost. Sjå PBL § 109
- Matrikkellova. Brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost, jf Matrikkellova § 32.
- Brannvernloven. Brannvernlova § 28 seier at brukarbetalinga maksimalt kan dekke sjølvkost innan feietenestene.

Eit sentralt styringsdokument for sjølvkosttenestene i 2014 er Kommunal- og regionaldepartementet sitt dokument H-3/14 ”Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester”.

I H – 3/14 vert omgrepet sjølvkost definert som : ”Selvkost er den totale kostnadsøkningen en kommune eller et selskap påføres ved å produsere en bestemt vare eller teneste..”

¹ Ein rettsregel er ein regulerande norm som uttrykker gjeldande rett.

Kostnadsauken vert forstått som berre dei kostnader som kommunen har knytt til den samla produksjonen av den aktuelle tenesta.

I retningslinene vert sjølvkost med omgrep som direkte og indirekte kostnader vidareforklara og konkretisert.

Viktig å merke seg er at berre lov om forureining set som vilkår at forureinar skal betale fullt ut for arbeidet med å handtere avfallet. Ingen av dei andre aktuelle lovene har krav om at brukar skal dekke kostnadene med tenesta fullt ut. I desse tenestene er sjølvkost taket på kor store gebyra kan vere. I kva grad ordningane med vass- og kloakkavgift skal vere sjølvfinansierande må difor avgjerast av kommunestyret gjennom vedtak.

4.2.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
	Er sjølvkostberekningane i Askvoll kommune på vatn og avlaup i samsvar med gjeldande regelverk og betaler innbyggjarane rett pris for vatn og avlaup.	• H-3/14 "Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester" • Budsjett og rekneskapsforskriftene § 8

Tabell 1: Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium

5 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi har fått tilgang til, og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomidata og samtale med tenesteeiningsleiar. Vi har i tillegg nytta revisjonsvurderingar og notat henta frå oppdragsansvarleg revisor for kommunerekneskapet i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen så langt dei passar.

5.1.1 Problemstilling

Er sjølvkostberekningane i Askvoll kommune på vatn og avlaup i samsvar med gjeldande regelverk og betaler innbyggjarane rett pris for vatn og avlaup.

6 FAKTA

6.1.1 Kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av gebyr 2015

Som ein del av avgrensinga i tinginga har kontrollutvalet bede om ein kontroll av budsjettgrunnlaget for gebyra i 2015.

I kommunestyresak 088/14 vart årsbudsjettet for 2015 og økonomiplan 2015 – 2018 vedteke.

Budsjettvedtaket inkluderar formannskapet sitt gebyrframlegg på kommunale avgifter.

Kommunestyrevedtaket innebar såleis at gebyra for mellom anna vatn og avlaup ikkje vart endra i 2015. Føresetnaden for tilrådinga frå formannskapet var framlagt etterkalkyle for 2013. Etterkalkyla var lagt fram i dokumentet «Vedlegg til budsjett 2015 og økonomiplan for 2015 til 2018»² I etterkalkyla ser ein at sjølvkostfonda var så vidt høge, at det ikkje var naudsynt med auke i gebyra. Dette er i samsvar med føresetnadane for sjølvkosttenester.

I

² Vi syner til side 45 i budsjettvedlegget.

6.1.2 Innleiing

Askvoll kommune nyttar i dag firmaet Momentum Selvkost til å utarbeide sjølvkostrekneskapet.

I fylgje informasjon motteke frå kommunen har temaet sjølvkost vore eit diskusjonstema mellom teknisk sjef, økonomisjef og rådmann ved fleire høve. I mars 2014 var firmaet Momentum Selvkost tilstades i fylket for å markedsføre sine tenester og produkt. I eit møte med Askvoll kommune der dei presenterte seg sjølv og sine produkt, mottok kommunen i etterkant eit skriftleg tilbod. Tilbodet vart tatt opp i økonomigruppa i FØYS og det vart semje om å innhente samla tilbod gjeldande for alle kommunane i FØYS. Askvoll kommune takka ja til tilbodet. Det vart i etterkant halde møte med Momentum der fordelingsnøklar vart diskutert og bestemt. I forkant av møtet hadde Momentum fått tilsendt drifts- og investeringsrekneskapen for 2013, anleggsregisteret, gebyrsatsar osv³ for å kunne gjere etterkalkyle for 2013. Vårt arbeid har difor tatt utgangspunkt i det samvirke som ligg i avtalen mellom Askvoll kommune og firmaet Momentum Selvkost. Mykje av den informasjonen er innhenta frå Askvoll kommune. Noko er henta frå heimesida til Momentum.

6.1.3 Kva ligg i sjølvkostmodellen frå Momentum selvkost

Litt om selskapet

Selskapet vart etablert i 2003, og leiande i Norge innan sjølvkost. Deira kundeportefølje står seg hovudsakleg av kommunar og renovasjonsselskap. Programvara dei sel vert i dag nytta av fleire enn 200 kommunar.

Dei tilsette i Momentum Selvkost er høgt utdanna, og dei utviklarmellom anna excel- baserte rapporteringsløysingar.

Sjølvkostverktøyet Momentum Selvkost Kommune (MSK):

Programmet taklar alle relevante spørsmål kring sjølvkost. Det er bygd på retningslinene i kommunaldepartementet sitt rundskriv H-3/14 (som erstattar H-2140). H-3/14 er utleia av på bakgrunn av mellom anna dei særlover vi har lista opp under punkt 4.2.

I MSK vert rekneskapsrapportane importert frå kommunen sitt økonomisystem slik at ein unngår manuell innlegging av rekneskapsdata. Mellom anna vert sjølvkostfonda kobla mot etterkalkyle og budsjettprognosedelen av programmet slik at bruk og avsetning til fondet vert inkludert i budsjettprognosen.

6.1.4 Gjennomgang av funksjonane knytt til direkte driftsutgifter og skildring av fordelingsnøklane på tilleggskostnader (interntenestene og fellesanlegg)

I MSK vert alle utgiftene på teneste 34000 (produksjon av vatn), 34500 (distribusjon av vatn), 35000 (avløpsreinsing), 35300 (avløpsnett/innsamling) 35400 (tøming av slamavskiljar) med i sjølvkostoppsettet.

Skildring av fordelingsnøklar.

Fordelingsnøklane i sjølvkostmodellen er desse: Brutto driftsutgifter, pensjonskostnad, årsverk, tilsette, kontor i administrasjonsbygg, tal pc'ar, fakturering og innfordring og post, bank og porto.

Fordelingsnøkkelen Brutto driftsutgifter fungerer som ein brøk der brutto driftsutgifter står i nemnar. Det einskilde gebyrområde sine brutto driftsutgifter vert plassert i teller. Når så ein skal fordele interntenestene multipliserar ein resultatet av brøken for det einskilde gebyrområde med fordelingsgrunnlaget i den einskilte internteneste. Denne måten å fordele interntenestene er i samsvar med tilrådingane i H- 3/14 sjå side 15. I modellen frå MSK er konto 13700 – Kjøl av

³ Budsjett 2015, vedteke i kommunestyret sitt desembermøte i 2014.

tenester frå andre korrekt eliminert i beregninga av Brutto driftsutgifter. Denne nøkkelen vert nytta til å fordele revisjon, rekneskap, og administrasjon.

Denne nøkkelen er ikkje einerådande. MSK nyttar som skrive innleiingsvis også andre nøklar. Til dømes vert nøklane Årsverk, tilsette, kontor i adm bygg og tal pc generert etter uttrekk frå lønssystemet og samtalar med einingsleiarane innfor sjølvkostområda. Dei tilsette vert fordelt til sjølvkostområda etter kor mykje dei faktisk arbeider innfor kvart område, i tillegg til at opplysningar om dei har kontor i administrasjonsbygg og om dei har pc vert registrert.

Nøkkelen fakturering og innfordring fungerer slik at totalt tal faktura i 2014 vert sett i nemnaren i brøken og eit vekta tal faktura i tellaren. Vektinga framkjem ved at totalt tal faktura knytt til sjølvkostområda i 2014 vert fordelt etter tal abonnentar innfor kvart sjølvkostområde av totalt tal abonnentar.

Tellarane i nøkkelen Post, bank, porto er forutsett å vere halvparten av tellarane i nøkkelen fakturering og innfordring fordi brev og liknande skal verte fanga opp i nøkkelen.

Denne måten å fordele dei resterande interntenestene er i samsvar med tilrådingane i H-3/14.

I vår gjennomgang av MSK finn vi at dei rekneskapstal som høyrer med i eit sjølvkostrekneskap er på plass. Det vil seie at inntektene, avskrivningane, kalkulatorisk rente, indirekte avskrivningar, indirekte kalkulatorisk rente, sjølvkostfond med meir er korrekt satt opp og utrekna.

6.1.5 Kvalitetssikring og etterkalkyle for 2014

Vi har i arbeidet med denne revisjonen bede om og fått tilgang til den korrespondanse som har vore mellom Momentum Selvkost og Askvoll kommune i samband med oversending av talgrunnlaget frå kommunen, og e-postar fram og tilbake kring tilhøve i rekneskapstala som har vore diskutert.

Etterkalkylearbeidet starta med ein e-post frå Momentum Selvkost til kommunen i januar i år, der dei detaljert bad om rekneskapstala i tillegg til detaljert oppskrift på formatet og kva program⁴ som skulle nyttast.

Dei bad også om budsjettet for 2015 inklusiv vedtekne gebyrsatsar og saldo på alle sjølvkostfonda, grunnlagsdata til fordelingsnøklane og ei fil med uttrekk frå løns- og personalsystemet med namn, stillingsprosent og funksjon/teneste.

I ein ekspedisjon frå kommunen til Momentum Selvkost i februar i år, vart etterspurde opplysningar oversendt pr e-post.

I ein tilbakemelding frå Momentum Selvkost til kommunen litt seinare i februar i år, hadde rådgjevaren fleire spørsmål til oversendt materiale frå kommunen. Desse vart svara på og mistydingar og korrigeringar vart gjort. Dette gjaldt mellom anna levetid på anlegg, beslutning om kva⁵ kommunen vil rekne som sin pensjonskostnad: Pensjonspremie eller pensjonskostnad, litt om fordelingsnøkkelgrunnlaget og nokre andre spørsmål kring føringar på ulike funksjonar.

Vi registrer at det undervegs i arbeidet med etterkalkyla (sjølvkostrekneskapen med andre ord) framkom differansar mellom kommune sine tal og MSK sine tal på avskrivningane av einskilde anleggsmiddel. MSK hadde nytta avskrivingsperiode på 40 år på leidningsnett jf. budsjett og rekneskapsforskrifta § 8, medan kommunen har brukt 20 år. I e-postutvekslinga mellom kommunen og Momentum Selvkost vart det bestemt frå kommunen at ein skulle bruke 20 års avskrivingsperiode. Vi ser av korrespondansen at Momentum Selvkost ikkje er samd med kommunen si vurdering og at dei syner til forskrifta § 8. Slik vi forstår Momentum Selvkost meiner dei det er anlegg til ein verdi av kr 9 029 792 på vatn, og kr 3 028 790 på avlaup som har feil avskrivingsperiode. Ved å fordele ovannemnde anlegg på 40 år i staden for 20 år, vert årsverknaden på avskrivningane kr 301 413 for høg i sjølvkostrekneskapen for 2014.

⁴ Excel

⁵ Her kan kommunane velje om dei vil nytte pensjonspremien eller pensjonskostnaden jf H-3/14 kapittel 5.1 (side 12)

Dette kjem i tillegg til presiseringa i revisjonsmeldinga for 2014 der det står:
Sjølvkostutrekningane for vatn og avlaup har ikkje i seg alle relevante kostnader. Det vert vist til Askvoll kommune si eiga orientering om dette.

Desse tilhøva er rapportert til revisjonssjefen og vil bli gjenstand for ein eigen gjennomgang av rekneskapsrevisorane i 2015. Vi syner også til dei forklaringar som vart gjeve i kontrollutvalet i samband med handsaming av Årsrekneskapen 2014 for Askvoll kommune.

6.1.6 Risiki med å nytte eksternt firma

Gjennomgangen av MSK og korrespondansen mellom kommunen og Momentum Selvkost gjev eit solid inntrykk av fagleg høgt nivå. Det er likevel ein ibuande risiko for feil, når rekneskapsdata frå Agresso skal eksporterast over i eigne excel- filer, som igjen skal sendast som filvedlegg frå kommunen til Momentum Selvkost.

Vi har difor gjort nokre fullstendigheitskontrollar i MSK mot Agresso. Vi fann ikkje avvik i våre kontrollar.

Det tette samarbeidet mellom Momentum Selvkost og kommunen er også med på å redusere risiko for feil.

Det vi ikkje så langt har sett, er i kva grad dei kontrollar som vert gjort for å sikre fullstendighet mellom økonomisystemet og MSK er nedfelt som eigne rutiner.

6.2 Vurderingar og konklusjonar

6.2.1 Fordelingsnøklane

Slik vi vurderer fordelingsnøklane i MSK så er desse i samsvar med tilrådingane i H-3/14. Etter vår oppfatning er det ingen manglar eller logiske feil i modellen frå Momentum Selvkost. Det er heller ikkje overraskande, gitt det faktum at dei har over 200 kommunar som kunde på deira sjølvkostsystem.

6.2.2 Direkte driftsutgifter

Dei tenestene som er lagt inn i modellen frå Momentum Selvkost dekkjar slik vi ser det alle dei områda i kommunen som er direkte driftsutgifter.

6.2.3 Kalkulatorisk rente

Kalkulatorisk rente er, jf H-3/14, lik 5 årig swaprente tillagt ½ prosent. For 2014 er dette 2,68 %.

6.2.4 Avskrivningar

Som skildra under fakta heftar det etter vår vurdering tvil om det er korrekt sum på avskrivningane i framlagd sjølvkostrekneskap for 2014.

Det er etter vår oppfatning ikkje korrekt å nytte 20 år som avskrivingsperiode på leidningsnett når budsjett og rekneskapsforskriftene §8 uvilkårleg har sett perioden til 40 år. Denne feilen gjev resultateffekt, og aukar opp kostnadane i framlagd rekneskap med om lag 300 000 kroner.

Desse tilhøva er gjort kjend for revisjonssjefen som vil gjere eit arbeid inn mot problemstillinga for rekneskapen 2015. Denne usemja er det uansett mogleg å korrigere på seinare års sjølvkostrekneskap.

Vi syner elles til presiseringa frå rekneskapsrevisor i revisjonsmeldinga 2014, der han skriv at sjølvkostrekneskapen ikkje er fullstendig då ikkje alle relevante kostnader er medteke. I ein e-post av 17. april 2015 til Momentum Selvkost, med kopi til mellom anna revisor, vert feilen forklara. Slik vi forstår det, gjev denne feilføringa resultateffekt på sjølvkostrekneskapet. Feilen har resultert i at det er om lag 328 000 kroner for lite utgiftsført på avlaup i 2014. Denne feilen uliknar meir eller

mindre slik vi ser det effekten av for høge avskrivingskostnader på kr 300 000. Desse avvika har då utlikna kvarandre og då ikkje gjeve effekt på rekningane til abonnentane.

Til slutt vil vi syne til at det i rekneskapen er føreteke avskrivingar på ytterlegare tre prosjekt i kommunen sitt rekneskap som ikkje har vorte gjenstand for avskrivingar i MSK sitt sjølvkostrekneskap. Desse tre prosjekta har etter opplysningane vi sit med ein resultateffekt på om lag 261 000 kroner.

Slik vi forstår kommunikasjonen mellom kommunen og Momentum Selvkost vil dei påviste manglane verte korrigert i sjølvkostrekneskap 2015.

6.2.5 Konklusjon

- Det vert nytta feil tal år på avskrivingar som gjeld leidningsnett. Desse vert avskrive med 20 år, medan budsjett- og rekneskapsforskriftene § 8 seier 40 år. Feilen gjev resultateffekt på om lag kr 300 000 i for høgt vurderte utgifter i 2014. Samstundes har ei feilføring i Agresso ført til at sjølvkostrekneskapen har blitt kr 328 000 for lite utgiftsført.
- Oppsett og innhald i sjølvkostrekneskapen er elles korrekt jf H-3/14

6.2.6 Tilråding

Vi rår kommunen å endre dagens avskrivingspraksis med 20 års avskrivingsperiode på anlegg som etter budsjett- og rekneskapsforskriftene § 8 skal avskrivast over 40 år .

7 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL RAPPORTEN



Kryss revisjonen
v/ Charles Litsheim

Ikke offentlig
Innsyn i interne dokument hos kommunane og fylkesk

Vår ref.
15/746-2

Dykkar ref.

Arkiv
KT-216

Dato:
04.08.2015

Rådmannen sine kommentarar til forhels rapport om sjølvkostberekningar på VAR-sektoren

Eg viser til forvaltningsrevisjonsrapport vedkomande sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, mottake ber 16.07.15.

Oppstartsmøtet vart halde på Askvoll rådhus 15.april 2015 og var informativt når det gjaldt både innhald og gjennomføring av revisjonen. Frå kommunen møtte økonomisjef, teknisk sjef og rådmann, og det vart utveksla mykje nyttig informasjon mellom kommunen og revisor i møtet.

Konklusjonar og tilrådingar i rapporten


I konklusjonen vert det vist til to forhold;

1. Feilføring i Agresso i høve rekneskapen for 2014
2. Det vert brukt for kort avskrivingstid på leidningsnettet.

Når det gjeld pkt. 1 er det kommentert i årsmeldning og rekneskap for 2014. Feilen vert retta i rekneskapen for 2015.

I pkt. to er det vist til at kommunen har brukt for kort avskrivingstid for leidningsnettet. Askvoll kommune vil rette seg etter tilrådinga og bruke 40 års avskrivingstid på leidningsnettet frå rekneskapen for 2015.

Med helsing


Håkon Hoffheim
rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

Sentraladministrasjonen
Postboks 174
6983 Askvoll

Tlf: +47 57 73 07 00
Org.nr. NO 964 968 330 MVA

postmottak@askvoll.kommune.no
www.askvoll.kommune.no

-rom for eventyr l

Førde, den 10.08.2015



Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning

REFERANSAR

Kommunelova

Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester, H – 3/14

Revisjonsmelding for 2014

e-post korrespondanse mellom revisor og kommunen

Dokumentasjon frå Momentum Selvkost

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 021/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 15/318
---	-------------------------	-------------------------------

Tinging av overordna analyse

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Askvoll kommune frå KRYSS Revisjon.

.

Saksutgreiing:

Ein viktig del av oppstarten for nytt kontrollutval etter valet, er å starte arbeidet med overordna analyse, som er grunnlag for:

- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll

Utarbeiding av overordna analyse har vore ein del av revisor sine oppgåver dei tidlegare åra, og sekretariatet ser på det som ein naturleg arbeidsmåte også denne gongen. Vi har starta drøftingane om korleis analysen kan gjennomførast slik at det ikkje tar unødig lang tid, men samstundes blir ein god reiskap i planarbeidet.

Klipp frå [Kontrollutvalshandboka](#), side 77:

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.¹ Planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er i utgangspunktet uavhengige av kvarandre, men det kan vere ein føremon å samordne planarbeidet.²

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, må det gjennomførast ein overordna analyse av verksemda til kommunen.³ Den overordna analysen skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2015 – 2019, og planen skal vere basert på overordna analyse.

Overordna analyse har som føremål å få fram relevant informasjon om verksemda og eigarinteressene i kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og prioritere prosjekt innanfor aktuelle områder. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei gode og nyttige forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte.

SEKOM-sekretariat har dratt i gang samarbeid med Vest Kontroll sekretariat, Kommunerevisjonen i Nordfjord og KRYSS-revisjon, der ein har tinga programmet QuestBack for å bruk til spørjeundersøking i samband med overordna analyse. Det vert elles teke sikte på å bruke same mal for utarbeiding av overordna analyse i alle kommunane.

Tinging av overordna analyse vert lagt fram før valet, slik at revisjonen har høve til å innhente synspunkt/erfaringar frå noverande politikarar til utarbeiding av overordna analyse.

SEKOM-sekretariat har avklart med KRYSS Revisjon at dei vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

Kontrollutvalet vart i møte 12.5.2015 informert om arbeidet med førebuing til overordna analyse.

Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundersøking til kommunestyret og kontrollutvalet i høve overordna analyse vart referert i kommunestyret 24.6.2015, KOM-034/15.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 022/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/356
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for kontrollutvalet i Askvoll 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	B 2016
10800	Godtgjerlse folkevalde	30 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 200
11500	Opplæring, kurs/seminar	30 000
11600	Skyss- og kostgodtgjerlse	2 500
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	6 000
11959	Kontigentar	1 400
12400	Serviceavtaler	2 000
12001	Inventar og utstyr	0
	Samla drift kontrollutvalet	75 100

.

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Askvoll kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Skyss- og diettgodtgjersle

Møtegodtgjersle/ tapt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Inventar/utstyr

Kontingentar

For kontrollutvalet i Askvoll gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste, kr 1200 ulegitimert pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekket etter dokumentasjon inntil kr 1.600.
- Fast møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar er 1 % av ordførar godtgjersla dvs kr 7.354
- Møtegodtgjersle for medlemmer i kontrollutvalet er pr. møte kr 350

Konto	Tekst	B 2016	B 2015	Rekneskap 18.8.2015	Rekneskap 2014
10800	Godtgjersle folkevalde	30 000	28 000	9 461	19 681
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 200	3 000	1 003	2 086
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)				121
11500	Opplæring, kurs/seminar	30 000	20 000	7 050	6 700
11600	Skyss- og kostgodtgjersle	2 500	2 500	1 350	2 268
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	6 000		2 115	5 931
11959	Kontingentar	1 400	1 300	1 300	1 300
12400	Serviceavtaler	2 000			1 610
12001	Inventar og utstyr	0	0		
	Samla drift kontrollutvalet	75 100	54 800	22 280	39 697
13505	Kjøp av teneste frå interkommunale einingar		123 000	93 000	113 017
	Samla teneste 11051		177 800	115 280	152 713

SEKOM-sekretariat har føreslege auke i budsjettposten opplæring/kurs for 2016 med kr 10.000 sett i forhold til 2015. Vi reknar med at det vert gjennomført ei fylkessamling i januar 2016 for heile kontrollutvalet, slik som for 4 år sidan. I tillegg er det naturleg at leiar og/eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen som vert arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn 7.- 8. juni 2016.

Vi har elles sett opp budsjettmidlar på konto 11705 Refusjon av utlegg til skyss, i samsvar med forbruket i 2014, det same har vi gjort på konto 12400 serviceavtaler som gjeld lisens for nettbrett.

Det vart kjøpt nettbrett til kontrollutvalet i 2014, så vi går ut frå at desse vert brukt vidare av det nye utvalet, og at medlemene får opplæring på lik line med andre politikarar i Askvoll kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 023/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/352
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09	Vedtak: - Orientering frå administrasjonen - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
Forvaltningsrevisjon – Kontroll av sjølvkostberekningar på VA-sektoren.	18.9.2014	Sak 023/14 vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar, Kontroll av sjølvkostberekningar VA-sektoren, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon. • Formålet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VA-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene. • Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2014 for VA-sektoren og kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2015. • Leveringsfrist 1. mai 2015. 2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 5. desember 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.
	25.9.2014	Vedtak sendt til KRYSS Revisjon.
	18.11.2014	Fått prosjektplan frå KRYSS Revisjon.

	5.12.2014 9.12.2014 5.5.2015 24.5.2015	Sak 031/14 Prosjektplanen vart godkjent. Vedtak sendt til KRYSS Revisjon. E-post frå KRYSS Revisjon om forseinka levering. Sendt e-post til KRYSS Revisjon om møte i kontrollutvalet/frist
003/15 Prosjektrekneskap – Tilrettelegging funksjonshemma born prosjektnr. 2103	26.1.2015 27.1.2015 13.5.2015 24.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 1.12.2014 for prosjektnr. 2103 Tilrettelegging funksjonshemma born, og rår til at rekneskapen vert godkjent. Sendt Askvoll kommune/kommunestyret for handsaming. Sendt etterspurnad til Askvoll kommune om kortid saka vert handsama. Handsama i kommunestyret KOM-037/15
004/15 Årsmelding 2014 – Askvoll kontrollutval	26.1.2015 27.1.2015 13.5.2015 24.6.2015	Vedtak: Årsmelding 2014 frå Askvoll kontrollutvalet vert godkjent. Sendt Askvoll kommune/kommunestyret for handsaming. Sendt etterspurnad til Askvoll kommune om kortid saka vert handsama. Handsama i kommunestyret KOM-035/15
005/15 Møteplan 2015 Askvoll kontrollutval	26.1.2015 27.1.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Askvoll kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 26. januar, 12. mai, 27. august og 3. november. Bestilt møterom for resterande møter i 2015.
Fagkonferanse kontroll og tilsyn 3.-4. juni		Leiaren i kontrollutvalet påmeldt, og vil informere frå konferansen på neste møte 27. august.
011/15 Prosjektrekneskap – IKT skule	12.5.2015 13.4.2015 24.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 21.1.2014 for prosjektnr. 1840 IKT skule, og tilrår at rekneskapen vert godkjent. Sendt Askvoll kommune/kommunestyret for handsaming. Handsama i kommunestyret KOM-038/15
012/15 Uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune	12.5.2015 13.4.2015 24.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Askvoll kommune vert vedteken. Signert uttale og vedtak sendt formannskapet/kommunestyret Handsama i kommunestyret KOM-039/15
013/15 Reglement for Askvoll kontrollutval med reglement for høyring	12.5.2015 13.4.2015 24.6.2015	Vedtak: 1. Framlegg til nytt reglement for Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke. 2. Framlegg til reglement for høyringar i Askvoll kontrollutval datert 14.4.2015, vert vedteke. Sendt Askvoll kommune/kommunestyret for handsaming. Handsama i kommunestyret KOM-036/15
014/15 Finansiering av reperasjon av Stongfjorden Bedehusapell 2009/10	12.5.2015 13.5.2015	Vedtak: Kontrollutvalet meiner at formannskapet har følgd det regelverk som finst for investering i Askvoll kommune i sak 135/13. Sendt brev m/vedtak til Styret for Stongfjorden bedehusapell
015/15 Revisor sin eigen vurdering av uavhengigheit	12.5.2015 13.4.2015 24.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Askvoll kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande. Sendt som info til Askvoll kommune/kommunestyret. Referert i kommunestyret KOM-034/15
017/15 Eventuelt	12.5.2015 24.6.2015	SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon informerte om at sekretariat og revisor har starta arbeidet med førebuing til overordna analyse, og revisjonen vil føreta ei spørjeundersøking til noverande politikarar i kommunestyret og kontrollutvalet i juni 2015. Bestilling av overordna analyse vert lagt fram på neste møte 27. august. Brev med info om spørjeundersøking/overordna analyse referert i kommunestyret KOM-034/15

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 27.08.2015	Saksnr 024/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/390
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).